

Standard og dialekt i to kyrkjesokn i Bjørgvin

Ei kvalitativ sosiolingvistisk undersøking av språkleg praksis i to ulike kyrkjesokn i Bjørgvin bispedøme

Av

Ingrid Gulbrandsen Årdal



NOLISP350: Masteravhandling i nordisk språk og litteratur

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

Universitetet i Bergen

Vår 2021

Forord

Mykje kan seiast om det siste året. Det har ikkje vore beint fram å kome i mål, men kven likar lange, strake distansar uansett? Eg er glad for å ha levert til normert tid, men eg hadde ikkje klart det utan ei rekke diamantar i menneskeleg form. Dei fortener også ei skriftleg takk.

Til kvar einaste informant. Tusen hjarteleg takk for velviljen! De har stått i ein pressa koronasituasjon med mykje omstilling, men tok dykk likevel tida til å la studenten observere og stille spørsmål. Eg set stor pris på at de takka ja til å vere med på prosjektet.

Til min rettleiar, Agnete Nesse. Tusen takk for at du hjelpte meg å finne ei retning i havet at potensielle forskingsområde, då det einaste eg visste sikkert var at eg ville gjere ei sosiolingvistisk undersøking. Takk for at du presenterte meg for at dette prosjektet er mogleg å gjere, og for at du har latt meg utforme prosjektet sjølv, med god støtte og kompetanse frå deg undervegs. Dine konstruktive og engasjerte tilbakemeldingar har vore gull verdt!

Til mimmi og morfar. Eg skulle ønske de fekk lese oppgåva begge to. Linjene er ikkje mange nok til å beskrive kor takknemleg eg er for urokkeleg tru, kjærleik og varme. De blir for alltid med meg i hjartet.

Til kjernen. Mamsen, etter 18 år skulegang er du fri frå å lese gjennom alle små og store tekstar! Sjølv om eg veit du har gjort det med glede: tusen takk. Det same til deg, papsen, for at du alltid har ståltrua på meg. Oddne og Sondre: kva i alle dagar skulle eg gjort utan dykkar støtte og motiverande metaforar? Tut-tut! Takk også til Martene for at de har latt meg skravle i det uendelege om det som begynner på m og sluttar på aster. Tusen takk Miriam, for gjennomlesingar og nyttige innvendingar.

Ei takk går også til Ove Eide, for at du fekk fram det beste i meg og smitta over med ditt språkleg engasjement! Når eg seinare skal undervise, håpar eg å vere like inspirerande som deg.

Til Ole, Berit, Ruth og Guro. Takk for ei fantastisk studietid og gode venskap! Ikkje minst for alle solide latterkuler, både i og utanfor studiesamanheng. Eg ser fram til dei neste. Takk også for IT-hjelp og Word-kunnskap.

Til Maria. Du er verdt di vekt i gull! Tusen takk for handa i ryggen gjennom utfordrande periodar. Kvardagen på og utanfor salen hadde ikkje vore den same utan deg. Takk for godt venskap, frukostar i kroken, motiverande ord og 45minuttarar. Både dei effektive og mindre effektive.

Sist, men på ingen måte minst: Tusen takk, medstudentane på rom 402, for quizar og litt vel lange kaffipausar. Det har vore verdifullt å dele masteropplevinga med dykk, kanskje spesielt i ei tid som denne.

Det er eg som er ansvarleg for feil eller manglar i oppgåva.

Ingrid Gulbrandsen Årdal

Bergen, 2. juni 2021

Innhald

1: Innleiing	1
1.1 Tema og problemstilling.....	1
1.2 Kvifor studere språkleg praksis i kyrkja?.....	3
1.3 Struktur i avhandlinga.....	4
1.4 Avgrensing i prosjektet og omgrepsavklaringar.....	5
2: Bakgrunn	6
2.1 Kyrkjeorganisasjon.....	6
2.1.2 Kyrkjeorganisasjon i Bjørgvin bispedøme.....	8
2.2 Reglar og lovverk for språkbruk i kyrkja.....	8
2.2.1 Ordning for hovudgudsteneste.....	8
2.2.2 Om mållova, språklova og kirkeloven.....	9
2.3 Språkbruk i offentlegheita i Noreg.....	10
2.4 Gudstenesta og dei ulike delane av ho.....	11
3. Teori	11
3.1 Om forholdet mellom standard og dialekt i Noreg.....	12
3.1.1 Standard/dialekt-dimensjonen i Noreg og omgrepet <i>normalisering</i>	12
3.1.2 Målrørsla og innpassinga av nynorsk liturgi.....	14
3.1.3 Sandøy sin modell om språkbruk i offentlege domene.....	15
3.2 Om språk i kyrkja som fenomen.....	16
3.2.1 Kyrkjepråket.....	16
3.2.2 Det tekstlingvistiske perspektivet: gudstenesta som bygger på munnlege tekstar.....	19
3.3 Det sosiolingvistiske rammeverket for undersøkinga.....	19
3.3.1 Identitet i samband med språkleg åtferd.....	19
3.3.2 Språkleg tilpassing, registervariasjon og autentisitet.....	22
3.3.3 Sosiale nettverk og normer.....	24
4. Metode	25
4.1 Datagrunnlag.....	26
4.1.1 Forskingsdesign.....	26
4.1.2 To kjelder for innsamling av data.....	27

4.1.3 Forholdet mellom kvantitativ og kvalitativ forskning.....	28
4.1.4 Det fruktbare i å kombinere metodar	29
4.2 Val av sokn og informantar	30
4.2.1 Val av kyrkjesokn og gudstenester.....	31
4.2.2 Val av informantar til kvalitative intervju.....	32
4.3 Observasjon av gudstenester	32
4.3.1 (Deltakande) observasjon og feltnotat for undersøkinga	32
4.4 Korleis gudstenestene blei vurderte	33
4.4.1 Val av språklege variablar til undersøkinga.....	35
4.4 Intervjua.....	36
4.5 Forskarrolla, etiske vurderingar og utfordringar knytt til prosjektet	38
4.5.1 Forskarrolla:	38
4.5.2 Utfordringar og etiske vurderingar.....	38
5.0 Analyse – funn frå gudstenestene	39
5.1 Nokre relevante merknader	39
5.2 Nynorsksoknet.....	40
5.2.1 Prestane	40
5.2.2 Systematiserte funn variantar – ei oversikt	41
5.2.3 Oppsummering nynorsk	43
5.3 Bokmålsoknet.....	44
5.3.1 Prestane	44
5.3.2 Systematiserte funn variantar – ei oversikt	45
5.3.3 Oppsummering bokmål:.....	47
5.4 Fraser frå gudstenestene frå begge sokn med litt meir kontekst	47
5.5. Om salmane	51
5.6 Andre interessante funn i materialet frå gudstenestene	52
6.0 Analyse – funn frå intervju	54
6.1 Sokneprestane.....	55
6.1.1 Om identitet og rolleforståing	55
6.1.2 Om å vere bokmålsbrukar i nynorsksokn og nynorskbrukar i bokmålsokn.....	56
6.1.3 Standard/dialekt-dimensjonen og nærleik/distanse.....	58
6.1.4 Om tilpassing.....	60

6.2 Kantorane	61
6.2.1 Om målform og salmar	62
6.2.2 Om tilpassing.....	62
6.3 Kyrkjelydsleiarane.....	65
6.3.1 Om ansvarsfordeling og kva kyrkjelyden likar, forstår, ikkje likar eller ikkje forstår.....	65
6.4 Om inkluderande språkbruk	66
7.0 Drøfting	68
7.1 Skil språkbruk ved liturgi seg frå språkbruk ved preikene?.....	68
7.2 Kan formene på orda ha symbolsk verdi?	69
7.3 Finst det sosiale eller tekstlingvistiske mekanismar som spelar inn på prestane sine språklege val?	70
7.4 Har standard og dialekt ulike bruksområde i gudstenestene?	75
7.5 Kva som er kome fram av undersøkinga og vidare forskning	78
8.0 Litteraturliste	80

Liste over tabellar

Tabell 1. Sosial aksept for bruk av dialekt (kvite ruter) i varierende domene på varierende tidspunkt (frå Sandøy 2011, s. 123).

Tabell 2. Forskingsdesign for mitt prosjekt.

Tabell 3. Skjema som eg noterer i undervegs i gudstenesta.

Tabell 4. Forkortingar brukt under observasjon.

Tabell 5. Oversikt over kva variantar som skal reknast som standard.

Tabell 6. Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, NN1

Tabell 7. Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, NN2.

Tabell 8. Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, NN3.

Tabell 9. Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, BM1.

Tabell 10. Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, BM2.

Tabell 11. Døme på veksling konkret i dåpsamanheng, NN2.

1: Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Kyrkja som kommunikasjonskontekst har fleire likskapar med tilgrensande domene som teater og kringkasting. Det er allment kjent at bruken av standard og dialekt ofte diskuterast i offentlege instansar der den som pratar representerer noko meir enn seg sjølv som individ i det ho eller han skal nå ut til eit publikum. Mellom desse domena kan ein trekke parallellar til språkbruk prega av rolle og framføring, samtidig som det er fleire aspekt som skil desse tilgrensande domena frå kvarandre. Blant anna står kyrkja for eit innhald av sær eigen karakter som er knytt til eit eksistensielt felt hos dei som oppsøker den, og ein møter sjeldan kommunikasjon og språkleg åtferd av same typen andre plassar enn i gudstenesta. Bruken av standard og dialekt i gudstenestene kan knytast til nærleik/distanse-dimensjonen og til graden av autentisitet, og eg vil i denne avhandlinga diskutere blant anna korleis desse varietetane kan ha ulike bruksområde.

Historisk spelar også målrørsla og innpassinga av landsmålssalmane i kyrkja ei sentral rolle. Før sekulariseringa sette inn, hadde kyrkja ein viktig sosial og politisk funksjon i samfunnet, og den målpolitikken kyrkja følgde verka inn på kulturlivet ute på bygdene også. Målarbeidet i kyrkja gjekk for seg parallelt med arbeidet for landsmål i skulen og offentlegheita (Almenningen, 1984, s. 240). For målstrevarane i dåtida måtte landsmålet vinne innpass i kyrkjelivet dersom målreisinga nokon gong skulle kunne vinne fram, og nest etter skulen var kyrkja det viktigaste området for målreisinga, sidan kyrkja var den staden kor bygdefolket kunne møte eit normert landsmål (Almenningen, 1984, s. 248). Det er høg grad av kompleksitet knytt til omgrepet standard og dialekt, og bruken av desse talemåtane. I tillegg bygger formidlinga i gudstenestene i høg grad på skriftleg tekst og går med det inn i rekka for domene som praktiserer planlagt språkbruk. Desse aspekta er sentrale innfallsvinklar i forståinga av språkleg praksis i kyrkja.

For å utforske språkleg praksis i norske kyrkjer i dag, har eg jobba med følgande problemstilling: *I kva grad blir standard og dialekt brukt i norske gudstenester i 2020, i to ulike sokn i Vestland, og korleis kan ein forstå dette i eit sosiolingvistisk og tekstlingvistisk perspektiv?*

Eg gjekk inn i prosjektet med ein hypotese om at det er meir bruk av dialekt i preika enn i liturgi og andre delar av gudstenesta. Dette er lite kontroversielt å gå ut frå. Etter kvart som eg las meg opp på temaet, oppdaga eg at eg ville utvide prosjektet til å ta for seg meir enn bruk av standard og dialekt berre i gudstenesta. Då eg jobba med pilotiseringa av prosjektet såg eg fleire språklege mekanismar som er spennande å utforske i denne omfattande kommunikasjonskonteksten som gudstenesta er. For å svare på problemstillinga, har eg satt opp følgande forskingsspørsmål:

[1] Skil språkbruk i liturgi seg frå språkbruk i preikene?

Det er ei allmenn oppfatning at språkbruk i preikene skil seg frå språkbruk i liturgien. Det betyr ikkje at det ikkje kan finnast unntak, og er difor verdt å undersøke for å kunne styrke eller svekke ein slik hypotese.

[2] Kan formene på orda ha symbolsk verdi?

Formene på orda, som bøyingsendingar, gir oss indikasjonar på i kva grad det blir brukt standard eller dialekt i gudstenestene. Kvar desse formene oppstår og om det ligg språkleg medvit bak det eller ikkje, kan fortelje oss noko om kvifor nokre former blir føretrekte framfor andre i gitte situasjonar.

[3] Finst det sosiale eller tekstlingvistiske mekanismar som spelar inn på prestane sine språklege val?

I denne undersøkinga er ein viktig del av hensikta å kunne skaffe innsikt i kva som ligg bak prestane sine språklege val. Når eg då undersøker om og kvar det finst veksingar i gudstenestene, er det også naturleg, i ei sosiolingvistisk undersøking, å spørje kvifor og korleis dei oppstår. Innsikt frå informantane sjølve og det teoretiske rammeverket gir ei forståing av den språklege praksisen.

[4] Har standard og dialekt ulike bruksområde i gudstenestene?

Kjernen i debatten om standard og dialekt, er i høg grad knytt til korleis dei kan tene ulike formål eller inneha ulike verdivalørar. Dette gjeld også for bruk av standard kontra dialekt i kyrkjeleg samanheng. Når det oppstår bruk av både standard og dialekt i gudstenestene, som har sosiale, sjangerbaserte og formelle aspekt knytt til seg, er det gunstig å sjå etter moglege forklaringar på om det er tilfeldig korleis varietetane blir nytta i gudstenesta, eller om det ligg djupare relevans bak slike mønster.

1.2 Kvifor studere språkleg praksis i kyrkja?

Ein studie som denne er gunstig fordi ein i fagfeltet treng meir forskning på planlagt, munnleg språk. I sosiolingvistikken blir det forska på nettopp språkbruk i samanheng med identitet, men også på språkbruk som symptom på eit samfunn eller ei gruppe. Gudstenesta som kommunikasjonskontekst er interessant fordi den inneber ulike sekvensar av ulik karakter. Det får konsekvensar for språket. Utgangspunktet for den språklege praksisen i gudstenesta er mykje gjennomtenkt og planlagt, men gudstenesta inneheld språkbruk av både bunden og ubunden karakter – framført av ein prest som er både fri og ufri. Med denne studien freistar eg å gi eit tilskot til forskinga på språkbruk i offentlege domene, som er eit kjent interessefelt i sosiolingvistikken. I dette prosjektet freistar eg også å undersøke kjernen av ein arena for språkbruk som vi veit lite om. Gudstenesta er eit krondøme på ein arena der vi kan sjå kva som skjer med språket i ein setting med og utan reglar for språket. Korleis er den språklege praksisen i norske kyrkjer i dag? Vi veit at det med dialektbølga på 70-tallet blei større aksept for dialekt også i gudstenestene, og fleire språkforskarar hevdar at dialekt er på innmarsj i gudstenesta. Kva som er mest høveleg åtferd i kyrkja, er noko som blir diskutert blant fleire teologar, men også delvis lingvistar.

Likevel veit vi lite om faktisk språkleg praksis i norske kyrkjer i dag. I forskinga på språkbruk i offentlege domene i Noreg, har vi lite å vise til når det kjem til språkbruk i Den norske kyrkja, som er ein offentlig institusjon. Ei undersøking med likskapar til mitt eige prosjekt, er blitt gjort av Baumann-Larsen (1973). Studien undersøker empirisk materiale henta frå Bornholm i Danmark, der innbygarane (Baumann-Larsen si tid) prata ei austdansk dialekt, som slektar på den dansken som blei prata i Skåne før påverknaden frå svensk blei meir dominerande. Dialekta på Bornholm viker i stor grad frå den danske standardnormalen og andre danske dialekter. Baumann-Larsen (1973, s. 236) forklarar det slik at den 'tynne dialekta' på Bornholm har dei same funksjonane som standard dansk uttale, medan den lokale dialekta har komplimentære

funksjonar, og han omtalar dette som to ulike kodar. Av undersøkinga gjekk det fram tydelege mønster: 1) Bibeltekstlesingar blir gjort på standard, og salmar og bibeltekstlesingar har påverknad frå ortografiske aspekt til felles. 2) Velsigninga er sterkt ritualisert og gjort på standard (dels 'tynn dialekt', til forskjell frå den lokale dialekta). 3) Salmar skjer på koden standard (tynn dialekt). 4) Preika er ofte på dialekt.

Eg har ikkje operert med ei tredeling, men utover det finst det likskap mellom Baumann-Larsen sin studie og denne oppgåva.

1.3 Struktur i avhandlinga

Denne avhandlinga er delt inn i sju kapittel. Etter innleiingskapittelet kjem kapittel 2, som tar for seg relevant bakgrunnsinformasjon om Den norske kyrkja (heretter DNK). Der vil eg legge fram relevant informasjon om DNK som organisasjon, saman med reglar og retningslinjer for språkbruk.

Kapittel 3 inneheld det teoretiske rammeverket som dannar grunnlaget for å svare på problemstillinga for prosjektet. Rammeverket er ein kombinasjon av fleire teoretiske tilnærmingar. Sosiolingvistiske perspektiv, saman med teologiske og tekstlingvistiske perspektiv, er sentralt i ei forståing av prosjektet. Det inneber godt etablerte grunntankar i sosiolingvistikken, som forholdet mellom språk og identitet, registervariasjon, nettverk og normer, og standard/dialekt-dimensjonen. Kapittelet tar også for seg korleis målrørsla og innpassinga av nynorsk liturgi har hatt påverknad i kyrkjeleg samanheng. Eg skal også innom kyrkjespråket og dei tekstlingvistiske aspekta knytt til det.

Kapittel 4 forklarar dei metodiske aspekta knytt til studien. Her gjer eg greie for dei metodiske vala som er gjort, og korleis eg har gått fram for å samle inn materiale frå dei to ulike datakjeldene: observasjon av gudstenester og kvalitative intervju. Eg gjer også greie for val av informantar og presenterer det analytiske verktøyet eg har brukt under innsamlinga. I tillegg diskuterer eg mi eiga rolle som forskar og dei etiske betraktningane for oppgåva.

Avhandlinga har to analysekapittel. I kapittel 5 legg eg fram funn frå gudstenestene eg har observert og kommenterer desse. Her tar eg for meg funn frå begge sokna, først soknet med nynorsk som målform, så soknet med bokmål som målform. Kapittelet blir avslutta med ei oppsummering av dei ulike språklege strategiane som ligg bak den språklege heilskapen som

kyrkjelyden får høyre. I kapittel 6 legg eg fram funn frå dei kvalitative intervjua som eg har gjennomført med dei seks informantane mine: sokneprest, kantor og kyrkjelydsleiar for begge sokn. Her trekker eg fram både fellesnemnarar for informantane og det som skil deira tilnærmingar frå kvarandre.

I kapittel 7 ser eg funna frå mitt eige materiale i lys av det teoretiske rammeverket for undersøkinga. Her samanfatar eg trådane frå mitt eige materiale og det teoretiske rammeverket. Det gjer eg ved å ta for meg forskingsspørsmåla og problemstillinga som eg presenterte i delkapittel 1.1. Avslutningsvis i kapitlet freistar eg å poengtere essensen av kva som har kome fram av studien, for så å presentere mine tankar om vegen vidare, for potensiell forskning på same fenomen.

1.4 Avgrensing i prosjektet og omgrepsavklaringar

Det er mykje som hadde vore interessant å undersøke når det kjem til religiøs språkbruk, både med omsyn til mangfaldet av religionar og fleirspråkleg praksis i ulike miljø og samfunn. Difor ville det i ein større studie vore fruktbart også å gjere samanlikningar med andre kyrkje- eller trussamfunn, sett frå sosiolingvistiske og tekstlingvistiske perspektiv. På grunn av avhandlinga sitt avgrensa omfang, har eg undersøkt DNK, med ei vidare avgrensing til to ulike kyrkjesokn i Bjørgvin bispedøme, eitt med bokmål som målform og eitt med nynorsk som målform.

For å danne eit godt utgangspunkt for lesinga av denne avhandlinga, er det nokre omgrep eg vil tydeleggjere her, først som sist. Først er det fruktbart å avklare omgrepet *liturgi*. Det blir brukt på ulike måtar i ulike disiplinar og eg vil understreke korleis ordet blir brukt i denne avhandlinga. Liturgi, frå leitourgia (gresk) tyder «offentleg»- eller «folkets arbeid» og er frå gammalt av ei utbreidd nemning for religiøse seremoniar i seg sjølv (Den norske kyrkja, u.å.). Det vil seie at nokre vil ha ei slik oppfatning av omgrepet, og nokre kan forstå omgrepet som (frå gammalt av) ei nemning på ulike ansvarsområde i kyrkjeleg samanheng. I daglegtalen blir omgrepet derimot oftast brukt om dei faste ledda i gudstenesta (samling, ordet, nattverd, sending). For dei som ikkje er kjende med 'høgkyrkjelegheit'¹ kan det vere greitt å vite at dette er utgangspunktet for ein kvar lokal ordning. *Liturgi* blir altså brukt av nokre som ordninga for heile gudstenesta i seg sjølv, og av andre for visse delar av gudstenesta, og av andre igjen om tekstdøme av ein bestemt karakter som skil seg frå anna tekstlesing i gudstenesta. Når eg brukar

¹ Omgrepet «høgkyrkjelighet» er vanskeleg å oversette til eit godt nynorskord. Difor brukar eg det slik.

omgrepet i denne avhandlinga viser eg til dei delane av gudstenesta som inneheld liturgisk lesing, som til dømes truvedkjeninga, kyrie og Fader vår. Ei vidare konkretisering av min eigen bruk av omgrepet er nødvendig i analysekapittelet, og eg vil gjere greie for det der det blir aktuelt.

For det andre er det ein fordel å avklare bruken av *standard* og *dialekt*. Når eg brukar omgrepet standard vidare i avhandlinga, viser eg til skriftnær tale av målformene nynorsk og bokmål. Kva målform som gjeld, blir presisert der det er nødvendig. I dialektdefinisjonen min inkluderer eg ikkje talt bokmål og nynorsk. *Dialekt* viser i denne avhandlinga til prestane sine dialekter som i større eller mindre grad avvik frå normert skriftspråk. Difor kjem eg til å forklare grunnleggande trekk ved dei aktuelle dialektene i materialet mitt seinare i analysekapittelet. Prestane sine talemål kallar eg for dialekt, for lettare å kunne skilje mellom nynorsk standard, bokmål standard og dialekt. Sokneprestane i begge sokn har dialekter som tydeleg skil seg frå standardnormalen for dei ulike sokna. Når eg brukar omgrepet *varietet* er det for å skilje mellom primært tre ulike måtar å realisere talemåte. Det vil seie at når eg omtalar *veksling mellom varietetar*, så siktar eg til veksling mellom standard (anten bokmål eller nynorsk) og dialekt.

2: Bakgrunn

I ei undersøking som denne er det nødvendig å greie ut om reglane for språkbruk i DNK. Det er fordi ein kan kople DNK sitt rammeverk direkte til språkleg praksis, og ei forståing av retningslinjene er difor sentral i mitt prosjekt. Når eg seinare skal legge fram analysen, spelar rammeverket som prestane utfaldar seg innanfor ei rolle i seg sjølv. Difor vil eg begynne dette kapittelet med å legge fram nokre hovudtrekk angående DNK som organisasjon, meir spesifikt det som gjeld administrasjon og avgjerslemynde, då det er dette som er mest relevant for avhandlinga. Deretter vil eg gjere greie for kva reglar som gjeld språkbruk i DNK. Til slutt set eg kyrkja i samanheng med offentleg språkbruk i Noreg, før eg avslutningsvis gjer kort greie for kyrkja som kommunikasjonskontekst.

2.1 Kyrkjeorganisasjon

DNK er delt opp i elleve bispedøme, med biskop som øvste leiar. Den grunnleggande kyrkjelege forvaltningseininga er kyrkjesoknet. Kwart sokn har egne kyrkjer og tilhøyrande kyrkjelydsråd (på bokmål kjent som menighetsråd). Om eitt sokn har éi eller fleire kyrkjer, varierer frå sokn til sokn.

Kyrkjemøtet vart oppretta ved lov i 1984 og har sidan dette vore DNK sitt øvste organ: Her fattast dei lover og reglar som skal vere gjeldande for DNK i si heilheit, deriblant språk og målform for hovudgudstenesta². Eit av dei sentrale råda under Kyrkjemøtet, er Kyrkjerådet. Dei set vedtektene ut i livet. Avgjerslemynda er lagt til kyrkjelydsrådet som vedtek Lokal grunnordning og sender denne tenestevegen til biskopen. Han eller ho kan, som tilsynsmynde, krevje endringar og gi nærare rettleiing om kyrkjelyden sitt gudstenesteliv.

Kyrkjelydsleiar har administrativt ansvar og kan difor ha kjennskap til språklege rammeverk. I tillegg fungerer dei som representantar for og medlemmar av kyrkjelyden. Kantor er leiar for kyrkjelyden si musikalske verksemd, og det som er viktig her er at kantor har fullt eller delvis ansvar for val av salmar. Salmar inngår i gudstenesta saman med anna kunstnarisk aktivitet som inneber val av og utføring av språk og målform. For mange sokn vil det vere slik at prest, kantor og kyrkjelydsleiar saman avgjer dei språklege sakene og den liturgien som ikkje allereie er bestemt av Kyrkjemøtet.

I mai 2012 vedtok Stortinget endringar i grunnlova som gav DNK auka sjølvstyre. Den norske kyrkja gjekk med dette frå å vere statskyrkje til folkekyrkje, noko som inneber endringar for kyrkja av det som gjeld administrativ organisering og avgjerslemynde nasjonalt. Med andre ord skjedde det såleis eit skifte i kven som set rammeverket for språkleg praksis i kyrkjene. No er det i mindre grad departementet, og i høgare grad dei som jobbar i teologisk verksemd på dagleg basis som tar avgjerdene. Det nære forholdet mellom kyrkja og staten har altså vore normalsituasjonen inntil nyleg (med overgangen til folkekyrkja og auka sjølvstyre). Det blir ein del av vår historie og kulturarv, som kan få innverknad på språklege val i kyrkjeleg samanheng.

Det kan også vere verdt å vite at gudstenestereforma i 2011 innebar endringar av struktur og innhald av høgmissa. Ifølge reforma skal uttrykk og gjennomføring ved hovudgudstenesta ha rom til å variere og kunne tilpassast frå den eine kyrkjelyden til den andre (Balsnes, Christensen, Christoffersen, Mosdøl, 2015). Dette kan ha konsekvensar for språkleg praksis sidan sokneråda kan avgjere språklege føringar for det aktuelle soknet.

² 'Høgmissa' er i dag betre kjent som hovudgudsteneste – den ein går på om søndagane.

2.1.2 Kyrkjeorganisasjon i Bjørgvin bispedøme

Mine sokn er del av Bjørgvin bispedøme, men i to ulike kommunar. Bjørgvin bispedømeråd er eit av Noreg sine 11 bispedøme totalt, og har 10 medlemar. Sju av desse er vanlege medlemar av kyrkja, ein medlem er prest og ein er kyrkjeleg tilsett. I tillegg er biskopen fast medlem av bispedømerådet. Bispedømerådet er også Bjørgvin sine medlemar av Kyrkjemøtet. Bjørgvin omfamnar kyrkjelydane i Vestland fylke, med Bergen domkyrkje som kyrkjesete. Bjørgvin har nynorsk som målform, men sokna følger ikkje bispedømet i val av målform. Dei to sokna eg har undersøkt følger det som er majoritetsmålforma i dei aktuelle kommunane.

Det er sokneråda for kyrkjene som avgjer kva målform soknet skal bruke. Sokneråda er ikkje pålagde å følge verken skulane eller kommunen, men det er svært uvanleg at soknerådet vel ei anna målform enn det som er vanleg for den næraste skulekrinsen. Soknepresten i det nynorske soknet som utgjer halvparten av materialet for oppgåva mi, presiserte at det i så tilfelle vil vere at soknerådet til dømes avgjer at ei gudsteneste i månaden skal vere på ei anna målform enn den som er vedtatt. Sokneråda sine avgjersler utgjer altså årsaka for kvifor nynorsk sokn og bokmål sokn har dei målformene som dei har.

Det som gjeld målform i Bergen, som eitt av mine sokn høyrer til, kan seiast å vere litt spesielt. Vestland fylke har nynorsk som administrasjonsspråk, medan kommunen er nøytral. Som bruksspråk nedanfrå står nynorsk svakt i byen: Rundt 1% av skuleelevane har nynorsk som opplæringsmål, men grunna tilflytting er talet noko høgare hos den vaksne folkesetnaden: Rundt 10% vel nynorsk i skattemeldingane.

2.2 Reglar og lovverk for språkbruk i kyrkja

Her vil eg presentere dei reglane som gjeld språkbruk i kyrkja som eg ser på som mest relevant å kjenne til i forståinga av mi eiga undersøking.

2.2.1 Ordning for hovudgudsteneste

Det overordna regelverket for Den norske kyrkja si gudsteneste er «Alminnelige bestemmelser for Ordning av hovedgudstjeneste» (2019) og «Ordning for hovedgudstjeneste» (2019). Rettleiingane til gudstjenesta gir forklaringar og tilvisingar for korleis ho skal gå for seg. For å illustrere kva spørsmål som er relevante for det som gjeld språkleg praksis og språklege rammeverk for Kyrkja, vil eg leggje fram tre døme henta frå Alminnelige bestemmelser for Ordning av hovedgudstjeneste (2019):

- [1] § 30: «[...] bønner bør utformes i et inkluderende språk»
- [2] § 61: «der det er naturlig, kan andre språk brukes på enkeltledd»
- [3] § 69: «menighetsmøtet avgjør språk og målform for hovedgudstjenesten, også om det i et begrenset antall gudstjenester skal benyttes et annet språk eller en annen målform [...]»

Eg vil særleg trekke fram [1] fordi ein kan lure på kva som meinast med *inkluderande språk*. Dette er ikkje vidare utdjupa i dokumentet. Kan inkludering gjelde forma på orda, og ikkje berre orda i seg sjølve? Når det gjeld [2] kan «der det er naturlig» vise til mykje forskjellig, og ikkje minst vere av subjektiv verdi. Dette kan opne for ei individuell tilnærming til språkleg praksis, frå kyrkjelyd til kyrkjelyd og frå prest til prest. [1], [2] og [3] er dei einaste døma i denne ordninga som eksplisitt omhandlar språkbruk i kyrkja.

2.2.2 Om mållova, språklova og kirkeloven

Når det gjeld **Mållova** (§2, 1981), står det at for Den norske kyrkja, gjeld lova berre den administrative delen av verksemda:

§ 2. For statstenesta gjeld dei nærmare reglane i §§ 3 til 11 om plikt til å nytte bokmål og nynorsk.

Desse reglane gjeld likevel ikkje

- a) Stortinget, Riksrevisjonen, Stortingets ombodsmann for forvaltninga og andre organ for Stortinget,
- b) internt saksarbeid og munnleg målbruk.

I Den norske kyrkja, i undervisningsverksemd og i rettsstellet gjeld lova berre den administrative delen av verksemda (Mållova, §2, 1981).

Det er nemneverdig at presten er ein del av administrasjonen, men at gudstenesta i seg sjølv ikkje er det. Det blir såleis noko uklårt i kva grad kyrkja i praksis er bunde til mållova. Ein kan tenke seg at dette gir rom for at ulike kyrkjelydar har ulik praksis, og at presten si rolle er både fri og ufri.

Mållova blir erstatta med språklova frå og med 01.01.2022. Det kan vere relevant å ha i bakhovudet når det gjeld dette prosjektet, men i og med at det er reglane for den seinare 'gamle' mållova som har vore relevant i det eg har halde på med undersøkinga, er kjennskapet til dei

punkta som omhandlar språkbruk i mållova det viktige. Det er Kyrkjemøtet som har vedtatt at reglane for mållova skal gjelde for den administrative delen av verksemda. På bakgrunn av den nye kyrkjeordninga (som erstatta kirkeloven 01.01.2021), har departementet kome til at DNK ikkje bør vere ein del av verkeområdet for den nye språklova (Kulturdepartementet, 2019-2020, s. 98). Det vil seie at kva språklege rettesnorer for DNK som blir omtala eksplisitt i norske lovverk, kan endre seg. Det kan potensielt ha relevans for seinare undersøkingar av språkleg praksis i same domene.

Som nemnt blei kirkeloven erstatta med den nye trussamfunnslova og av kyrkjeordning for Den norske kyrkje som vart vedtatt av Kyrkjemøtet i 2019, frå og med 1. januar 2021. Under mine observasjonar i løpet av undersøkinga, er det kirkeloven som har vore gjeldande. Denne lova nemner ikkje språklege rammeverk, men det utelukkar ikkje at nye lovvedtak har innverknad på språkleg praksis i DNK. Det som er verdt å vite om den nye kyrkjeordninga er at bokmål og nynorsk skal vere likeverdige målformer og skal vere likestilte skriftspråk i kyrkjelege organ (Kirkeordning for Den norske kirke, §42, 2021).

2.3 Språkbruk i offentlegheita i Noreg

Kyrkja som kommunikasjonskontekst har fleire likskapar med tilgrensande domene som til dømes teater og kringkasting. Blant anna kan ein trekke parallellar til språkbruk prega av rolle og framføring. Likevel er det fleire aspekt som skil desse tilgrensande domena frå kvarandre. Blant desse er det at kyrkja står for eit religiøst innhald av sær eigen karakter – hovudsakleg retta mot ei spesifikk målgruppe. I tillegg er det slik at teateret, i motsetnad til kyrkja, har kommersielle aspekt som gjer språkbruken friare (Nesse, 2015; Gjefsen, u.å; Reknes, u.å). Kommunikasjonen i gudstenesta er knytt til eit eksistensielt felt hos dei som oppsøker den. Det er også eit sentralt moment at formidlinga i gudstenestene bygger på skriftleg tekst – derav det tekstlingvistiske perspektivet som eg kjem tilbake til seinare – men publikumet går ikkje i gudstenesta for å lese; dei går primært til gudsteneste for å høyre teksten og drøfte.

At gudstenesta er ein språkleg kontekst som bygger på planlagt språkbruk, i stor likskap med rikskringkasting, er noko av det som gjer det spennande å undersøke gudstenester i sosiolingvistisk samanheng. Ein kan også trekke parallellar til andre språklege kontekstar som til dømes skulen. Kyrkja har til felles med skuleverket at det styrast av delvis statlege språkreglar. Men medan ei gudsteneste vil vere likare ei teaterframsyning (i form av

formidlingsaspekt og monologisk, språkleg praksis), vil klasserommet ta sikte på å skape ein dialog mellom lærar og elev (Nesse, 2015, s. 96).

2.4 Gudstenesta og dei ulike delane av ho

For orden si skuld vil eg kort gjere greie for dei ulike delane av ei gudsteneste. Den består primært av desse ulike elementa: Salmar, bønner, liturgi, evangelietekst, preike. Salmane er musikalske innslag, bønene talar for seg sjølve, liturgi er faste bolkar av ein annan karakter enn lesing av evangelietekst, og så er det preika som bygger på tekst – men som er friare, men innanfor fastlagde rammer, fordi presten har ein utvalt tekst som utgangspunkt for preika.³

3. Teori

Teologiske refleksjonar rundt språkbruk i kyrkja finst det mange av, og det religiøse språket ein møter i kyrkja har ein særeigen karakter. I motsetnad til dei teologisk orienterte studiane, vil denne undersøkinga ta mål av seg å vere eit tilskot til utforskinga av språk i offentlege domene. Det er avgrensa i kva grad eg kan vise til tidlegare forskning på eksakte fenomen, men fleire teoretiske tilnærmingar frå tilgrensande disiplinar er viktige for mitt prosjekt. Her legg eg fram fire primære teoretiske tilnærmingar. Først om forholdet mellom standard og dialekt i Noreg, deretter om målrørsla og innpassinga av nynorsk liturgi. Så vil eg ta for meg religiøst språk som fenomen, nærare bestemt kyrkjepspråket og nokre tekstlingvistiske aspekt ved det. Til slutt legg eg fram det sosiolingvistiske rammeverket for undersøkinga. Desse bør sjåast i lys av kvarandre i ei undersøking på kyrkja som språkleg kontekst, frå ein sosiolingvistisk ståstad.

Grunnen til at eg strukturerer teorikapittelet slik, er fordi det best får fram korleis desse tilnæringsmåtene høyrer saman. Det er i all hovudsak det sosiolingvistiske rammeverket som veg tyngst i dette prosjektet. Med inndelinga meiner eg ikkje å indikere at standard/dialekt-dimensjonen og språkbruk i kyrkja, samt tekstlingvistikk, utan vidare skal skiljast frå sosiolingvistikken. Desse greinene har mange overlappende synspunkt, og kan utfylle kvarandre, noko som er grunnen til denne samanflettinga. Standard/dialekt-dimensjonen er ein viktig del av sosiolingvistisk forskning og for mitt prosjekt. Nærleik/distanse-perspektivet og språkbruk i kyrkja er lettare å gjere mening av når det først er blitt gjort greie for standard/dialekt-dimensjonen tidlegare i same kapittel.

³ Dette er ei forenkla framstilling. Teologane ville nok primært skissert oppsettet for ei gudsteneste ut frå Ordet, Samling, Nattverd, Sending, mm.

3.1 Om forholdet mellom standard og dialekt i Noreg

Standard/dialekt-dimensjonen er på mange måtar det overordna i prosjektet, og krev av naturlege årsaker ein gjennomgang. I ei undersøking med dette som utgangspunkt, kunne ein studert *språkhaldningar* knytt til dialekt og standard. Eg vil difor påpeike at det i mitt prosjekt er *språkleg variasjon og tilpassing* som har fokus, samtidig som eg har søkt ei forståing av *motivasjonen* som ligg til grunn for *språkleg tilpassing* – altså ikkje direkte haldningar til verken standard eller dialekt. Om prestane eksplisitt uttalar seg om eigne haldningar i intervju sjølve, er det likevel relevant.

3.1.1 Standard/dialekt-dimensjonen i Noreg og omgrepet *normalisering*

Eksistensen til og betydinga av eit eventuelt standardtalemål i Noreg har mana fram fleire synspunkt og påfølgande usemje blant norske språkforskarar, og er eit stort interesseområde i sosiolingvistikken. Spørsmålet dreiar seg rundt kor vidt vi har ein *mental* standard, altså ei førestilling om ei overordna norm, i kraft av talt bokmål med austnorsk uttale (sjå Jahr og Mæhlum, 2009). For å illustrere ytterpunkta i debatten vil eg trekke fram Brit Mæhlum (2009) og Helge Sandøy (2009) sine ståstader. Førstnemnde argumenterer i all hovudsak for at det finst eit operativt norsk standardtalemål, med ein klår posisjon i det mentale medvitet, medan sistnemnde argumenterer for den motsette posisjonen, altså at vi ikkje kan tale om eit operativt norsk standardtalemål i Noreg.

Mæhlum (2009, s. 13) argumenterer for at det *er* ei utbreidd førestilling blant norske språkbrukarar om at det finst eitt bestemt talemål i det norske språksamfunnet som står i særstilling samanlikna med alle andre norske talemålsvarietetar, og at denne varietetten er på toppen av det nasjonale språklege prestisjehierarkiet. Ho trekk også fram sjølve framveksten av eit standardtalemål som ein sosiopolitisk seleksjonsprosess:

Et suksessfullt standardiseringsforløp impliserer at én varietet blir «valgt» framfor alle andre varietetar – les: dialekter, og denne varietetten tilhører i utgangspunktet grupper og personer med status og prestisje i et samfunn. Dette impliserer da uvergelig at denne varietetten kommer i et hegemonisk forhold til alle andre varietetar (Mæhlum 2009, s. 9).

Ho skriv vidare at dette prestisjehierarkiet blir bekrefta gjennom ulike sosiale konvensjonar og praksisformer; hierarkiet blir over tid ein del av språkbrukarane sin habitus, i Mæhlum sin forstand eit sett disposisjonar som gjer oss tilbøyelege til både å handle og reagere på bestemte

måtar. Desse disposisjonane styrer handlingane og preferansane våre i ei bestemt retning, vel å merke utan å vere determinerande. Standardtalemålet er ifølge Mæhlum den varietetten som blir assosiert med ulike sosiale elitar: grupper eller personar med høg utdanning, status og autoritet. Eit døme på dette er presteembetet i eldre tid, der det å prate standard lenge vart sett på som det einaste rette. I dag er det derimot ei utbreidd førestilling om at det eksisterer høg grad av aksept og toleranse for dialektane (sjå td. Kulbrandstad, 2015). Frå eit slikt perspektiv kan ein gå ut frå at norske dialekter har høgare status i det norske språksamfunnet no enn før, noko som kan utfordre teorien om at standard, uansett form, åleine kan koplast til prestisje.

Sandøy (2009, s. 32) på si side er opptatt av å skilje prestisje- og standardomgrepet frå kvarandre. Dette grunngrir han med at prestisje i den historiske prosessen kan vere utgangspunktet for at ein varietet oppnår standardposisjon, men standardposisjon kan òg vere utgangspunkt for at ein varietet får auka prestisje. Med andre ord må ein ifølge Sandøy skilje desse omgrepa frå kvarandre, fordi prestisje kan gjelde som både ei *årsak til* og som *ein konsekvens* av eit standardtalemål. Det kan samanliknast med eit 'høna eller egget'-spørsmål, som Sandøy meiner ein ikkje kan avsløre utan at omgrepa er fråskilde. Eit hovudpoeng hos Sandøy er at vi har fleire standardtalemål, og at det i aukande grad er skriftvarietetane bokmål og nynorsk, og ikkje munnlege varietetar, som har slik funksjon.

Ernst Håkon Jahr (2007) stiller seg noko likt ei slik oppfatning. Han argumenterer for å bruke termen *normalisering* framfor standardtalemål. Jahr (2007, s. 95) tar til orde for at normalisering går betre overeins med dei språksosiale tilhøva i Noreg, ikkje ved at det er 'standardtalemål', men ved å vise til prosessen som bygger på ein viss skriftnormal. Poenget her er at det ikkje er eitt standardtalemål i heile landet, men heller eitt av skriftspråka saman med lokal fonologi. Ein slik term opnar opp for at denne varietetten er ein dynamisk storleik. Også Vinje (1989) og Lomheim (2013), som har markert seg sterkt for bruken av standardtalemål av høvesvis bokmål og nynorsk, erkjenner at det er ein viss grad av lokal fonologi i biletet – til dømes med omsyn til rulle- eller skarre-r, om ein har retrofleksar eller ikkje, og kva slags intonasjon ein har. Det er verdt å nemne at det ikkje ser ut til at yngre språkvitarar er så aktive i denne debatten, noko som gjer at ein kan diskutere kor vidt dette faktisk er ei problemstilling i dag eller ikkje.

3.1.2 Målrørsla og innpassinga av nynorsk liturgi

«Vi kan då ikkje be på same målet som vi bannar». Slik lyder det (for nokre) velkjente sitatet av presten og salmediktaren Anders Hovden, då han herma etter dei som var motstandarar av nynorsk i kyrkjene. Innpassinga av nynorsk liturgi i kyrkjene vekte store reaksjonar i den norske befolkninga, spesielt blant presteembetet og eliten av dåtida. Ifølge Nesse (2015, s. 96) var det med innpassinga av landsmålssalmane at gudstenesta vart bidialektal, og den første bruken av landsmål var forankra i ei moglegheit til å nå fram til folk. På same tid er det eit viktig moment at landsmål vart brukt med forsiktighet (s. 91). Innpassinga av nynorsksalmane i 1892, utforma av Elias Blix, representerer eit særtilfelle i norsk kyrkjeehistorie, fordi det er første og einaste gongen ei samling salmar – dikta og omsett av ein einskild person – er blitt autorisert til bruk i Den norske kyrkja (Bull, 2002). Og det som vekte oppsikt, var ikkje forma og innhaldet i salmane; det var målforma. Noko av det Blix-salmane stod for var eit folkeleg og ope mål som kunne føre den kristne læra rett inn i hjarta til folket (Almenningen, 1984, s. 250).

Teologen Per Halse undersøkte i si doktorgradsavhandling frå 2011 korleis nynorsken, som han også kallar for 'det norske folkespråket', fekk innpass i kyrkja. Han forklarar oppvurderinga av folkespråket i religiøse samanhengar som ein lang og omfattande prosess. Blant anna poengterer han at det 'nynorske folkespråket', som han også kallar det, kan sjåast som ein konsekvens av klassereisa, og at gjennomslaget for eit nytt kyrkjjespråk kom når folk frå allmugen fekk utdanning og posisjonar som tidlegare hadde vore reservert for ein avgrensa og sjølvrekrutterande embetsstand (Halse, 2011, s. 299). Frå eit anna perspektiv kan det tenkast at klassereisa vart gjort i det nokre begynte å prate landsmål i offisielle samanhengar. Ved til dømes Det norske teateret og NRK fekk fleire, prestane inkludert, moglegheita til å bli kjent med dette talemålet. Interessant er også bruken av omgrepet 'det nynorske folkespråket'. Eg vil kommentere at det ikkje er ei uvanleg sak at omgrepa nynorsk og dialekt omtalast om kvarandre. Noko som ikkje alltid kjem tydeleg fram, heller ikkje hos Halse, er at nynorsk – på lik linje med bokmål – er ein formell standard og ikkje dialekt. At nynorsk, som også omtalast 'landsmål', 'folkemål' og 'folkespråk', har sitt opphav i å bygge på dialektane, kan kanskje vere delar av grunnlaget til denne tendensen.

Halse (2011, s. 303) hevder også at 'nynorsk kyrkjjespråk', som han altså omtalar som 'folkespråket', kan sjåast som eit uttrykk for folkeleg frigjering. Dette heng saman med etableringa av folkehøgskulane i 1860-åra, der elevane stort sett kom frå bygdene, og der bondekulturen og folkemålet vart sett i høgsetet. Embetsveldet og prestane sitt monopol på

forvaltinga og forkynninga av den kristne læra hadde allereie blitt utfordra av den kristne lekmannsrørsla med Hans Nielsen Hauge i spissen. Slik sett kan det verke som at nynorsken var ei sentral brikke i fortsettinga av demokratiseringa, og at målet om å gjere nynorsken til eit offisielt bibel- og kyrkjespråk hadde samanheng med dette. Ein som i nyare tid har uttalt seg om nynorsken si rolle for demokratiet er Bjørn Kvalsvik Nicolaysen (2005), som tar til orde for at nynorsken er uløyselig knytt til demokratiseringsarbeidet og at drøftingar om det nynorske er komplekst. I dette ligg kommunikativ, språkleg praksis som gir grunnlag for normdanning i fellesskapen – og dermed også rettsstaten. Nicolaysen (2005, s. 144) understrekar også at i språkbruk ligg refleksjonar kring kven ein er eller vil vere, som er eit kjent interessefelt i sosiolingvistikken. Dette blir vidare diskutert i delkapittel 3.3.1. Med dette som utgangspunkt, vil eg understreke at diskusjonen om skrifter på bokmål eller nynorsk i kyrkja, vanskeleg kan skiljast frå diskusjonen om standard og dialekt i kyrkja. Snarare tvert i mot, heng dei nøye saman.

3.1.3 Sandøy sin modell om språkbruk i offentlege domene

I ein artikkel der han tar for seg språkbruk i offentlege domene i Noreg, skriv Sandøy (2011) følgande om språkbruk i kyrkja:

In church the priests normally used a standard language. However, since the 1970s the pattern has gradually changed, and priests nowadays often use the standard language for the liturgy but switch to their own dialect when preaching their sermons. Recently, some have even started using their dialect consistently throughout the church service (Sandøy, 2011, s. 122).

Dette skriv Sandøy, utan referansar som bygger opp om påstanden. Det betyr ikkje at det ikkje stemmer, men vi skal seinare sjå når eg legg fram materialet frå undersøkinga mi at det ikkje er like beint fram som det Sandøy skisserer ovanfor. Sandøy legg også fram ei tabelloversikt som syner korleis dialekt vinn terreng i dei ulike offentlege domena i Noreg:

Situation /role	Among friends	Within the family	Pupils	National politicians	Teachers*	At service points Speaking with strangers	Students	Lecturing	Strangers on the phone	Managers	Radio reports	From the pulpit	Reading the Liturgy	News reading
2010														
2000														
1980														
1950														

Tabell 1: Sosial aksept for bruk av dialekt (kvite ruter) i varierende domene på varierende tidspunkt (frå Sandøy 2011, s. 123).

Av tabellen går det fram at det er høg aksept for bruk av dialekt i liturgien i dag. Mitt eige materiale derimot, viser ikkje desse tendensane. I materialet for undersøkinga mi lev standardnormene i beste velgåande i dei liturgiske delane av gudstenesta. Det betyr ikkje at Sandøy har feil i det han skriv, men det går ikkje overeins med mine eigne funn, og det utfordrar hypotesen han legg fram. Hadde det derimot stått at det er snakk om dialekt i preika, ville dette gått overeins med mine funn. Mine presteinformantar, både i gudstenestene og i intervju, held seg i høg grad til standardnormene når dei utfører liturgien. Eg er også klar over at Sandøy her pratar om *aksept for* kontra *frekvens av* dialekt, men eg har problem med å sjå korleis ein kan prate om ei allmenn aksept for dialekt i liturgien, utan å kople det til frekvens. Eg meiner at det er langt fleire nyansar til dette enn det som går fram av Sandøy sin tabell, og det kjem eg tilbake til seinare i avhandlinga.

3.2 Om språk i kyrkja som fenomen

Det er mange ting ein kunne ha nemnt når det gjeld språk i kyrkja som fenomen. Med avgrensingane for oppgåva til grunn, vil eg her gi eit innblikk i korleis standard/dialekt-dimensjonen gjer seg gjeldande i kyrkjerommet, i tillegg til relevant kunnskap om gudstenesta som sjanger, og korleis språkleg praksis heng saman med munnleg framføring av tekst.

3.2.1 Kyrkjespråket

I delkapittel 3.2.1 tok eg for meg nokre kjernepunkt ved standard/dialekt-dimensjonen i Noreg. Her vil eg trekke fram korleis dette i høg grad gjer seg gjeldande i kyrkjeleg samanheng, der ein kan sjå det slik at diskusjonen får ein slags ekstra dimensjon. I to mindre intervju av prestar,

utført av Agnete Nesse (2015), understrekar informantane hennar korleis språkval verkar på rolleoppfatning. Her blir standardtalemålet skildra som ein slags yrkesuniform ein tar på seg på jobb, med funksjon å markere at ein trer inn i ei rolle – samtidig som dialektbruk er eit uttrykk for autentisitet. Dette illustrerer ein kompleksitet ved rolla som prest, som manifesterer seg i ulike refleksjonar om språkbruk. Til dømes ville eit Oslo-basert talemål hos ein av informantane, nettopp vere eit *unaturleg* språk: han ville prate folkeleg, og «ikkje med prestestemme» (Nesse, 2015, s. 95). Ei slik rolleforståing kjem også tydeleg fram i mitt eige materiale, i form av at prestane understrekar omfattande refleksjonar om kva som er naturleg eller unaturleg, forståeleg eller uforståeleg – som er nært knytt til omgrepet autentisitet. Denne oppfatninga er interessant fordi det kan seie oss noko om kva som blir sett som mest høveleg i dei ulike delane av gudstenesta og deira respektive formål – og kva som er gevinsten ved bruk av ulike varietetar. Det blir eit smeltepunkt for det kyrkjelege og det sosiolingvistiske.

Bruken av standard og dialekt blir debattert blant teologane sjølve, og er ein diskusjon som rommar mange aspekt. Dette kjem til uttrykk i teologen Merethe Thomasen sin artikkel frå 2008, *Gudstjenesten som speiling av det individuelle eller kollektive subjekt?*. Her får vi vidare innsikt i diskusjonen om standard og dialekt med to ulike bruksområde, eller eigenskapar. Ho skriv om 'gjenkjennelseskriteriet' i kyrkja, som bygger på at ein i større grad enn tidlegare skal kunne kjenne seg att i eigne liv. I dette ligg eit ønske om å bryte med den monolittiske gudstenestetradisjonen, og skape større grad av fleksibilitet knytt til gudstenesta – både i planlegging og gjennomføring (Thomasen, 2008, s. 524). Eit slikt kriterium er ikkje utan komplikasjonar, då det kan vere vanskeleg å avgjere om det er individet eller fellesskapet som skal kjenne seg att. Vidare påpeiker ho at språk er blant fleire temafelt som utgjer kjerneverdiane og visjonane for gudstenestelivet i Den norske kyrkja. Dette illustrerer med andre ord ei problematisering av presten si rolle i møte med ei vidareutvikling av gudstenestelivet.

Thomasen (2008, s. 530) tar til orde for at dei ordinære liturgiane ikkje representerer individet godt nok. Ho trekk då fram eit døme om ei mor som fekk venene til sonen til å tagge kista før han skulle gravleggast, då tagging og hip hop-kulturen var det mest særeigne trekket ved sonen. Dette viser ei kopling mellom uttrykk for det særeigne og individet som er høgst relevant for mitt prosjekt, sjølv om visuelle (tagging) og verbale uttrykk ikkje kan sidestillast heilt. Det subjektive blir, med ei slik forståing som utgangspunkt, eit kriterium for kva som er gyldig. Dette gjeld også språkbruken til ein som har formidlingsansvaret i ei kyrkje, der det individuelle

og kollektive subjektet møtast. Ifølge Thomasen bør det også i møtet med det heilage vere eit element av avstand – som standardnormene kan underbygge. Ho meiner at det motsette kan vere uheldig fordi ei slik utvisking av grensene mellom det profane og det heilage, vil kunne føre til forlating av ‘både mennesket og Gud’: Det heilage skal også vere delvis ugjenkjenneleg. Thomassen (2008, s. 530) viser til Lomheim og argumenterer for at grunnen til at det skal brukast standardspråk (bokmål eller nynorsk) – og ikkje dialekt – er at standardspråka representerer ei fellesramme som alle har passe avstand til. Denne tilnærminga til Lomheim blir støtta av Finn-Erik Vinje (1989). Til dette kan ein innvende at dei som pratar standardnært frå fødselen av har ein fordel, altså at denne nemnde fellesramma *ikkje* i praksis er ei fellesramme som alle har distanse til i same grad.

Med dette som utgangspunkt kan det sjå ut til at formidlarane av gudstenesta står overfor eit dilemma, då det oppstår ein konflikt mellom autentisitet hos formidlarane og ei felles ramme som publikum kan ha same avstand til. Då kan ein diskutere to koplingar opp mot kvarandre: 1) nærleik og dialekt og 2) avstand og religiøsitet. Språkleg praksis i samband med dette kan mane fram ei fordeling av språkbruk knytt til innhald av profan og ikkje-profan grunnverdi i gudstenestene. Presteinformantane i mi undersøking har ulike måtar å nærme seg dette på, og vi skal seinare sjå at det som gjeld naturleg språkbruk er ein sterk fellesnemnar for sokneprestane i begge sokn.

Noko av det som kjenneteiknar kyrkjესpråket er at det er forankra i ei kulturarv og i ei lang rekke spesielle skrifter, som av naturlege årsaker vil forme korleis det munnlege språket i gudstenestene vil høyrast ut. I tillegg er det ein form for språkbruk som er ukjent for mange som ikkje oppsøker den, og kyrkja formidlar eit religiøst innhald av særeigen karakter, der språkbruken er knytt til eit eksistensielt felt hos dei som sit i forsamlinga og mottar (og delvis deltar i) dette språket. Dette er noko av det generelle ein kan trekke fram når ein pratar om kva kyrkjესpråk eller religiøst språk er for noko. Om ein fragmenterer dette og ser nærare på kva det inneber, kan ein peike på at språket primært kjem fram via ulike moment som liturgi, preike, bønner, salmar og bibeltekstlesingar⁴. Sokneprestane eg har prata med gir tydeleg uttrykk for at dei vil variere korleis dei uttrykker seg språkleg, ut frå kor dei er i gudstenesta.

⁴ Eg tar ikkje sikte på å gå i djupna av desse ulike bolkaner i denne avhandlingen, men er innforstått at det finst mange potensielle innvendingar frå dei som kjenner det kyrkjelege fagfeltet. Det som kjem fram her, er ei forenkla framstilling, og det er heller ikkje nødvendig med ei vidare utdjuping for å oppnå formålet med mitt eige prosjekt. Sjå bakgrunnskapittelet for ei kort utgreiing om dei ulike bolkaner i ei gudsteneste.

3.2.2 Det tekstlingvistiske perspektivet: gudstenesta som bygger på munnlege tekstar

Tekstar som representant for ein gitt sjanger har sitt teoretiske grunnlag i tekstlingvistikken, og i gudstenesta har prestane ei rekke tekstar som grunnlag, noko som spelar inn på språkleg åtferd. Gudstenesta er i aller høgste grad ein spesiell sjanger, som også har nokre markante stiltrekk. Om formelle og uformelle stiltrekk skriv Svennevig (2015, s. 246) at medan det er typisk for ein uformell stil å inkludere dialektal variasjon, med rom for individuell variasjon, så inkluderer den formelle stilen i større grad standardformer og konvensjonelle fraser.

Ulike sjangerkonvensjonar har også nokre veletablerte kommunikative praksisar (Svennevig, 2015, s. 152). Om vi ser for oss gudstenesta, vil det vere slik at mange (på ulike måtar med ulike utgangspunkt) vil ha ei førestilling om korleis ei typisk gudsteneste høyrer ut. Her er det viktig å hugse på at prestetenesta sitt utdanningsforløp stadig er i endring, og har endra seg stort sidan 60-talet. Ei gudsteneste vil høyrer ut annleis ut om den er utført av ein som tok presteutdanninga på 70-talet kontra ein nyutdanna prest i dag. Svennevig (s. 109) skriv også at ei rolle er ein konvensjonell *figur* knytt til ein viss aktivitetstype. Slik sett er presterolla ei institusjonell rolle med tanke på at det er snakk om prest og kyrkjelyd, ein relasjon som på nokre punkt kan samanliknast med relasjonen mellom lærar og elev, eller skodespelar og publikum. Korleis ein opptre i denne rolla, vil absolutt spele inn på korleis den kommunikative praksisen går for seg, noko som til sjuande og sist blir individuelt for dei som trer inn i desse rollene.

3.3 Det sosiolingvistiske rammeverket for undersøkinga

I dette delkapittelet legg eg fram dei sosiolingvistiske teoriane som danner grunnlaget for ei forståing av språkleg praksis i kyrkja. Først gjer eg greie for forholdet mellom identitet og språkleg åtferd, og korleis dette heng saman med rolleforståing. Deretter legg eg fram relevant teori om språkleg tilpassing, registervariasjon og autentisitetssomgrepet. Til slutt i kapittelet gjer eg greie relevant teori om sosiale nettverk og språklege normer, og på kva måte dette gjeld i samanheng med gudstenestene.

3.3.1 Identitet i samband med språkleg åtferd

Forholdet mellom språkleg åtferd og identitet er eit sentralt interessefelt i sosiolingvistikken, og identitetsomgrepet er komplekst. Difor er det nokre sentrale trekk ved omgrepet eg vil trekke fram i samband med mi eiga undersøking.

Ei forståing av identitet som omgrep blir gjerne forankra i to ytterpunkt. På den ein enden av skalaen finn ein det essensialistiske synet på identitet; på andre enden det konstruktivistiske (Hårstad, 2010, s. 82-83). Førstnemnde representerer eit perspektiv som tilseier at identitet er noko uforanderleg, i form av at identitet er noko som er medfødd i mennesket og dermed er ein statisk størrelse – ofte skildra med den berømte kjernen i midten. Sistnemnde oppstod som ein kritikk på dette perspektivet, og representerer ei tilnærming som tilseier at identitet er flytande og dynamisk, med fleire lag og utan den faste kjernen. Den primære forskjellen mellom desse to perspektiva er altså at medan eit essensialistisk syn på identitet ber med seg tanken om at identitet er utdelt frå fødselen av, ibuande i mennesket, så ber det konstruktivistiske synet på identitet med seg tanken om at identitet formast av samspel mellom menneske og andre ytre omgjevnader. Men heller ikkje det konstruktivistiske synet passerer utan innvendingar.

«If identity is everywhere, it is nowhere» (Brukbaker & Cooper, 2000, s. 1). Slik formulerte sosiologen Rogers Brukbaker og historikaren Frederick Cooper det, då dei tok til orde for at eit konstruktivistisk syn på identitet vil vere mot si hensikt. I staden foreslår dei ein mellomposisjon der desse ytterpunkta kan møtast på midten av skalaen. Med denne forståinga til grunn, kan identitet vere både statisk og dynamisk på same tid, altså at delar av identiteten kan vere stabile over tid, medan andre delar kan forandre seg. Eit slikt syn på identitetsomgrepet ligg til grunn hos fleire forskarar i språkvitskapen. Den franske lingvisten Andrée Tabouret-Keller formulerer det slik:

Every person exploits different layers of identities, forming more or less intricate and encased networks, some parts of which are loose and prone to frequent change and replacement, others being more or less permanent throughout the life span and across social and cultural space (Tabouret-Keller, 1997, s. 316).

Denne tilnærminga er ikkje ulik den vi finn hos fleire nordiske lingvistar (Hårstad, 2010; Mæhlum, 2008), og står i stor likskap til syntesen om elveleiet, foreslått av Mæhlum (2008, s. 110). Det går ut på å visualisere identitetsomgrepet som eit elveleie: elva svingar og endrar seg nedover, men er konstant i straumen på same tid. Dette omfamnar både det ustabile og det stabile ved identitetsomgrepet. Eg stiller meg bak ei slik oppfatning i denne avhandlinga, fordi det er nært knytt til ei forståing av at eit menneske trer inn i ulike roller i ulike situasjonar, der også identitetsoppfatninga kan variere i takt med rolleforståinga for dei ulike situasjonane. Om ein då rettar fokus mot presterolla i gudstenestesituasjonen, kan språkbrukaren til dømes veksle

mellom korleis ho eller han pratar ut frå eiga oppfatning av rolle og identitet. Språk og identitet vil henge saman med kva forståing ein legg til grunn for identitetsomgrepet. Ein kan då argumentere for at val av varietet i gudstenesta er knytt til identitet- og rolleforståinga til den einskilde presten, utan at det er sjølv sagt. Her er det fleire faktorar som spelar inn, blant anna språklege rammeverk og retningslinjer, personlege oppfatningar av rolla som prest og i kva grad denne er sidestilt med individet sin personlege identitet, eller om det er den sosiale identiteten med kyrkjelyden (menigheten) som dominerer.

Mæhlum (2008, s. 108) understrekar også kontrasten mellom ein personleg identitet og ein sosial identitet, som ifølge ho står i eit gjensidig avhengig forhold. Den personlege identiteten karakteriserer såleis den delen som gjer ein identitet sær eigen, øyremerktt eitt individ, og sistnemnde karakteriserer dei eigenskapane som gjer eit individ kvalifisert til å vere medlem av og ta del i ulike fellesskap. I dette inngår også at det enkelte individ relaterer til andre menneske via språklege handlingar, og vi signaliserer ytringar og meiningsinnhald gjennom kva vi seier og måten vi seier det på (Mæhlum, 2008, s. 109). Dette er eit kjent utgangspunkt i sosiolingvistikken: Når vi tar ulike språkval, tar vi også identitetsval ut frå kven vi tar sikte på å identifisere oss med eller markere avstand til (Le Page & Tabouret-Keller, 1985; Røyneland, 2005; Skjekkeland, 2010).

Sosial identitet er nært knytt til det Svennevig (2015, s. 114) skriv om gruppeidentitet, nemleg at den kjem til uttrykk gjennom bruk av språklege og kommunikative konvensjonar som er sær eigne for det aktuelle fellesskapet. Altså kan vi gjennom språklege val plassere oss på ein gitt måte i ulike fellesskap. Dette kjem til uttrykk i Isdal (2009) si masteravhandling om skriftlege praksisnormer på Facebook, der ho fastslår at informantane tilpassar og nøytraliserer seg gjennom val av språkleg åtferd, og at det er mange faktorar som spelar inn på denne åtferda. Når informantane vel bokmål nøytraliserer dei situasjonen og går i eitt med omgjevnadene, medan dei skil seg meir ut dersom dei vel dialekt (s. 56). Erdal (2013) si masteravhandling tar for seg bruken av ulike varietetar i planlagt språkbruk, spesifikt språket brukt i dramatik. Der kom det fram at val av varietet er nært knytt til forståelegheit for lyttarane, men også det å skilje ulike karakterar frå kvarandre. Her finst fleire likskapar med mitt eige prosjekt. Blant anna er informantane mine svært opptatte av forståelegheit for språkmottakarane, altså kyrkjelyden, og det å prate dialekt kontra standard blir knytt til det å skilje mellom ulike formål med gudstenesta – liksom Erdal sine informantar knyt varietet nært opp til det å skilje ulike karakterar frå kvarandre.

3.3.2 Språkleg tilpassing, registervariasjon og autentisitet

Ein sentral teori om identitetsforming er tilpassingsteorien (Mæhlum, 2008, s. 112), som tar utgangspunkt i eit ønske om å forstå og forklare dei individuelle vekslingane språkbrukarar ofte gjer, til dømes når ein varierer talemålet avhengig av kven ein pratar med – eller i ein språkleg kontekst som gudstenesta – kven ein pratar *til*. Giles & Ogay (2007) skriv om *Communication Accomodation Theory* (CAT) som tar sikte på å forstå og forklare desse individuelle tilpassingane. Denne teorien utforskar korleis vi akkommoderer ved kommunikasjon, samt motivasjon bak og dei konsekvensane som følgjer med. Akkommodasjon er når ulike former for språkleg tilpassing skjer i praksis. Eit sentralt aspekt her er dei språklege strategiane divergens og konvergens (Giles & Ogay, 2007, s. 294), der ein kan bevege seg høvesvis frå eller til nokon med måten ein pratar på. Konvergens i denne avhandlinga kunne til dømes ha vore dersom presten, med tilflyttardialekt, legg seg tettare opp mot den lokale dialekta til kyrkjelyden sine tilhengarar. Dette har eg ingen døme på frå eige materiale, og det kan vere fleire grunnar til at det er slik. Til dømes er det ikkje uvanleg at prestar må flytte mykje for å få seg jobb, og dermed vil ende opp i eit anna geografisk område enn der dei har danna si eiga dialekt.

Noko anna som skjer nokså hyppig, er at prestane tilpassar seg språkleg i form av å prate annleis til barn enn det dei gjer til eit publikum med berre vaksne til stades. Eg ser dette som ei form for konvergens, fordi hensikta med denne tilpassinga stammar frå eit ønske om å komme tettare på mottakaren, ved å forenkle sitt eige språk. Så sjølv om presten ikkje konvergerer ved å prate den lokale dialekta til små barn som høyrer til kyrkjelyden, så konvergerer presten med å prate meir av *si eiga* dialekt (til dømes sunnmørsk) i desse gudstenestene – til skilnad frå ei taleform meir prega av standard i dei gudstenestene der det nesten berre er vaksne til stades i forsamlinga. Prestane eg prata med har ikkje kommentert dette eksplisitt, at dei sjølv brukar meir dialekt med fleire barn til stades, men som sagt viser funna frå gudstenestene som er retta mot familie med mange barn til stades i forsamlinga, at presten i vesentleg større grad enn i ei vanleg gudsteneste brukte eit språk meir prega av (si eiga) dialekt (jf. delkapittel 5.1.4).

Språkleg tilpassing i denne samanhengen omhandlar først og fremst eit avsendarspråk, formidla av presten, som skal nå ut til mottakarane. Dette kan samanliknast med språkleg praksis i skulane, der læraren heilt klart trer inn i ei lærarrolle, og mottakarane av språket er elevane. I Brita Høyland (2021) si doktorgradsavhandling, undersøker ho kva språklege praksisar lærarane i klasserommet for andrespråk nyttar i møte med elevar som har norsk som sitt

andrespråk. Der kom det fram at lærarane har ulike syn på korleis dei tilpassar seg elevane. Blant anna har lærarane ulike elevgrupper i tankane når dei underviser. I tillegg var det slik hos informantane at opplevinga av eigen språkbruk var annleis enn den faktiske språkbruken (Høyland, 2021, s. 346-347). Ein av lærarinformantane meiner sjølv at ho forenkler læringa for elevane når ho vel *enklare* ord. Høyland (2021, s. 31) ser tilpassinga som akkommodasjon mot ei språkleg norm lærarane oppfattar passar til nivået elevane er på.

Mottakarane av avsendarspråket i mitt prosjekt kan variere frå gudsteneste til gudsteneste, og prestane eg prata med i mine intervju var tydelege på at dei tenker på kven mottakarane er, og deira føresetnadar eller preferansar til språket som blir utført av presten.

Eit fenomen som heng saman med språkleg tilpassing, er *registervariasjon*. Det går ut på at ein kommunikasjonskontekst som skjer gjentatte gongar, over tid vil utvikle spesifikke språklege mønster for ein gitt kontekst – til forskjell frå språklege mønster i andre kommunikasjonskontekstar (Ferguson, 1994, s. 20). Det betyr at ein person kan ha fleire språklege register, som er i tråd med det eg i denne avhandlinga kallar veksling mellom varietetar – då eg har valt å skilje dialekt og standard frå kvarandre ved å kalle det varietetar. Sentralt for registervariasjon, er konteksten. Til dømes kan ein person ha eit register i jobbsamanheng, og eit anna i privat setting med vener, og slike register oppstår gjennom frekvent kontakt med dei ulike gruppene. Ferguson (1994, s. 16) poengterer at det vil spele inn om konteksten er formell eller uformell, til dømes om ein deltar i eit religiøst ritual, ein rettssak eller eit sportsarrangement. I ulike kontekstar kan det utvikle seg register som ligg tettare ein standardvarietet eller register som ligg tettare ein dialektvarietet. I registervariasjon ligg også det at folk pratar ulikt ut frå alder, kjønn og status hos den ein pratar til. Ein person kan altså ha fleire språklege register, som er i tråd med det eg i denne avhandlinga kallar veksling mellom varietetar.. Ei slik veksling mellom varietetar vil også innebere veksling mellom ulike variablar som er karakteristisk for den eine eller andre talemåten, men ei rekke fleire aspekt spelar inn på lingvistisk utfall (sjå td. Milroy & Margrain, 1980).

Språklege register, identitet og gruppetilhøyrse er også knytt til omgrepet *autentisitet*, som det finst fleire førestillingar om i sosiolingvistikken (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017). Nokre meiner at individet har eit språkleg basisregister som er vedkommande si ekte og autentiske verbale uttrykksform. Andre meiner at ein språkbrukar, i ein kvar samtalesituasjon, vil bruke det som opplevast som passande – og at den verbale uttrykksforma av den grunn alltid vil vere

tilgjort (Hårstad, Lohndal & Mæhlum, 2017, s. 161). Kva som er autentisk er derimot ikkje einstydig, og det moralske autentisitetssbegrepet kan problematiserast. Til dømes kan ein prate om språkleg autentisitet, i tydinga av å handle i tråd med eigen identitet, der det individuelle aspektet blir lagt størst vekt på (Hårstad & Opsahl, 2013, s. 159).

Hilde Sollid (2008, s. 89), som har undersøkt språkleg autentisitet blant brukarar av tromsømålet, tar til orde for at autentisitet i større grad er noko relasjonelt. Det inneber at kva som er autentisk, vil variere frå person til person, og at kva som er autentisk også varierer ut frå situasjonen. Sollid (2008) skriv også at det er «gode grunner til å tenke på språklig identitet som noe som konstrueres, som vi kan ha flere av, og vi velger den ene eller den andre språklige identiteten i tråd med blant anna sjanger, situasjon, samtalepartner og -tema» (s. 75). I denne avhandlinga er det relasjonelle synet på autentisitet mest gjeldande, fordi det ikkje er personane bak presterolla eg går i djupna av; det er rolla dei trer inn i som prest. Ein kjem likevel ikkje unna at det er enkeltindivid som utgjer nettopp denne rolla, og kjennskap til eventuell skilnad mellom den språklege og relasjonelle autentisiteten er difor relevant.

3.3.3 Sosiale nettverk og normer

Det er ei gjengs oppfatning i sosiolingvistikken at eit individ sin språkbruk heng saman med eins eige sosiale nettverk. Teorien om språklege nettverk blei først presentert av sosiolingvisten Lesley Milroy, og går enkelt forklart ut på at nettverket til eit individ, og kor tett det er, vil ha innverknad på individet si språklege åtferd. Også her kan ein prate om ein skala, med eit såkalla tett nettverk i eine enden, og eit laust nettverk i den andre. Milroy (1980, s. 20) forklarar det tette nettverket med at alle som inngår i nettverket kjenner kvarandre, medan det lause nettverket karakteriserast ved at éin person kjenner alle i nettverket, men dei andre kjenner ikkje kvarandre. Saman med Margrain (1980, s. 51) omtalar ho eit nettverk der personane har ulike roller overfor dei same personane for *multiplekse* nettverk, medan dersom kvar person har éi rolle overfor dei andre i nettverket, er nettverket *uniplekst*. I ein gudstenestesituasjon der individet trer inn i rolla som prest overfor tilhøyrarane av kyrkjelyden, må ein primært snakke om eit uniplekst nettverk. Det er fordi kyrkjelyden som eit nettverk vil vere prega av at presten er ein kjerne med stor innverknad, og at folka i kyrkjelyden truleg føler at dei kjenner presten betre enn presten kjenner dei.

Ulike typar nettverk kan skape språklege normer. Om ordet 'norm' skriv Endre Brunstad (2000, s. 116) at det «er ei samnemning for ulike typar vurderingsgrunnlag og retningslinjer som er

med på å rettleie eller styre sosial handling». Det betyr at ei norm kan fungere som ei rettesnor, eller eit mønster, som har innverknad på sosial handling og dermed også på språkleg åtferd. Ulike typar nettverk heng saman med språkleg åtferd, fordi det i ulike nettverk dannar seg ulike normer for språkleg praksis. I forkinga skil ein ofte mellom to ulike typar normer. Brunstad (2000, s. 117) kallar desse for 1) dei eksplisitt formulerte språknormene og 2) dei tause språknormene. Eksplisitte formulerte normer dreiar seg oftast om offisielt kodifiserte normer, til dømes i kraft av vedtak. Dei tause normene viser til haldningar, intuisjonar og forventningar om kva som er korrekt, mogleg og meiningsfull språkbruk. Det er det same som Dyvik (1993) kallar for *empiriske* eller *operative* normer, og det Sundby (1978) har kalla *internaliserte* normer.

Eg brukar termene *vedtatte* og *internaliserte* normer vidare i avhandlinga. Dette er relevant i mitt prosjekt, og spennande å utforske frå ein sosiolingvistisk innfallsvinkel, fordi språkbrukaren (presten) står midt i kryssingspunktet mellom internaliserte og vedtatte normer – gjennom heile talekonteksten (gudstenesta). Vedtatte normer blir gjerne knytte til skriftspråk (Vannebo, 1980, s. 7), medan internaliserte normer i større grad handlar om uskrivne reglar for kva som er 'rett og gale', også i munnleg språkbruk. I analysekapittelet skal vi sjå at dette blir sett på både som ein fordel og som ei ulempe for presteinformantane til dette prosjektet. Det illustrerer ei sterk kopling mellom normer, nettverk, identitets- og rolleforståing. Kva nettverk presten har i situasjonen, den sosiale gruppeidentiteten og rolleforståinga blant prestane spelar i høg grad inn på kva normer som er i sving under gudstenestene – og dermed kva som skjer med språket.

4. Metode

I dette kapittelet gjer eg greie for dei metodiske vala som er gjort i studien. Først grunnir eg valet om å kombinere to metodar: observasjon av gudstenester og kvalitative intervju. Deretter forklarar eg korleis eg har gått fram i utveljinga av kyrkjesokn, gudstenester og informantar til intervju. Deretter legg eg fram det analytiske verktøyet eg har utvikla for å vurdere språkføringa i dei observerte gudstenestene, og gjer så greie for korleis intervju blei gjennomførte. Til slutt tar eg opp mi eiga rolle som forskar og dei forskningsetiske omsyna knytt til prosjektet.

4.1 Datagrunnlag

Formålet med denne studien har vore å undersøke språkbruken i eit lite utforska felt i språkvitskapen. Den tar dermed mål av seg å vere eit tilskot til forskinga på språkbruk i offentlege domene i Noreg. Studien er konsentrert rundt kor vidt det finst veksling mellom standard og dialekt i gudstenesta, med den hensikt å få nærare innsyn i språkleg praksis i norske kyrkjer. At studien ikkje har hatt som formål å vere generaliserbar utover dei informantane som deltok, hadde mykje å seie for val av informantar. Funna som blir lagt fram seinare i avhandlinga er ikkje automatisk generaliserbare til andre kyrkjesokn, då mine funn primært er representative for dei som har deltatt i han. Til gjengjeld er funna i stand til å generere hypotesar som seinare kan undersøkast i større kvantitative studiar med eit representativt utval. Studien gjer seg med andre ord gjeldande som ein *hypotesegenererande* studie framfor ein *hypotesetestande* studie.

4.1.1 Forskingsdesign

For å lettare illustrere korleis eg har planlagt dei to ulike utvala for denne studien, vil eg legge fram forskingsdesign for prosjektet her:

Tema	Bruk av standard og dialekt i norske kyrkjer: Finst det vekslingar mellom varietetar i gudstenestene, og korleis kan ein forstå eventuelle vekslingar?
Metode	Deltakande observasjon av gudstenester og semistrukturerte, kvalitative intervju
Utval 1 (deltakande observasjon): Utval 2 (intervju):	Totalt ti hovudgudstenester, likt fordelt mellom to ulike sokn i Bjørgvin bispedøme, med kvar sine målformer. 6 kvalitative intervju: Sokneprest, kyrkjelydsleiar og kantor i det bokmålske og nynorske soknet.
Datamateriale	Ei kartlegging av språkleg praksis i dei observerte gudstenestene, samt transkripsjon av semistrukturerte intervju

Analyse	Kvalitativ analyse av materialet frå deltakande observasjon, samt kvalitativ analyse av intervjutranskripsjonane.
---------	---

Tabell 2: Forskingsdesign for mitt prosjekt.

4.1.2 To kjelder for innsamling av data

I ein studie som denne kan ein i utgangpunktet tenke seg at det er aktuelt med lydopptak, slik ein ofte gjer i sosiolingvistikken. Lydopptak som verktøy kunne ha vore gunstig i mitt prosjekt, til dømes fordi det ville ha tillate meg å høyre på opptaket fleire gongar og såleis skapa ein meir nøyaktig analyse. På bakgrunn av at eg ikkje har hatt som hensikt å føre statistiske analysar med signifikanstesting av realiserte språkdrag, valte eg å ikkje ta i bruk lydopptak. Grunnlaget for dette valet er også basert på at det ville ha blitt ein langt meir omfattande og tidkrevjande prosess, i og med at det inneber samtykke frå personane som deltek i den aktuelle gudstenesta. Eg har vurdert ei slik oversikt som for omfattande for dette prosjektet, og heller ikkje nødvendig med tanke på formålet med studien.

Eg kunne òg ha valt å belaga studien på utelukkande kvalitative intervju. Ein slik framgangsmåte kunne på fleire vis ha vore fruktbar for å innhente informasjon om og refleksjonar rundt språkbruk i kyrkja frå dei som utøver slik åtferd dagleg. Utfordringa med ei slik tilnærming er derimot at studien ville blitt avgrensa til å bygge på språkbrukarane sine eigne oppfatningar av eige språk og sjølvrapportering, noko sosiolingvistiske studiar vil gjere med varsemnd, fordi forskning viser at vi ikkje er truverdige med omsyn til å seie korleis vi sjølv pratar (sjå td. Trudgill, 1972; Labov, 1979). For å svare på problemstillinga og dei tilhøyrande forskingsspørsmåla for denne studien, meiner eg det er mest formålstenleg med ein kombinasjon av observasjon av gudstenester og kvalitative intervju. Det inneber at eg har jobba med to ulike datakjelder.

Den første datakjelda er observasjon av gudstenester. Intensjonen med dette datamaterialet var å få eit oversyn over vekslingar. For å få dette til utvikla eg ei operasjonalisering der eg registrerte språklege variablar inn i eit skjema som bidrog til å finne eventuelle mønster i veksling av varietet (standard/dialekt). Denne delen av innsamlinga gav meg som forskar moglegheita til å studere språkleg praksis. Her har meininga først og fremst vore å kunne finne ut *om* språkbrukaren (presten) vekslar og eventuelt *kvar* i kommunikasjonskonteksten

(gudstenesta) vekslingane oppstår. Dette vil opne opp for å finne eventuelle mønster eller ikkje-mønster i den intraindividuelle variasjonen.

Den andre datakjelda er kvalitative intervju. Desse brukte eg primært for å søke innsikt og forståing frå dei som er ansvarleg for språkleg praksis i kyrkjene. Dette gav meg som forskar høve til å studere språkleg praksis også *indirekte*. Dette styrkar studien ved å gi breiare innsikt i motivasjonen bak språklege val og refleksjonar rundt ein språkleg kontekst som vi veit lite om.

Ved å bruke ulike tilnærmingar i den same studien, fekk eg eit datamateriale bestående av to datakjelder som kan utfylle og sjåast i lys av kvarandre. Det er fordi eg ville å skape eit så nyansert og heilskapleg bilde som mogleg, for å svare på problemstillinga som denne studien bygger på. Med andre ord har ein slik kombinasjon av datakjelder gitt moglegheiter som ikkje hadde eksistert om eg berre såg på éi av dei isolert.

4.1.3 Forholdet mellom kvantitativ og kvalitativ forskning

I forskinga finst eit metodisk skilje mellom *kvantitative* og *kvalitative* studiar (Ryen, 2002). Typisk for kvantitative studiar vil vere at dei bygger på målbare storleikar, ofte med mange informantar for å oppnå resultat som er generaliserbare, medan ein utprega kvalitativ studie tar sikte på å oppnå djupare innsikt og forståing av individa som brukar språket og samanhengane mellom språk og individ (Akselberg & Mæhlum, 2014, s. 78). Ei slik individorientert tilnærming, ofte med få informantar, opnar ikkje opp for generaliserbare resultat. I praksis er det likevel ofte flytande overgangar mellom kva som kan kallast kvantitativ og kvalitativ metode, og det er heller ikkje uvanleg at ein i den same studien kan nytte seg av begge metodar (Akselberg & Mæhlum, 2014, s. 78), slik eg i nokon grad gjer.

Ein vidare diskusjon om dette kan ein finne hos Barbara Johnstone, som brukar omgrepa *relativt kvantitativt* og *relativt kvalitativt* (2000, s. 36). Bakgrunnen for dette er at sosiolingvistiske studiar, ifølge Johnstone, sjeldan er enten kvantitative eller kvalitative. Det som ikkje kjem fram hos Johnstone, er at tidlegare sosiolingvistisk forskning i høg grad har vore prega av kvantitative studiar (Labov, 1966; Trudgill, 1974), og også i nyare tid (td. Haugen 1998). Johnstone argumenterer vidare for at det avgjerande er om hovudvekta av studien baserer seg på meir mekaniske metodar (som teljing og snittutrekning) eller mindre mekaniske metodar (som intervju av personar om storleikar som i liten grad lar seg kvantifisere, som til dømes

haldningar). I mitt prosjekt er det først og fremst motivasjon bak og medvit om eigen språkbruk eg har undersøkt i dei kvalitative intervju, til dømes i form av språkleg tilpassing og registervariasjon.

Min studie har sterke innslag av kvalitative tilnærmingar og ber for det aller meste preg av dette. Likevel kan ein diskutere om ikkje den første datakjelda kan reknast som kvantitativ. For det første blir denne delen av innsamlinga basert på eit system som kategoriserer morfologiske variablar etter korleis dei blir realiserte, altså om variablane blir realisert på 1) skriftnær (standardnær) nynorsk, 2) skriftnær (standardnær) bokmål eller 3) dialekt. Til dømes om pronomenet *kva* blir realisert som 1) *kva*, 2) *hva*, eller 3) *ka/ke*. Dette gjer at vi kan snakke om ei form for kvantifisering eller teljing. For det andre blir denne datakjelda nytta for å danne ei *oversikt* over veksling i varietet og morfologiske variablar i talekonteksten, som er typisk i kvantitative tilnærmingar (Akselberg&Mæhlum, 2014, s. 78). Behandlinga av denne datakjelda er derimot kvalitativ, og utan intensjon om snittutrekning eller signifikanstesting. Ein kan seie at gudstenestene blir loggførte kvantitativt, men behandla kvalitativt. Intervjua, den andre datakjelda, er på si side utprega kvalitative. Med utgangspunkt i dette meiner eg det er mest rett å kalle denne studien for ein *relativt kvalitativ studie*, dersom ein skal plassere den i eit kontinuum slik Johnstone foreslår.

4.1.4 Det fruktbare i å kombinere metodar

Ei slik metodetriangulering, der ein kastar lys over same problemstilling ved hjelp av ulike data og metodar, er ikkje uvanleg i forskinga. Grønmo (2004, s. 67) argumenterer for at metodetriangulering er fruktbar av fleire grunnar. For det første kan kombinasjonar av data gi moglegheiter for å ta i bruk fleire teoretiske inngangar. For det andre kan det bidra til å styrke tilliten til både metodane og resultata i ein bestemt studie. For det tredje kan metodetriangulering danne grunnlag for fagleg nyskaping. Det er altså fleire grunnar til å vektlegge kombinasjon av metodar innanfor samfunnsvitskap og humaniora, som til dømes i sosiolingvistikken.

Innanfor same tilnærming som metodetrianguleringa, finn ein det som kallast *mixed methods theory* i forskinga. Mohammad R. Hashemi (2012) tar til orde for at ein slik metode kan vere fruktbar, men påpeiker at forskaren må sørge for at framgangsmåten passar til studien sitt formål, konteksten og forskingsspørsmåla som ligg til grunn. Vidare hevdar han at ein slik metode er eit nyttig verktøy dersom hensikta er å utforske komplekse system (s. 207). Som eg

har gjort greie for i delkapittel 3.3.3, vurderer eg gudstenesta som ein samansett kulturell kommunikasjonskontekst, der språkbrukaren blant anna står i kryssingspunktet mellom internaliserte og vedtatte språklege normer.

Ei problematisering av ein slik metode kan ein finne hos Abduh Almasly (2016), som påpeiker fleire ulemper ved tilnærminga. Døme på dette kan vere at resultatane er ikkje-konkluderande eller at studien manar fram behov for vidare forskning (s.2603). Til dette vil eg innvende at det i sosiolingvistiske undersøkingar er vanleg å ende opp med slike resultat, fordi formålet med studien ikkje nødvendigvis har vore å konkludere. Tvert i mot kan intensjonen vere, slik som i denne studien, å undersøke eit lite utforska domene og opne opp for vidare forskning på liknande språklege fenomen.

Hashemi (2012, s. 207) poengterer at det finst fleire måtar å kategorisere utforminga av mixed methods, og viser til Creswell et al. (2008, s. 67-70) som kategoriserer dei i to hovudgrupper: *samtidige* og *sekvensielle* utformingar. Desse blir vidare kategorisert i fleire undergrupper (sjå Hashemi 2012 for ei fullgod oversikt), som alle viser ulike måtar å inkorporere både kvantitative og kvalitative moment i den same studien. Her vil eg trekke fram den utforminga som eg sjølv har valt å ta i bruk. Hashemi (2012, s. 207) uttrykker det slik: «(i) 'concurrent triangulation design' (QUAN and QUAL data are collected and analyzed in parallel and interpretations are drawn based on QUAN QUAL results)». Utforminga bygger altså på at forskaren samlar inn både kvantitative og kvalitative funn parallelt og at fortolkingar blir gjort på tvers av desse. I mi undersøking har eg bevisst valt å utføre intervjuet etter at observasjonen var nesten avslutta. Det er fordi eg ville halde moglegheita open for å bruke intervjuet som ei oppfølging av det eg har registrert i gudstenestene. Det betyr ikkje at eg baserte intervjuet utelukkande på desse, noko eg kjem tilbake til i kapittel 4.4. Med desse aspekta som utgangspunkt vil eg argumentere for at ei slik metodisk tilnærming, med kombinerte datakjelder og innslag av både kvantitative – men mest kvalitative – tilnærmingar, er formålstenleg for ein utforskande studie som denne.

4.2 Val av sokn og informantar

Sosiologen Anne Ryen (2002, s. 87) poengterer at når det gjeld utval i ikkje-representative studiar, er hensikta å lage eit *varierte utval* framfor eit *representativt utval*. I kvalitative studiar som denne er det difor vanleg å oppspore dei informantane ein går ut i frå at har mest informasjon. Hensikta mi har vore å danne eit mest mogleg varierte utval, innanfor dei rammene

som ei masteravhandling tillét. Det første steget i prosessen var å ta kontakt med sokneprestane i dei to ulike sokna eg har valt ut. Når dei stilte seg positive til å vere med i prosjektet, starta prosessen med å samle inn materiale frå den første datakjelda. Sokneprestane har øvste ansvar for gudstenestene i sokna, men er ikkje åleine om å halde gudstenester i sine sokn. Dette har resultert i eit materiale der eg har vore opptatt av å få ei så jamn fordeling av gudstenester frå sokneprestane i begge sokn. Til saman observerte eg fem ulike prestar; to i bokmålsoknet og tre i nynorsksoknet. Frå soknepresten i bokmålsoknet observerte eg tre gudstenester, medan eg observerte to gudstenester frå soknepresten i nynorsk sokn. Vidare observerte eg to gudstenester frå prest nummer tre og fire, medan den femte presten har eg observert éin gong. Eg visste ikkje noko om kva dialekt desse prestane hadde før eg spurde dei om å bli med som informantar. I utgangspunktet hadde eg tenkt å observere tjue gudstenester, men dette gjekk ikkje etter planen som følge av koronapandemien. I ettertid ser eg at tjue gudstenester uansett ville ha vore vanskeleg å handtere, då eg har hatt meir enn nok materiale å ta frå.

4.2.1 Val av kyrkjesokn og gudstenester

Eg har med andre ord vore opptatt av å gjere vilkåra for dei utvalte sokna så like som mogleg slik at eg i størst mogleg grad kan samanlikne dei. Eit mål for studien var å undersøke eitt nynorsk sokn og eitt bokmål sokn i Bjørgvin bispedøme. Det er fordi eg ville finne ut om dialekta står like sterkt uansett kva som er standardspråket, eller om det finst forskjellar mellom sokna. Når det gjeld utveljinga av bokmålsokn, har det vore fleire aktuelle aktørar å inkludere i prosjektet, fordi Bjørgvin bispedøme har fleire kyrkjer med høvesvis nynorsk og bokmål som målform. Kriteriet for at det har blitt akkurat desse to sokna har vore at sokna har vedtatt høvesvis bokmål og nynorsk som sine målformer. Såleis er denne utveljinga relativt tilfeldig.

Det same gjeld for gudstenestene, der eg har følgd med på sokna sin informasjon på deira egne nettsider. I tillegg har eg hatt dialog via telefon og e-post med sokneprestane for dei utvalte sokna. Dette har gjort det mogleg for meg å få ei så jamn fordeling av gudstenester i begge sokn som mogleg. Utover dette er utveljinga tilfeldig. Difor har det også vore viktig å utarbeide ei operasjonalisering som ikkje tar høgde for dei einskilde prestane sine dialekter, då dette vil vere svært krevjande å ta stilling til. I mitt prosjekt har analyse av vekslinga mellom dialekt og standard vore viktigare enn analyse av dialektene.

4.2.2 Val av informantar til kvalitative intervju

Val av informantar til den andre datakjelda, dei kvalitative intervju, har også falle naturleg. Som det er gjort greie for i delkapittel 2.1 har sokneprest, kantor og kyrkjelydsleiar ulike ansvarsområde i kyrkjesoknet dei høyrer til. Dei relevante variablane for mitt varierte utval, har vore stillingstittel, ansvarsområde og geografisk tilhøyrslø. Det er fordi det er personane som sit med desse kunnskapane som kan gi innsikta som skal til for å svare på forskingsspørsmåla for denne studien. Kyrkjelydsleiaren er ein del av det administrative og deltek i møteverksemd, der saker av ulik karakter (potensielt saker som omhandlar språkbruk) blir tatt opp. Kantor deltek ofte i utveljing av liturgi og kan sitje på nyttig informasjon kring dette, medan soknepresten er administrativt involvert samtidig som ho eller han er språkbrukaren som utfører den faktiske språklege praksisen under gudstenesta. Det er personane i desse stillingane eg har vore interessert i å intervju i dei to ulike sokna, og som dannar grunnlaget for val av informantar til studien.

4.3 Observasjon av gudstenester

Her vil eg forklare kvifor eg har valt deltakande observasjon som metode for den første datakjelda, og korleis eg har gjort feltnotata mine. I tillegg vil eg kort forklare korleis eg har utarbeidd dei skjema og har brukt for å systematisere observasjonane.

4.3.1 (Deltakande) observasjon og feltnotat for undersøkinga

Deltakande observasjon er ein sentral metode i etnografiske undersøkingar. Ved å gå inn i undersøkinga på ein slik måte, legg ein til rette for både samhandling med forskingsdeltakarane og å observere dei samtidig. Kjelaas (2020, s. 41) understrekar at forskaren i nokre samanhengar vil delta fullt og heilt, medan ein i andre samanhengar vil vere observerande på tydeleg avstand frå dei som er aktørar. Altså kan ein med deltakande observasjon prate om ein skala frå full deltaking til rein observasjon. Kjelaas poengterer også at det er umogleg å slå fast når det er mest hensiktsmessig å tre inn i den eine eller den andre rolla. Dette vil altså i stor grad la seg avgjere av det individuelle prosjektet.

I arbeid med denne studien har det vore nødvendig for meg å vere til stades under gudstenestene. Eg har vurdert mi eiga rolla som meir observerande enn deltakande, i form av at eg ikkje deltok på same måten som dei andre personane i kyrkjerommet. Som nemnt har mitt fokus vore på feltnotata for prosjektet og eg har difor hatt andre intensjonar med mitt eige nærvær, enn dei andre personane til stades. Eg deltok til dømes ikkje på klassiske delar av

gudstenesta, som nattverd eller andre fysiske aktivitetar. Med andre ord har eg vore ein passiv deltakar, til stades for å observere og notere, men eg har vore opptatt av å gjere dette med respekt og sensitivitet. Korleis eg skulle opptre i gudstenesta blei avklart med sokneprestane på førehand, og eg opplever å ha møtt forståing for det frå dei andre som var til stades i gudstenestene. Sjølv om eg ikkje deltok i form av samhandling med aktørane i gudstenesta, vil eg understreke at ei gudsteneste – i sin natur – uansett ikkje er ein kontekst som i høg grad legg til rette for samhandling med forskingsdeltakarane. Ei viss form for samhandling kan vi prate om uansett, sidan eg har prata litt med dei fleste prestane i etterkant av gudstenestene, der det har vore naturleg.

Når det gjeld feltnotata, har eg vore innforstått med at eg ikkje har hatt kapasitet til å notere ned alle potensielt relevante moment – det har heller ikkje vore hensikta. Eg har notert så mykje som eg klarar under gudstenestene. Dette har eg gjort med blokk og penn. I etterkant av gudstenestene har eg gått gjennom mine eigne notat medan dei er friskt i minne, og ført dei inn i meir oversiktlege skjema digitalt. Det gjorde det enklare å grovsortere undervegs og sørge for ryddige notat som grunnlag i arbeid med analysen. Eg har også skrive ned alt eg tenker på i etterkant av den einskilde gudstenesta, som til dømes karakteristiske trekk ved språkbruken til presten og andre særleg interessante moment som eg vurderer som potensielt relevante for studien. Dette har eg gjort med mål om å gjere prosessen så oversiktleg som mogleg, og å ikkje 'gløyme vekk' relevante oppdagingar eller tankar som eg har gjort i dei einskilde gudstenestene.

4.4 Korleis gudstenestene blei vurderte

For å få så nøyaktige observasjonsnotat som mogleg, laga eg eit skjema for å kartlegge bruken av dialekt og standard. Meininga med skjemaet var å lage ei kategorisering over kva avvik språkbrukaren kan ha frå skriftnormalen (standarden) før eg kallar det dialekt. Eg har konsentrert skjemaet rundt kva språklege variablar som skal gjelde som skriftnær tale, både i det bokmålske og det nynorske soknet. Dette betyr at dei variablane eg registrerte i løpet av gudstenesta, blei plassert inn i eit skjema som avgjorde om det var snakk om ei skriftnær realisering på enten bokmål eller nynorsk, noko som blei avgjort ut frå kva sokn det var snakk om, då desse har to ulike målformer. Vidare betydde dette at dei språklege variablane som ikkje inngjekk i desse to skjemaa, vart rekna som variablar som blei realiserte på dialekta til den individuelle språkbrukaren. Dette skiljet mellom 1) variablar som blir realiserte skriftnært (enten nynorsk eller bokmål) og 2) variablar som blir realiserte på dialekt, er viktige i denne undersøkinga.

Her vil eg legge fram tre tabellar. Tabell 3 syner skjemaet eg har brukt for å notere i gudstenestene i mi eiga notatblokk. Denne noteringa har altså blitt overførte til det digitale skjemaet i etterkant av gudstenestene. Variablane blei ført fortløpande i egne kolonnar. Kolonnane kategoriserte variablane fortløpande, men eg hadde ingen kolonne for dialekt/standard. Den sorteringa gjorde eg i etterkant av gudstenestene. Tabell 4 syner ei oversikt over kva forkortingar eg har nytta meg av for å notere effektivt, for å kunne vise til kor i gudstenesta dei ulike trekka blir realiserte. Tabell 5 blei brukt som verktøy i analysen, for å kategorisere det eg noterte. Det er altså denne som låg til grunn då eg vurderte om trekka eller frasene skulle gjelde som dialekt eller standard.

Loggføring av registrerte variablar	
Kategori	Notat
Spørjeord / hv/kv-ord	
Pronomen	
Infinitiv	
Ending substantiv (hankjønn)	
Ending verb (presens)	
Ymse. Som til dømes: Uttale av konsonantar (hyper-uttale) Bestemmelsesord/kvantor	

Tabell 3: Skjema som eg noterer i undervegs i gudstenesta.

Forkortingar til notat under observasjon	
Hv.	hv.-ord som hva, hvor, hvorfor, hvem
Kv.	kv.-ord som kva, kor, kvifor, kven
P.	preika
B.	bøn
H.	helsing
S.	sending
OL.	opplesing
TF.	til forsamling
NV.	nattverd
FB.	forbøn

Tabell 4: Forkortingar brukt under observasjon.

Språklege variablar, standardformene		
Kategori Edit: Variabel	NN	BM
Spørjeord	kv-ord (kva, kvifor, kven)	hv-ord (hva, hvorfor, hvem)
Pronomen	eg, dykk, vi/me, ho, han	jeg, dere, vi, hun, han
Infinitiv	e-inf., a.inf.	e-inf.
Ending subst. fl. hankjønn	-ar, -ane	-er, -ene
Ending verb (presens)	finne, finn , fann, funne	finne, finner , fant, funnet

Tabell 5: Oversikt over kva variantar som skal reknast som standard.

4.4.1 Val av språklege variablar til undersøkinga

Eg hadde nokre førehandsregistrerte variablar som ofte viser forskjell. Undervegs i gudstenesta har eg oppdaga at det er andre variablar som kan vere gunstige å sjå på, desse har eg ført inn i ein ymse-kategori, som i ettertid har danna grunnlaget for ein kort presentasjon av prestane sine individuelle talemåtar. Det betyr at eg har hatt førehandsdefinerte variablar og variablar som eg har observert under arbeidet, som eg vurderte som relevante. Variablane som er valt er dei trekka som har ei norm, og som ofte har mykje variasjon på dialekt. Eg reknar det som ukontroversielt at desse trekka (nemnt i tabell 5) har typisk stor variasjon (sjå td. Skjekkeland,

2010), og er difor med i mitt materiale. Sjølv om analysen av vekslinga mellom dialekt og standard har vore viktigare enn analyse av dialektene, er det gunstig å kjenne til kva variantar som er mogleg å finne i dei ulike dialektene.

I analysekapittelet (5.2.1 og 5.3.1) kjem eg tilbake til ei skildring av dei variantane som er relevante for dialektene i mitt materiale. Eg har vore interessert i å finne ut kva former som blir brukt og korleis dei blir distribuerte. Til dømes kan ein tenke seg at i eit sokn med bokmål som målform, der prestane har dialekter frå Sunnfjord og Sunnhordland, vil ein få høyre former som *ka* og *koffår* (dialekt) og *hva* og *hvorfor* (standard). Det betyr ikkje at *kva* kan bli distribuert også i eit bokmål sokn, men det vil truleg vere mindre sannsynleg – i alle fall på regelmessig basis.

4.4 Intervjua

Intervjuet er blitt skildra som konversasjon med ei hensikt (Ryen, 2002, s. 99). Ved sidan av det heilt opne intervjuet som er typisk for etnografien, er nok det semistrukturerte intervjuet mest utbreidd. Med dette viser ein til eit halvstrukturert intervju som legg til rette for hovudspørsmål og oppfølgingsspørsmål, men utan å fastlegge i detalj korleis ein formulerer dei i samtalen eller rekkefølga av dei. Etersom graden av strukturering i forkant er avhengig av fokus, forskingsspørsmål og utvalskriterium, kan ein argumentere for ulike gradar av formalisering. Ryen poengterer også at eit argument som talar for liten eller ingen førehandsstruktur, er at faste opplegg kan blinde forskaren (Ryen, 2002, s. 97). På den andre sida understrekar ho at dersom viktige fenomen for studien ikkje er inkludert i intervjuguiden, er det fare for at det heller ikkje blir fanga opp i samtalen.

For denne studien har eg valt å nytte meg av semistrukturerte intervju, sjølv om slike skjema oftast blir kopla til *bekreftande* studiar (Ryen, 2002, s. 98). Min studie er i høgste grad *eksplorativ* – difor har eg brukt intervjuguidane som ein mal, utan intensjon om å følge dei slavisk. Målet har vore å få stilt dei same spørsmåla til kvart informantpar, men med utgangspunkt i å ha rom for tilpassing undervegs, slik at samtalanene kan utvikle seg på forskjellige måtar. Det opnar også for at eg kan tilpasse meg informanten på ein måte som gjer situasjonen så avslappa som mogleg for han eller ho. Eg har vurdert det slik at i ein studie som denne, er det betre å ha ein mal som ein kan lausrive seg frå undervegs i samtalen, framfor å potensielt gløyme viktige moment som eg sette meg inn i før intervjua. Ein slik struktur vil også hjelpe meg som forskar med å kunne styre samtalen tilbake dit eg ønsker, framfor å sitte att

med overflødig informasjon. Til dette vil eg påpeike at ein viss grad av 'overflødig informasjon' er ønskeleg i dette tilfellet, fordi det kan gi meg kunnskap som potensielt viser seg å vere relevant for studien.

Hovudsakleg er det to moment eg har ønska å få ut av intervju med prest, kantor og kyrkjelydsleiar i begge sokna. Intervju er først og fremst eit verktøy for å undersøke presten sine tankar om eigen språkbruk, og motivasjon bak språklege val i forkant av og under ei gudstenste. I andre rekke kan intervju mane fram ei breiare forståing av korleis ein kyrkjelyd arbeider med språkleg praksis. Med dette siktar eg eksempelvis til kor oppdaterte dei er på språklege rammeverk eller korleis dei stiller seg til, eller ikkje stiller seg til, retningslinjer som er vedtatte av enten Språkrådet, Kyrkjemøtet eller lokalt (i den aktuelle kyrkjelyden). I tillegg kan intervju gi meg (som forskar) kunnskap eller innsikt som eg ikkje har frå før.

Eit viktig kriterium for studien er at informantane frå begge sokna parvis får dei same spørsmåla. Det betyr at i intervju med prestane, følger eg same intervjuguide med presten i det eine soknet og presten i det andre soknet. Det same gjeld for kyrkjelydsleiar og kantor. Med andre ord har eg brukt tre ulike intervjuguidar, to gongar. Desse tre intervjuguidane er tilpassa det eg ønsker å spørje personane (med sine stillingstitlar og ansvarsområde) om. Dette kriteriet er lagt til grunn med omsyn til ønsket om å danne eit samanlikningsgrunnlag mellom dei to ulike sokna. Intervju med sokneprestane er dei som kan hjelpe meg å få innsikt i motivasjon bak språklege val, fordi eg allereie har observert dei i gudstenestene, og har difor nokre moment som er særleg relevante å trekke fram under intervju. Intervju er altså ikkje berre eit verktøy for å undersøke presten sine egne tankar om eigen språkbruk – dei er også eit verktøy for å søke kunnskap hos kantor og kyrkjelydsleiar (og sokneprest) om korleis den språklege praksisen går for seg innanfor deira ansvarsområde.

I kvalitative intervju ønsker ein å få innblikk i aktørane sine perspektiv. Grunnlaget for å velje ei kvalitativ tilnærming i denne studien kjem nettopp av eit slikt ønske om å søke innsikt ved å få tilgang til informantane sine egne refleksjonar og kunnskapar. Eg meiner at den kvalitative tilnærminga eg no har gjort greie for, er den som eignar seg best for å svare på forskingsspørsmåla eg har lagt til grunn for studien. I etterkant av intervju, har eg transkribert samtalan ortografisk, men med innslag av talemålsnære former der det har vore relevant. Slik er dei også presentert i analysen.

4.5 Forskarrolla, etiske vurderingar og utfordringar knytt til prosjektet

4.5.1 Forskarrolla:

I staden for opptak har eg nytta meg av blokk, penn og konsentrasjonsevne som verktøy. Det at eg har nytta meg av desse verktøya i observasjonen av gudstenestene, inneber også at eg er klar over meg sjølv som feilkjelde. Det er umogleg for meg å registrere alle relevante realiseringar undervegs. Eg har drive kvalitativt utval både under og etter gudstenestene. Dette er eg til gjengjeld klar over, og har hatt det i bakhovudet undervegs i arbeidet med analysen. Meg sjølv som feilkjelde er også delar av grunnlaget for at eg ikkje ser funna for denne studien som direkte generaliserbare over til andre kyrkjesokn. Eg er med andre ord innforstått med at det kunne ha kome fram andre resultat dersom eg 1) hadde hatt taleopptak av gudstenestene eller 2) dersom ein annan person hadde gjort det same som eg har gjort. Det vil seie at eg ikkje kjem unna mi eiga individuelle tilnærming som faktor for utfalla av denne studien. Når det er sagt, har eg etter beste evne forsøkt å halde meg så konsentrert som mogleg i det eg har notert frå gudstenestene, og gjort analysen med denne forståinga som bakteppe. I tillegg gjorde eg ein pilot av skjemaet som eg brukte under observasjonen i gudstenestene. Det betyr at eg søkte opp fleire digitale gudstenester og testa ut verktøyet på førehand, slik at eg kunne stille godt førebudd til gudstenestene.

4.5.2 Utfordringar og etiske vurderingar

Når det gjeld utfordringar undervegs, vil eg kort trekke fram koronapandemien. Hadde det ikkje vore for den, ville moglegheitene ha vore der for å bli ferdig med datainnsamlinga tidlegare. Det ville også vore lettare å disponere tida som går til dei ulike sekvensane av det å utføre eit slikt masterprosjekt. Planlegginga hadde vore enklare og mindre tidkrevjande, då situasjonen med korona har gitt store utfordringar for og hatt ringverknader også for det feltet eg undersøker. Avlysing av gudstenester, vikarar og mykje uvisse knytt til korona kan ha påverka prosjektet, men saman med forskingsobjekta for studien har eg arbeidd så godt eg kan ut frå dei høva eg har hatt å jobbe med. Eg vil også argumentere for at eg har nok materiale for å svare på forskingsspørsmåla som ligg til grunn for denne studien. Trass i korona har eg fått fleire ulike gudstenester frå dei aktuelle sokna, utført av fleire ulike prestar, og gjennomført kvalitative intervju – enn om litt seinare enn planlagt. Eg er taknemleg for at aktørane som deltek i studien har tatt seg tid til å bli med i prosjektet, trass mange omvendingar på eigen arbeidsplass i den tida vi har vore i.

Når det gjeld dei etiske vurderingane i prosjektet, er det mykje å ta stilling til når ein får løyve til å sitte og notere frå gudstenestene. Eg har difor forsøkt å vere så anonym som mogleg for å ikkje forstyrre situasjonen. Eg er innforstått med at det er mitt ansvar at informantane er kjent med kva det inneber å delta i prosjektet. Difor fekk alle partar utsendt eit informasjonsskriv, men også eit samtykkeskjema på førehand, og signerte dette då vi møttest ansikt til ansikt. Prosjektet er godkjent av Norsk senter for forskingsdata (NSD) og registrert i RETTE (personvern ved UiB).

5.0 Analyse – funn frå gudstenestene

I dette analysekapittelet presenterer eg funna frå gudstenestene eg har observert. Først gjer eg greie for nokre relevante merknader, før eg legg fram dei systematiserte funna av enkeltvariablar i tabellformat. Eg vil også gi ei skildring av prestane sine talemåtar. Eg presenterer først funna frå nynorsksoknet, for så å presentere funna frå bokmålsoknet. Etter det legg eg fram nokre døme på fraser frå gudstenestene med litt meir kontekst, som utfyller dei systematiserte funna. Avslutningsvis legg eg fram døme på salmebruk frå begge sokna, og rundar av med å syne fram funn som eg undervegs i prosjektet har opplevd som interessante.

5.1 Nokre relevante merknader

Om P / L / TF:

Før eg presenterer analysen, vil eg forklare nokre sentrale forkortingar. P viser til *preike*. L viser til *liturgi og lesnad*. Eg har ikkje skilt mellom liturgisk tekst og anna bibeltekst, då dette ville ha vore for krevjande. Det går fint fordi poenget er at begge deler handlar om sterkt normert tekst. Det er heller ikkje beint fram kva som meinast med liturgi som omgrep. Dette er eit omgrep som brukast av nokon om ordninga for heile gudstenesta i seg sjølv, og av andre visse delar av gudstenesta – og av andre igjen som tekstdøme. TF betyr *til forsamling*. Ei gudsteneste inneheld også forklaringar, praktisk informasjon (om td. vippsnummer, og gode dosar koronainformasjon), i tillegg til meir uformelle språklege innskot. Det er heller ikkje slik at ein alltid kan plassere språklege ytringar i enten preike eller liturgi – somme tider henvender presten seg direkte til forsamlinga, eller til dømes til foreldra til barnet som skal døypast, eller for å prate meir eller mindre spontant, direkte til forsamlinga.

5.2 Nynorsksoknet

5.2.1 Prestane

Soknepresten i dette soknet blir i dette kapittelet, og det neste, kalla for NN1. Han er soknepresten for det nynorske soknet. Dei to andre prestane for soknet blir omtala som NN2 (sunnmørsk) og NN3 (sørvestlandsk dialekt).

NN1: Sokneprest.

NN1 har ei sentral austlandsk dialekt. Kjenneteiknande trekk er: retroflekse konsonantar, hv-(v-)realisering av hv/kv-ord (*hvorfor, hva*), e-ending i infinitiv (*åpne*), -er/-ene i hankjønn fleirtal (*måter*), -er som ending for verb (*elsker, handler*), og monoftong i artikkane: *en* (ein).

NN2: Prest.

NN2 har sunnmørsk dialekt. Kjenneteiknande trekk er: *he* (har), *ditte* (dette), *koffår* (kvifor), *dåke* (dykk), *ka* (kva). Nokre gongar tydeleg fråvær av -r-ending i hankjønnsord, andre gongar med -r-ending. Typisk og også frekvent for denne presten er samandragningar som *fåkje, hekje, trukje*.

NN3: Vikarprest, pensjonist.

NN3 er vanskeleg å plassere dialektalt, sidan han hadde så få tydelege dialektale tendensar i sin talemåte under gudstenesta. Materialet frå denne presten er frå éi gudsteneste. Ein del av årsaka til at det er vanskeleg å plassere han dialektalt, er han pratar ut frå mi tolking nær nynorsk standard heile gudstenesta. Likevel ser ein i tabell 8 at det er språklege innslag som kan tolkast som dialekt, men i og med at ord som *ventetio* vel så gjerne kan vere ein gamaldags måte å realisere også ein nynorsk standardnormal på, er det ikkje lett å avgjere. Som de får sjå seinare i tabellen, er poenget at det er høg grad av standardformer hos denne presten, og han er den med desidert minst veksling. Likevel oppstod det enkelte avvik frå standardnormalen også her, og indikasjonar til dialekt er samandragninga *vetje* og o-ending i hokjønnsord (*ventetio*). I tillegg brukte han både *vi* og *me*. Han prata svært nær ein nynorsk standardnormal under heile gudstenesta. Han er den eldste presten eg har observert, og er den eg hørde som gav meg mest av den klassiske stereotypiske prestestemma.

5.2.2 Systematiserte funn variantar – ei oversikt

NN1

Språklege variablar	Variantar av dei språklege variablane og kor i gudstenesta dei skjer		
	P	L	TF
Hv-ord + kv-ord	hvor (2) (P) hver (2) hva hvem hvilken hvorfor	kvar (L) kven	hvordan
Pronomen	dere jeg (2) de (3. pers fl.t.) (2)	dykk (8) eg dykkar	
Infinitiv	være (3) åpne (3) hvile	være vera (3) bera sleppa bøya elska øydelegga gjera svara (2) seia reisa velsigna (3) sørgja høyra takka (2) venda (2)	
Ending subst. fl.t., mask.	måter murer	fingrane tenarar	kontanter
Ending av verb, presens	elsker handler (3) snakker klarer svarer begynner	elsker reinsar skjønar sit prisar (3) drikk takkar	sier

Tabell 6: Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, NN1

Kommentar tabell 6: Tabellen viser tydeleg at presten vekslar mellom ulike variantar av dei språklege variablane. Han brukar for det aller meste a-infinitiv når han normerer, noko som er eit kjennemerke for dialekta på staden. Det er ei tydeleg tilpassing til kyrkjelyden, sidan det også er mogleg med e-infinitiv i nynorsk, ein variant som er identisk med den han har i dialekta si.

NN2:

Språklege variablar	Variantar av dei språklege variablane og kor i gudstenesta dei skjer		
	P	L	TF
Hv-ord + kv-ord / spørjeord	koffår kvar (2) ka		
Pronomen	dåke (2) vi	dåke (5) dykk (6) dykkar eg (2)	dåke (10)
Infinitiv	høyre sei (>seie/seia) tenkje (3) byggje	velsigna (2) takka (2) hindra	
Ending subst. fl.t., mask.	daga pengane talentar (7) talenta	dagar (2) hendene tankar nasjonar katastrofar sakramentar utsendarar medarbeidarar måtane haldningar	
Ending av verb, presens	he (3) e (6) grete gret sitte reise rekke takkar (2) bruka (2)	he har syngja seier høyrer prisar feirar ventar tørstar	he (2) he (UD) (2) har (UD) (6) sitte legge syngje (2) søv

Tabell 7: Veksingar mellom ulike variantar av variablane, NN2.

Kommentar tabell 7:

UD i tabellen viser til delar av gudstenestematerialet frå denne presten som ikkje passa inn i verken P, L eller TF. UD siktar til utdeling av fireårsbok, som har eit anna oppsett enn dei 'vanlege' delane av gudstenesta. Det som kjem fram av tabellen er at NN2 med sunnmørsk dialekt ser ut til å ta seg større fridom til å veksle mellom variantane som er typisk for dialekt og standard. Han brukar dialektvarianten av personleg pronomen i 2. pers. fl.t. både i P, L og TF. Standardvarianten *dykk* oppstår i liturgien. Det same gjeld *har* (standard) og *he* (dialekt), sjølv om dei oppstår mindre frekevent.

NN3:

Språklege variablar	Variantar av dei språklege variablane og kor i gudstenesta dei skjer		
	P	L	TF
Hv-ord + kv-ord	korleis	kven kvar kvite	
Pronomen	vi (2) dykk (2) me (5) deira de (2)	vi (2) dykk (3)	
Infinitiv	ventetio vera (2) vere lista (2) gjera tenka velja	trøysta jubla lovprisa vitna svelta (2) råka	
Ending subst. fl.t., mask.	mennesker generasjonar sauene (2) salmene	syndene eigedomar sigeren	
Ending av verb, presens	hungrar tørstar seie e (3) er	hungrar tørstar reinsar prisar høyrrer lovar takkar	

Tabell 8: Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, NN3.

Kommentar tabell 8:

Det som kjem fram av denne tabellen er at presten pratar tilnærma utprega nynorsk standard gjennom heile gudstenesta. Om ein ser på ending av verb i presens, har NN3 brukt *e* for verbet *å vere*, tre gongar, som er det næraste ein kan kome dialektal realisering hos denne presten.

5.2.3 Oppsummering nynorsk

Før eg går vidare til funna frå gudstenestene i soknet med bokmål som målform, vil eg oppsummere i korte drag kva vi kan hente ut frå tabellane eg har lagt fram. Det vi har sett, er at NN1, NN2 og NN3 har ulike måtar å prate på i gudstenestene dei held. NN1 viser ei tydeleg tilpassing mot kyrkjelyden og den lokale dialekta på staden. NN2 brukar meir dialekt i sine gudstenester. Noko som kan ha innverknad på dette, er kven som har vore mottakarar av språket i dei aktuelle gudstenestene. NN3 pratar nærast utprega standard nynorsk gjennom heile gudstenesta, og dialektrealiseringar av dei språklege variablane førekjem så og seie ikkje. Det

betyr at kyrkjelyden får høyre resultatet av ulike språklege strategiar i den same kyrkja, alt etter kva prest som held gudstenesta, og kva som er formålet med den aktuelle gudstenesta. Dette kjem eg tilbake til i drøftinga, der eg ser desse funna i lys av innsiktene frå dei kvalitative intervjuia i undersøkinga.

5.3 Bokmålsoknet

5.3.1 Prestane

Soknepresten i dette soknet blir i dette kapittelet, og det neste, kalla for BM1. Ho er soknepresten for det soknet med bokmål som målform. Den andre presten i dette soknet blir kalla for BM2.

BM1: Sokneprest.

BM1 har bakgrunn både frå Sunnmøre og Nordfjord, men hamna med familie i Sunnhordland, noko som pregar hennar talemåte mest i dag. Kjenneteiknande trekk for dialekta hennar er: *da* (det), o-ending i hokjønnsord (*ventetio, tavlo, preiko*), a-infinitiv (*høyra, handla*), *koss* (korleis), *ken* (kven), *ditta/ditte* (dette). I tillegg har ho ein sterk tendens til å bruke typiske nynorskord som til dømes *truvedkjennning* framfor *trosbekjennelse*. Det er ikkje er direkte knytt til hennar dialekt, men illustrerer hennar eigne sterke dragning mot nynorsken, som *ho sjølv* gir uttrykk for at er ein del av hennar språklege identitet, og somme tider difor dialekt.

BM2: Prest

BM2 kjem frå Sunnfjord og har ei noko utvanna Førde-dialekt. Kjenneteiknande trekk for han si dialekt er: *vore* (vært), *eg* (jeg), *meg* (*meg*), *e* (er) *kvar* (hver), *ekje, vakje* (samandragning), *sei* (si), *dei* (dem). Denne presten fortalte meg i etterkant av ei gudsteneste, at han merkar sjølv at si eiga dialekt er blitt ganske utvanna, og at det kan ha noko med å gjere at han bur i Bergen og jobbar i ei kyrkje med bokmål som målform. Han poengterte også at dette ikkje har så mykje å seie for han, og i fleire tilfelle er det fleire bokmålformer som ligg nærast for han sin naturlege talemåte (som for øvrig blir stadig meir vanleg i dialektane i Fjordane).

5.3.2 Systematiserte funn variantar – ei oversikt

BM1

Språklege variablar	Variantar av dei språklege variablane og kor i gudstenesta dei skjer		
	P	L	TF
Hv-ord + kv-ord	koffår kass ka (4) koss (4) ken	hver (2) hvert hverandre (3)	
Pronomen	meg eg (3) me (15) dinne ditte ditta da (for <i>det</i>) (18)	meg (me:i) jeg (je:i) (4) vi dere (9) deg (de:i) (7) dem (2) de noen	dåkke me (4)
Infinitiv	seie vera (5) dela (2) synga (2) høyra (2) sova handla bruka utvida utvikla elska kalla koma (4) snakka ligga avsløra starta veta kvila oppfylla kjenna	sier (3) hilse takker	komma
Ending subst. fl.t., mask.	diskusjonane relasjonane arenaer etterfølgarar kampane tekstane galaksa		
Ending av verb, presens	e (8) er (2) høyre he sier (3) seie (2) kjem (2) henge	er e høyrrer feirer tror (3) korsfester	e

	berga (for berger/ar) let		
--	------------------------------	--	--

Tabell 9: Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, BM1.

Kommentar tabell 9:

Ut frå tabellen kan ein sjå at BM1 hyppig nyttar dialektale og nynorske former. Dei formene ho brukar frå bokmål standard kjem for det aller meste fram i liturgien, noko som også vitnar om at ho er opptatt av å følge standardnormalen i dei bolkanane som dei etter sine retningslinjer skal gjere nettopp det. I dei seinare språklege døma med litt meir kontekst, skal vi også sjå at ho somme tider tyr til dialektale variantar i tråd med standard nynorsk også i liturgien. Ho verkar ut frå tabellen å vere lojal mot sin individuelle talemåte, men ho tilpassar seg også kyrkjelyden.

BM2

Språklege variablar	Variantar av dei språklege variablane og kor i gudstenesta dei skjer		
	P	L	TF
Hv-ord + kv-ord	kvar korleis kvarandre (2)	hver hvordan	kvar
Pronomen	meg (me:i) desse (2) dere	meg (me:i) jeg (je:i) (3) deg (de:i) (4) dere (2) deira hun (2) henne	dei eg
Infinitiv	sette	være (2) vende velsigne løfte legge prise	
Ending subst. fl.t., mask.	mangler holder månada	grensene tjenere (2)	
Ending av verb, presens	kjenne e (3) kryper undrar	sier kommer	e (2)

Tabell 10: Vekslingar mellom ulike variantar av variablane, BM2.

Kommentar tabell 10:

Denne presten har nokre bokmålsformer i preika, noko som altså fell utanfor den opphavlege dialekten han har. Det kan vere fleire grunnar til dette, til dømes at dialekta er påverka av

bokmålformer sidan han bur i Bergen, og fordi han repeterer frå tekst som han nettopp har lese på bokmål.

5.3.3 Oppsummering bokmål:

Om vi har oppsummeringa frå delkapittel 5.2.3 i mente, såg vi at kyrkjelyden i nynorsksoknet fekk høyre resultatet av tre ulike og ganske tydelege språklege strategiar. Det er viktig å hugse på at *kva* gudstenester eg har observert (som nemnt tidlegare har dette vore relativt tilfeldig), speler inn på det samla materialet. Når det gjeld bokmålsoknet, har eg ikkje observert til dømes dåp under gudstenesta eller gudstenester som er spesifikt retta mot barn, og det kan absolutt tenkast at materiale frå andre gudstenester ville gitt andre resultat. Når det er sagt, kan ein sette fingeren på resultatet av ulike språklege strategiar i bokmålsoknet, av det som går fram av tabellane eg har lagt fram ovanfor. BM1 har nærast konsekvent dialektformer i preika, ikkje unormalt samanlikna med andre resultat, og i likskap med BM2. Om BM1 derimot viker frå desse, så er det nynorskformene som blir realiserte, sjølv om ho jobbar i bokmålsoknet. Eg har ikkje observert at denne presten har brukt bokmålformene under preika. BM2, derimot, brukar også bokmål standardformer i preika, og mindre dialekt elles i gudstenesta.

5.4 Fraser frå gudstenestene frå begge sokn med litt meir kontekst

Utover dei systematiserte funna som eg har lagt fram i tabellformat, har eg i tillegg samla inn materiale som kan utdjupe tabellane og enkeltvariantane i dei⁵. I dette delkapittelet legg eg fram fraser frå gudstenestene som gir meir kontekst enn realiseringar av enkeltvariantar. Desse kan bidra til ei meir nyansert framstilling av språkleg praksis for dei to sokna.

- (1) a. '**hver**⁶ enkelt av oss' (P, NN1)
- b. 'er det **jeg** selv' (P, NN1)
- c. 'han **elsker** oss' (P, NN1)
- d. '**handler** om' (P, NN1)
- e. '**hjertene** våres' (P, NN1)
- f. '**jeg vet ikke hvor** dere er ifra' (P, NN1)

⁵ Døma som blir lagt fram, er utdrag frå materialet. Sjå vedlegg 1 for fleire døme.

⁶ Akkurat hos denne presten har eg valt å utheve enkeltord med tjukkk skrift, for å vise tydeleg dei identiske orda med ulike former.

- (2)
- a. 'kvar og ein' (L, NN1)
 - b. 'eg trur på den heilage ande' (L, NN1)
 - c. 'elskar oss' (L, NN1)
 - d. 'skjønar du ikkje' (L, NN1)
 - e. 'hjarta mitt' (L, NN1)
 - f. 'eg veit ikkje kvar' (L, NN1)

Kommentar:

Denne passasjen har eg blitt gjort merksam på at er nesten identisk med bibelteksten (Jesaja 49), og då skulle ein i utgangspunktet vente nynorsk frå denne presten, som har eit tydeleg mønster av nynorskformer i L, men dialektformer i P. Her er det altså ikkje nynorskformer som blir brukt, men dialekt. Døma viser at bibelsitatet er bakt inn i preika, og det kan sjå ut til at det verkar framand for presten å veksle over til nynorsk; tekstar som i tekstlesing ville ha vore på nynorsk, er i parafraseringane i preika på dialekt (desse må jo i varierende grad forholde seg til søndagens tekst).

- (3)
- a. 'lat oss høyre herrens ord' (L, NN2)
 - b. 'lat oss vende oss til gud i bøn' (L, NN2)
 - c. 'herren vere med dykk' (L, NN2)
 - d. 'nåde vere med dåke' (L, NN2)
 - e. 'då reise vi oss' (L, NN2)
 - f. 'guds fred vere med dykk' (L, NN2)
- (4)
- a. 'ditte minne oss om' (P, NN2)
 - b. 'ho sørgde og gret i fire daga' (P, NN2)
 - c. 'ho grete' (P, NN2)
 - d. 'Jesus sitte sammen med disiplane sine' (P, NN2)
 - e. 'koffår kom ikkje Jesus før' (P, NN2)
 - f. 'ser dåke han rekke opp fingeren der?' (P, NN2)

Kommentar:

Ved å sjå på døma (3)c-d, legg ein merke til at presten har brukt både varianten *dykk* og *dåke* i ein type setning som er gjennomgåande for heile materialet. Det er typisk inngang til dei

liturgiske bolkane i gudstenesta, der presten i store delar av materialet (utan at dette er presentert kvar gong i td. tabellane ovanfor) brukar *dykk*-varianten av dette pronomenet i 2. pers. fl.t. Døma (3)c-d viser tilfelle av at presten har brukt både nynorskvarianten (c) og dialektvarianten (d). Døme (4)f viser at presten stiller eit spørsmål på si eiga dialekt, direkte retta mot barna som skulle få 4-årsbok denne gudstenesta.

- (5) a. 'kven er dei og kvar kjem dei frå' (L, NN3)
b. 'herren vere med dykk' (L, NN3)
c. 'dei skal vi trøysta' (L, NN3)
d. 'eigedomar som ligg aude' (L, NN3)
e. 'ikkje høyre på mi røyst' (L, NN3)
f. 'vi lovar og takkar deg' (L, NN3)
- (6) a. 'korleis skal eg då veta vegen' (P, NN3)
b. 'det må jo vera' (P, NN3)
c. 'det kunne vore mykje lengre lista' (P, NN3)
d. 'dei som hungrar og tørstar etter rettferd' (P, NN3)
e. 'det e slik himmelrike e no' (P, NN3)
f. 'eg vetje om de bruka det ordet' (P, NN3)

Kommentar:

Døme (5)a-f viser tydeleg at NN3 brukar standardformene under dei delane av gudstenesta som inneber lesing av sterkt normert tekst. Døme (6)a-d bekreftar det som kom fram av tabell 8, som var at presten i høg grad nyttar seg av dei nynorske standardformene. Døme (6)e-f viser oss at det finst unntak også for han, sidan han her brukar *vetje* (veit ikkje) og *e* (er). NN3 har realiserer også i høg grad -r-endingar i fleirtalsformer, men har altså unntak frå dette i preika. Etter det eg observerte frå denne presten, var det ikkje språklege realiseringar av same typen i dei andre delane av gudstenesta.

- (7) a. 'nåde være med dere' (L, BM1)
 b. 'da skal dere snart bli satt fri' (L, BM1)
 c. 'guds ord sier' (L, BM1)
 d. 'la oss reisa oss og bekjenna den heilage tru' (L, BM1)
 e. 'la oss prise hverandre med et tegn på fred' (L, BM1)
 f. 'la oss i stillhet legge frem' (L, BM1)
- (8) a. 'da seie Jesus ikkje noko om' (P, BM1)
 b. 'me kan òg snakka om' (P, BM1)
 c. 'vi blir ståande' (TF, BM1)
 d. 'dar ligge da eit fellesskap' (P, BM1)
 e. 'i ditte heilage rommet' (P, BM1)
 f. 'me då må gjera e å tenna adventskransen' (TF, BM1)

Kommentar:

Det som døme (7)a-f og (8)a-f viser oss heilt overordna er at BM1, soknepresten i bokmålsoknet, i likskap med dei fleste prestane brukar meir dialekt i preika enn i liturgi og tekstlesing. Eg vil trekke fram døme (7)d, fordi det viser eit tilfelle av at presten brukar standardformene i ei frase som skulle ha vore på bokmål dersom ein skulle halde seg til dei retningslinjene som soknet har vedtatt. BM1 er sjølv klar over at ho, som ho seier sjølv: «glepp» litt, i enkelte delar av gudstenesta. I dette tilfellet, som kjem frå den delen av gudstenesta som kallast truvedkjeninga, kan det ha med å gjere at ho nettopp har lese opp tekst som er skrive på nynorsk eller også hennar eiga dialekt, sidan preika kjem før truvedkjeninga i gudstenesta. Døme (7)d blir altså gjort med nynorsk vri.

- (9) a. 'jeg tror på den hellige ånd' (L, BM2)
 b. 'om fellesskap over grensene, ber vi til deg (de:i) gud' (L, BM2)
 c. 'han begynte da med å si' (L, BM2)
 d. 'slik lyder det hellige evangeliet' (L, BM2)
 e. 'jeg tror på den hellige ånd' (L, BM2)
 f. 'i stillhet vil vi nå legge frem for deg (de:i) gud' (L, BM2)

- (10) a. 'kvar einaste første søndag i advent' (TF, BM2)
b. 'i ein kvar synagoge og kirke i verden' (TF, BM2)
c. 'vi lar andre bestemme våre meininger og val' (P, BM2)
d. 'det han var kommet til jord for å gjøre' (P, BM2)
e. 'då berre køyre eg på, e de høgt?' (TF, BM2)
f. 'la oss bli rikare der vi e fattige' (P, BM2)

Kommentar:

Døme (9)a-f og (10)a-f er med på underbygge det som kom fram av tabell 10 (delkapittel 5.3.2), altså at BM2 brukar bokmålsformer i preika sjølv om han har ei dialekt som opphavleg ligg tettare ein nynorsk skriftnormal. Døme (10)d illustrerer dette godt, medan døme (10)e-f viser at han også er lojal til si eiga dialekt. Døme (9)a-f viser at han er konsekvent på å presentere L-delane av gudstenesta med standardformer.

5.5. Om salmane

Som nemnt tidlegare er salmane dei delane av gudstenesta der begge sokn er frie til å overskride målform slik dei vil. Eg vil minne om at bokmålsoknet har sokneprest med nynorsk som si opphavlege målform, og nynorsksoknet har sokneprest med bokmål som si opphavlege målform. Som gjort greie for tidlegare, driv kantor den musikalske drifta i kyrkja. Det som er nytt for meg, og som informantane mine har lært meg, er at det ikkje er kantor åleine som står for denne utveljinga. Det vil seie at det kan variere frå sokn til sokn i kva grad kantor og prest samarbeider eller ikkje om val av salmar. Eg vil her legge fram nokre døme som illustrerer korleis salmane blir brukte og kva målformer som opptre kvar. Korleis utveljingsprosessen går for seg, blir vidare diskutert med intervjuarane i delkapittel 6.2.1.

Felles for begge sokna er at det blir brukt salmar på både nynorsk og bokmål. Det inneber at dei som er til stades i forsamlinga, får høyre og må synge med på ei målform dei er godt kjente med, og ei målform dei er mindre kjente med. Ut frå mitt materiale i den tidsperioden eg har undersøkt sokna, er det samla sett slik at **bokmålsoknet** brukar fleire bokmålsalmar enn nynorsksalmar, då eg har færre døme på nynorsksalmar enn bokmålsalmar i soknet med bokmål som målform. Døme på salmar brukt på bokmål er: «Jeg løfter opp til Gud», «Tenn lys», «Blomstre som en rosengård», «Dette er dagen», «Min sjel lov Herren», «Jesus, livets sol og glede», «Nå la oss takke Gud» og «Lovsangen toner». Døme på at kyrkjelyden også tar i bruk nynorsksalmar, finn vi i Blix-salmen «Opp, gledest alle, gledest no». Den vart brukt som

inngangssalme under fjerde søndag i advent. Under same gudstenesta vart «Velsigna du dag over fjordan» brukt som sluttsalme. Dette er ei nynorsk julesalme med tekst og melodi frå Trygve Hoff (i 1985), og er spesiell i form av at den er formulert på nettopp (nordnorsk) dialekt originalt og i salmebøkene, sjølv om det finst mange versjonar av låta utanfor kyrkjeleg samanheng. Eg kjem tilbake til dette i delkapittel 6.2.1, der vi skal høyre frå kantorane sjølve.

Nynorsksoknet brukar også salmar på begge målformer. Døme på salmar brukt på bokmål er: «Klapp, alle hender i glede», «La oss vandre i lyset» (som er ei salme ofte brukt i trusopplæring for barn og unge), «Det skjer et under i verden», «Gud, du er rik, din godhet er stor», «Vårt sinn er fylt med glede» og «Dine løfter er mange», der sistnemnde blei brukt som sluttsalme. Eit døme frå salme under nattverd er den nynorske «Flammene er mange, lyset er eitt». Ved nokre tilfelle i dette soknet, har fordelinga mellom salmar på bokmål og nynorsk vore nokså jamn. Til dømes hadde ei og same gudsteneste tre salmar på bokmål; «Overmåte fullt av nåde», «O Herre, la mitt øye» og «Å, at jeg kunne min Jesus prise» – og fire salmar på nynorsk; «Med Jesus vil eg fara», «Kven kan seia ut den glede», «Du er mi øy i havet» og «Jesus Krist, du nådens kjelda».

Det blir altså brukt salmar på begge målformer i begge sokn, men på bakgrunn av mitt eige materiale, kan det sjå ut til at fordelinga er jamnare i nynorsksoknet enn i bokmålsoknet⁷. Begge sokn vekslar altså mellom målformene, og kva tema for gudstenesta er, eller korleis den er lagt opp, kan verke inn på resultatet av utveljinga.

5.6 Andre interessante funn i materialet frå gudstenestene

I dette delkapittelet vil eg legge fram andre interessante funn frå gudstenestene. I ein utforskande studie som denne ser eg ikkje noko poeng i å halde tilbake godsakene, sjølv om dei ikkje inngår direkte i forskingsspørsmåla for studien.

⁷ Med omsyn til informantane for dette prosjektet, vil eg nemne at korona har gjort prosessen bak diskusjonen om val av salmar, annleis enn under vanlege vilkår. Det har med å gjere ei omstrukturering av vanlege rutinar og mykje digital verksemd for kyrkjene, som følge av korona. Det vil seie at prosessen og resultatet kunne sett annleis ut under meir normale omstender.

Språkbruk ved dåp og barne- og familiegudstenester

Pronomen	Dykk 1 (OL) Dåp, til foreldra (men OL) Dykk 2 (OL) Dåp, til foreldra (men OL) Dåke 3 (TF) Dåp, til foreldra. → 1, 2 og 3 i same meiningsytring.
----------	--

Tabell 11: Døme på veksling konkret i dåpsamheng, NN2.

I undersøkinga har eg i den grad det har vore mogleg, fokusert på høgnessa, altså dei vanlege gudstenestene i sokna. Desse kan likevel vere av ulik karakter frå gong til gong, og det ikkje mogleg for meg å vite på førehand om det skal døypast barn i den aktuelle gudstenesta eller ikkje. Grunnen til at eg vil trekke fram dette som døme er at eg fort la merke til at det skjedde noko med språkbruken i det ein skulle henvende seg direkte til ein familie på denne måten. Dømet i tabellen ovanfor illustrerer godt eit tilfelle av at presten brukar både dialektvarianten og standardvarianten av personleg pronomen i 2. pers. fl.t. i éi og same setning. Forkortingane viser at dialekta (*dåke*) kom fram i det han skulle prate direkte til eit foreldrepar, medan standard kom til syne då han prata frå tekst. Det gjer at vi ser innslag av planlagt språkbruk og eit meir spontant språkleg innskot i den same meiningsytringa.

Vidare vil eg trekke ein parallell tilbake til tabell 7, som tok for seg språkbruken til NN2 (presten frå Sunnmøre). Eg nemnde der at UD viser til utdeling av 4-årsbok, som inngår i det kyrkjene kallar for familiegudsteneste. Tabellen synte oss at det var høg grad av dialektale innslag i materialet frå denne presten, og det er ikkje utenkeleg at det har med å gjere at det nettopp er eit anna publikum i forsamlinga. At det skjer noko med språkbruken under slike sekvensar som dåp og familiegudstenester, er neppe tilfeldig. Presten pratar meir dialekt i ei slik gudsteneste, enn det han gjer i ei vanleg gudsteneste med fleire vaksne og eldre personar til stades. Det er tydeleg at NN2 akkommoderer og pratar meir på dialekt. Han akkommoderer derimot ikkje til barna si dialekt eller den lokale dialekta på staden, men det er noko som gjer at han bevisst eller ubevisst ligg tettare opp mot sitt eige talemål. Han tilpassar til ei opplevd forventning om korleis ein pratar til barn, og det kjem eg tilbake til i drøftinga.

Språkbruk ved jubileum og større hendingar i gudstenestesamheng

Den kanskje mest hektiske gudstenesta eg noterte frå, var ei gudsteneste der bokmålsoknet skulle ha inviiing av nytt alterbilde. Dette var ei gudsteneste utover det vanlege, med fullsatt kyrkjerom og mykje på agendaen. Det er freistande å kalle denne gudstenesta for nærast ei

fleirspråkleg gudsteneste, om ein ser dei vanlege delane av gudstenesta i samanheng med anna kunstnarisk aktivitet. Gudstenesta hadde fleire ulike aktørar, både av musikantar og lesarar av tekst. Fleire bergenske dialekter var representert av tre unge jenter frå koret, som hadde fått i oppgåve å lese opp tekst. Med dette meiner eg at lesingane ikkje var prega av å måtte vere identisk med ein bokmål standard: dei tre jentene hadde kvar sine fonologiske trekk i det dei las opp. Første og andre bibeltekstlesing var gjort av ei dame som etter alt å dømme ikkje har norsk som sitt morsmål. Ho prata forståeleg norsk med spansk aksent, men med annleis syntaks (der ho stokka litt om) enn i korrekt norsk rettskriving. I tillegg var ein yngre mann og ei litt eldre dame (som eg meiner er prost) også på talarstolen, med kvar sine dialekter der det blant anna var tydeleg at dei las med bergensk fonologi. Det betyr at kyrkjelyden fekk høyre ei heil rekke ulike dialekter i løpet av gudstenesta.

I tillegg til dette hadde gudstenesta innslag av både engelsk, spansk, norsk og tysk. Dette kom til uttrykk ved musikalske innslag. Til dømes song jentekoret ei engelsk framføring, i alle fall ein versjon, av velsigninga, komponert av John Rutters: *The Lord bless you and keep you*. Dei andre musikalske innslaga frå jentekoret var på standard bokmål. Gudstenesta hadde mykje innslag av tysk som følge av musikken som blei sunge av koret, i tillegg til innslag av spansk. Det betyr at kyrkjelyden også fekk høyre ei rekke ulike språk i løpet av gudstenesta. Dette var ei gudsteneste der mange aktørar skulle tale til forsamlinga. Blant desse var også biskopen, som las opp eit helsingsbrev på nynorsk, sjølv om han talar i eit sokn og ein kyrkjelyd som har bokmål som målform. Det betyr at kyrkjelyden fekk høyre både ulike språk, dialekter og målformer under ei og same gudsteneste. Samla sett viser dette at språkleg praksis ikkje berre varierer basert på dei individuelle prestane sine måtar å prate på; korleis språkbruken høyrer ut er også knytt til kva som blir lagt inn i gudstenesta av innhald utover dei klassiske bolkane – og kor mange aktørar som deltar med ulike oppgåver.

6.0 Analyse – funn frå intervju

For å presentere funna frå intervju, har eg brukt dei analysekategoriane som best får fram prestane sine haldningar og synspunkt. Desse er hovudsakleg identitet og rolleforståing, om å vere nynorskbrukar i bokmålsokn og omvendt, standard/dialekt-dimensjonen opp mot nærleik og distanse og om språkleg tilpassing. Avslutningsvis i kapittelet kjem eg med ei oppsummering. Desse analysekategoriane vil delvis gli inn i kvarandre, sidan nokre sitat passar inn i fleire av dei nemnde kategoriane. Eg har plassert dei slik for å kunne trekke saman trådane

i drøftinga på best mogleg måte. I dette kapittelet vil eg altså presentere funna frå intervju og kommentere dei. Funna blir diskuterte vidare i drøftingskapittelet, der eg samanfattar funn frå dei to ulike datakjeldene og set dei i samanheng med forskingsspørsmål, problemstilling og det teoretiske rammeverket for prosjektet.

6.1 Sokneprestane

I metodekapittelet forklarte eg at eg har brukt semistrukturerte intervju for å kunne tilpasse mest mogleg til kvar enkelt informant. Det har resultert i ulike samtalar, sidan prestane har individuelle utgangspunkt. Når det er sagt, begynte eg begge presteintervjua med det same spørsmålet, for å legge utgangspunktet for samtalen. Spørsmålet var: Kva er ditt eige forhold til din språkbruk som prest?

6.1.1 Om identitet og rolleforståing

Det er tydeleg at både NN1 og BM1 prioriterer kyrkjelyden i dei språklege vala dei gjer. Begge er innom dette fleire gongar i løpet av intervjusettinga. Det betyr ikkje at det i alle tilfelle er enkelt for presten å vite kva som veg tyngst, om det er det individuelle eller kollektive ved presterolla som skal høyrast i språket. Dette kjem godt til uttrykk hos BM1, som også formidlar eit sterkt medvit om at det ikkje er ho som privatperson som står i gudstenestesamanheng, og at det er visuelle aspekt også som kan vere med på å underbygge ei slik rolle.

En ting e ka eg e som prest, men eg e jo person som prest (BM1).

Så tar ein på seg prestekjola, og så tar ein på seg stolaen, og så har ein nokon symbol der og nokon markørar i det, som skapar både ei nødvendig rolleforståelse, at no er det ikkje eg privat som går inn der, eg forvaltar noko (BM1).

Sjølv om ho har eit sterkt (også språkleg) medvit om at ho også er eit individ i presterolla, har ho klare tankar om det fleirsidige ved den:

For som prest så e en definitivt i en formidlarrolle (BM1).

Sjølv om BM1 konkluderer med at det alltid er kyrkjelyden som står i første rekke, understrekar ho også ønsket om å kunne 'vere seg sjølv' i språket:

og preike eller ja, det eg seie fritt sjølv, det e det som på en måte blir nærast personlegheita mi (BM1).

Hos NN1 kjem dei same mekanismane til syne. Eit døme som illustrerer dette godt er:

som alltid så tenker jeg at jeg ønsker å snakke på en måte som de møter meg på kirkekaffen etterpå (NN1).

Det desse sitata viser oss, er indikatorar på at det autentiske ved språket stadig er i prestane sine tankar – og dei gir elles uttrykk for at det kan vere vanskeleg å avgjere når ein skal vise det autentiske ved presterolla sin individualitet, og når ein skal 'trekke seg tilbake' og legge til sides denne individualiteten. Felles for prestane er konsekvenskravet, altså ein tanke om at det er forventa at ein skal vere autentisk – som NN1 illustrerer tydeleg ved å poengtere at han vil prate i kyrkja slik kyrkjelyden møter han på kaffien etterpå. Dette kan tolkast slik at preika blir viktig for NN1, ettersom det er den einaste plassen han pratar fullt ut dialekt, for korleis skal han kunne prate si eiga dialekt, samtidig som han pratar normert standard (retning nynorsk)? Det er neppe slik at NN1 møter opp på kyrkjekaffien og legg si austlandske dialekt til sides for å prate nynorsk, slik han gjer i tekstopplesing og liturgi. Både NN1 og BM1 sine refleksjonar kring rolla som prest i samanheng med autentisitet, må sjåast i lys av teorien om den individuelle kontra den sosiale identiteten. Det kjem eg tilbake til i drøftingskapittelet.

6.1.2 Om å vere bokmålsbrukar i nynorsksokn og nynorskbrukar i bokmålsokn

Det er ikkje mitt førstevalg, sånn språkleg sett [...]. Da e litt sånn kalkulert risiko både for meg og for menigheten, men det e likevel fint. Det gode med det e jo at eg i beste fall kan bli endå meir språkleg bevisst, og **kanskje ikkje kjenna bokmål som så unaturleg etter ei stund** (BM1).

At BM1 ser på både dialekta si og nynorsken som ein stor del av hennar språklege identitet, og som tidlegare har jobba i nynorsk sokn, og ikkje har bokmål som førsteval, er nok ikkje så rart. Meir uvanleg er det at ein bokmålsbrukar, som NN1, eksplisitt seier at han nærast ser på nynorsken som det mest naturlege:

Her er det nynorsk, jeg gjør det beste jeg kan. Så har vi noen flotte, gamle nynorsklektorer i menigheten som kan komme og påpeke de feilene som er. Og så går det som det går. Så gudstjenestemessig så er det ikke noe problem for meg å bruke bokmål, og når jeg har preken,

så prøver jeg å legge meg så godt opp mot sånn som jeg snakker til vanlig. [...] Jeg er jo da primært bokmålsbruker, det har jeg vært helt til jeg flytta hit. Det har ikke vært noe problem sånn sett. **Nå er det jo faktisk sånn at jeg ikke kan bokmåsliturgien lenger. [...] Når vi da har samlinger og da skal be den nye versjonen av FaderVår på bokmål, den klarer jeg rett og slett ikke å følge.** Jeg måtte be den gamle bokmålsformen bare for å se at jeg fortsatt kunne den, og da sleit jeg... men det er hva du bruker til vanlig som går greit. **Jeg kjente til og med da jeg gravla min egen mor her i vår, så valgte jeg å bruke nynorsk for det var det som var inn under huden på meg å bruke. Det var blitt unaturlig for meg å bruke bokmåsliturgi (NN1).**

Det som kjem fram av desse to sitata er at BM1 opnar for at ho etter kvart kan bli vand med bokmål, slik som NN1 er blitt vand med nynorsk. Her er det eit poeng at NN1 har vore lenger i nynorskkyrkja enn BM1 har vore i bokmålskyrkja, og kor komfortabel eller vand med målformene dei er, spelar inn på språkleg åtferd.

I ei av gudstenestene i bokmålsoknet beit eg meg merke i setninga: **«Og no tar eg da på nynorsk, for da e litt meir saftig!»**. For 'moro skuld' spurde eg BM1 på intervjuet seinare, om ho la noko spesielt i det. Då lo ho og sa:

Nei da blir jo litt sånn personligheten min då, som kjenne at da tar litt djupare. Det e ikkje sikkert at det følte meir saftig for menigheten og i alle fall ikkje for den bokmålsbrukande delen av menigheten (BM1).

Sjølv om BM1 gir sterkt uttrykk for at ho er klar over at ho kan gå gli over i nynorsk der ho, i tråd med retningslinjene for soknet, eigentleg skal bruke bokmål, er det tydeleg at ho gjer sitt beste for å halde seg til bokmål der det er meininga. Ho seier det fint sjølv:

Så vil jo nokken her av og te bli skremt når eg berre glir ut i nynorsk velsignelse når dei skulle fått da på bokmål, og då må eg berre be om tilgivelse (BM1).

Interessant er det at begge prestane har ei dragning mot nynorsken. Om vi ser det i samanheng med allmenn språkleg medvit, der det er ei kjent sak at bokmålsbrukarar oftare er meir negative til nynorsk enn omvendt, og at mange nynorskbrukarar konverterer til bokmål, kan det vere ein indikator på at nynorsken kanskje har ei heilt sentral rolle i kyrkjeleg samanheng, sjølv om det

ikkje nødvendigvis kjem fram eksplisitt. I kva andre domene er det slik at tradisjonelle bokmålsbrukarar vil føretrekke å bruke nynorsk?

6.1.3 Standard/dialekt-dimensjonen og nærleik/distanse

Dette bringar meg vidare til koplinga mellom standard/dialekt og nærleik/distanse. Her vil eg begynne med ein anekdote frå soknepresten i det nynorske soknet:

Jeg har ei studievenninne som er fra Jæren og som snakker jærsk uansett, og som en del reagerer på, fordi hun til og med bruker det i det liturgiske. Men det er det som er naturlig for hu, og veldig mange liker det og synes det er helt fint. **For min del ville det ikke falle meg inn å begynne å lage noe dialekt ut av det, og særlig ikke på nynorsk (NN1).**

Dette viser at det vil variere frå sokneråd til sokneråd kor strenge dei er på å skulle bruke standard i liturgien eller ikkje. Med tanke på presterolla til NN1 særskilt, så er det interessant fordi han har gitt uttrykk for at han kjenner ei naturleg dragning mot nynorsken. Ein bør her hugse på at det som er standard for NN1 (med austlandsk dialekt) i soknet han leier, er nettopp nynorsk. Det kan tale for at standard her for ein særskilt funksjon. Det kjem eg tilbake til i drøftinga. BM1 har også ei interessant anekdote frå sine prestekollegaar opp gjennom:

Så det va fleire der av mine medstudentar som hadde større avstand mellom det liturgiske språket og dialektspråket sitt, og når dei preikte så valgte nokken å ver veldig dialektneare og fekk av og til pes for det, fordi dei faktisk blei litt uforståelege for nokken andre. Og så var det nokken som og prøvde seg med å be med dialekt. Og da kan det fort bli ein stor diskusjon av, og der e moment både for og i mot det altså, men når en står der og ber på vegne av menigheten, så «e de ikke æ som person som står og ber», så viss Gudny på to-og-åtti faktisk ikkje kan ver med i bønna fordi orda blir for langt frå hennas... Det er noko med å respektere et slags minste felles multiplum, me e jo litt spesielle der med alle disse dialektane våre (BM1).

Dette viser for det første at det finst mange ulike tilnærmingar til det som har med standard kontra dialekt å gjere, i det teologiske fagfeltet. I tillegg kjem det fram at det heile tida finst ei pågåande drøfting rundt kven ein tilpassar seg til, og kva konsekvensar dette får språkleg. Ei anna sak er at BM1 kom inn på dette med nærleik/distanse i løpet av intervjuet, utan at eg hadde rettleia ho dit. Ho er heilt tydeleg på at dette ikkje er ei enkel sak, og at ho har fleire tankar om dette som ikkje er ferdig tenkt. Ho konstaterer at det viktigaste, til sjuande og sist, er at «det e

ikkje nærheit til meg dei først og fremst skal ha, det e nærheit til sjølv Ordet» (BM1). For å oppnå dette, kan det å veksle mellom dialekt og standard i mange tilfelle vere fint:

Det blir forskjell. Og samtidig så kan det vere gunstig av og til. At òg menigheten kan få lov å kjenna på at ein ikkje krype for nær, viss ein har ein tendenes te da. At det kan vera ein distanse. Ein ønske å nå fram, men eg tenke at folk må og få lov å vera i sitt med det dei e og det dei har med seg den dagen (BM1).

Det som kjem fram av dette sitatet, er at det ikkje alltid er gitt at det er nærheit ein vil ha. Det siste eg vil trekke fram i dette delkapittelet, er kryssingspunktet mellom internaliserte og vedtatte normer, som nemnt i 3.3.3.

Men då e det òg ord som e gitt meg og forvalta. Og det synest eg det e stor friheit i. At det ikkje e eg som bestemme ka dei orda skal vera, dei e gitt meg, så eg får på en måte gå inn i formidlarrollen (BM1).

Dette seier BM1 i eit resonnement som omhandlar forskjellen på å utforme ei preike, og å formidle liturgi. For ho er det altså ein fridom i å kunne stole på og bruke det som er gitt ho. Det talar for at presterolla er både bunden og ubunden. NN1 seier noko av same karakter:

[...] jeg synes liturgien er nydelig, jeg hviler veldig i de ordene, men jeg vet hva alt betyr, jeg kjenner til ordene og historien bak og alt sånn, så jeg har en forutsetning til å forstå det som mange andre ikke har (NN1).

BM1 løftar også fram det normerte som ei moglegheit til å understreke kva del av presterolla ho står i på ulike tidspunkt:

Så eg tenke vel sjølv at en ska ver veldig bevisst på kortid en i rolla som prest e på vegne av menigheten og så e da faktisk et poeng at språket då e litt sånn normert kanskje. Fordi fleire kan vere med, ja, da blir kanskje ikkje så personleg, men ka e da største poenget? (BM1)

Her pirkar BM1 borti kjernen i all standardisering, noko eg kjem tilbake til i drøftinga, der vi også skal innom fleire nyansar ved dette.

6.1.4 Om tilpassing

Til spørsmålet om korleis ein tilpassar seg språkleg, fekk eg to ulike svar. NN1, soknepresten i nynorsksoknet, svarte følgande:

Ikke sånn veldig gjennomtenkt, det kommer helt an på hvem jeg har som publikum egentlig. **Men jeg vil i første rekke prøve å bruke et språk som folk forstår. Og prøve å unngå da dette here kaananspråket som ofte brukes**⁸ (NN1).

Eg stilte då oppfølgingsspørsmålet: Korleis vurderer du kva kyrkjelyden likar eller forstår, eller ikkje likar og ikkje forstår?

Det kommer helt an på hvem menigheten er. For er det kjernemenigheten som møtes, så bruker jeg gjerne et litt annet språk enn det jeg gjør hvis det er konfirmanter som er til stede, i da måten å for eksempel bruke fremmedord på. Og bruke typiske bibelske uttrykk. Ikke på den måten at jeg ikke bruker det i det hele tatt når eg antar de ikke forstår det, **men det er bare noe med kjennskapen til en del ting da som en sekstiåring har, som ikke en fjortenåring har. Så jeg ser alltid litt an hva er mitt publikum**, både en julaftenspreike vil ha et annet type språk enn det en juledagspreike vil ha, fordi jeg vet at på julaften der vil det være mye familier og barnefamilier – på første juledag så vil det sannsynligvis være folk som vil tåle litt mer teologisk språk (NN1).

Det vi kan hente ut av sitata ovanfor, er for det første at presten eksplisitt seier at han tilpassar seg kyrkjelyden. For det andre ligg det også i korta at kyrkjelyden varierer («det kommer helt an på *hvem* menigheten er»). Såleis er ikkje kyrkjelyden ein statisk størrelse i form av å vere *ei* gruppe menneske som inngår i eit fellesskap. Kyrkjelyden er derimot dynamisk, og kan utgjere *fleire* grupper, frå gudsteneste til gudsteneste. For det tredje trekker presten eit skilje mellom «kjernemenigheten» og yngre menneske som også deltar på gudstenestene, som vil seie at alder og kjennskap til innhaldet i gudstenesta blir faktorar som spelar inn på korleis presten akkommoderer.

Til dei same spørsmåla understreka den andre soknepresten (BM1) at det er vanskelege spørsmål å svare på. Av det som er vanskeleg, er blant anna at ho ikkje «har den lange

⁸ Kanaanspråk er ein term for ein språkleg sjargong i ulike gruppefellesskap. Her betyr det eit språk med ord og uttrykk ein td. ikkje brukar i andre, meir normale samanhengar – men som vil vere godt kjent for dei som er særskild inkludert i det aktuelle fellesskapet. Kanaanspråket kan framstå som utilgjengeleg for 'folk flest'.

preikeerfaringen endå». Det utslagsgivande for korleis ho tar stilling til dette, er konteksten. Ho har fleire resonnement som underbygger dette, til dømes:

No ekje eg en veldig, eg kan snakka fort, men eg e en ganske treg type, så det pleie ver okay match, men så kan eg nok ver for treg for søte små, då kan eg nok bli veldig sånn tregammal dama, så det e det òg å klara å tilpassa i alle fall litt til kontekst, ehm, aktuell kontekst akkurat den dagen. Men da e noke en berre ikkje blir utlært i trur eg, men absolutt kan jobbe med heile tida (BM1).

At konteksten er sentral, kjem fram fleire gongar i løpet av intervjustettinga. Utdraget ovanfor viser tydeleg at ho tilpassar seg konteksten, på den måten at folka utgjør konteksten – og at denne konteksten vil variere. Difor vil det også variere korleis ho som prest akkommoderer. Også her, i likskap med informant NN1, er det tydeleg at kven som er til stades i forsamlinga er heilt sentralt for korleis dei vel å snakke. BM1 forklarar også at ho er opptatt av å vere tydeleg, og at det er ulikt frå gruppe til gruppe kva som blir oppfatta som tydeleg. Eit døme på dette eldre menneske, til dømes på ei andakt i institusjon, som lettare gir uttrykk for at dei ønsker seg bergenskdialekt. Det betyr at presten møter tilhengarar som ønsker å få det religiøse formidla på eigen dialekt – ‘folkespråket’ som Halse ville kalla det.

Det som har med dialekt å gjere kjem inn i bildet med til dømes eldre menneske som ikkje høyrer så godt. Det er då tenkeleg at BM1 kunne ha vore meir open for å justere mot meir normert tale (retning bokmål) i møte med til dømes eldre menneske som gir tydelege og ubeskjedne beskjedar om at dei ikkje forstår det som blir sagt. Dette illustrerer korleis divergens og konvergens heile tida er i flyt. Ser ein dette i samanheng med at konvergens og divergens får relevans også når det kjem til *meningsinnhald* i gudstenesta, kan ein sette fingeren på det at divergens og konvergens skjer på ulike måtar i den same konteksten.

6.2 Kantorane

Kantorane har ansvaret for den musikalske aktiviteten i kyrkja. Eg har spurt kantorane om ulike tema, deriblant kva som ligg til grunn for utveljing av salmar og korleis denne prosessen går for seg i praksis. Intervjua med begge kantorane har gitt verdifull innsikt i korleis kantor samarbeider med prest når det kjem til val av salmar. Ut frå intervjua, har eg inntrykk av at bokmålsoknet i større grad enn nynorsksoknet diskuterer og vurderer dette nøye saman med kvarandre til kvar gudsteneste. Det impliserer at korleis denne praksisen går for seg kan variere

stort mellom ulike kyrkjesokn. Ein faktor som kan spele inn på at bokmålsoknet har høg grad av samarbeid og diskusjon rundt salmane, er at soknepresten har bakgrunn som tidlegare kantor. For BM1 er det musikalske ein stor del av hennar språklege medvit, og ein viktig del av språket i kyrkja. Som ho seier det sjølv: Musikk er språk. Når eg no legg fram funna frå intervjuet med kantorane, er det verdt å vite at ikkje alle salmar finst på begge målformer. Blant kantorane er det ulike tilnærmingar for val av salmar, og kor bevisste dei er rundt det.

6.2.1 Om målform og salmar

Til spørsmål om korleis dei vel ut salmane for gudstenesta, vektlegger kantorane mykje av det same:

Nei, det er prester som gjør det, eller det kan hende at vi diskuterer det litt, men i det siste året [korona] har det hendt at de bare sender meg forslag og om jeg har kommentarer, og hvis ikke så vi bruker salmer som de velger. **Og de passer for det meste til de bibeltekstene som ble brukt den dag [...]** Hvis en salme passer best til en tekstlesing, så bruker vi den salmen, selv om den er på bokmål (Kantor, NN).

Så salmevalget er jo alltid da en veksling mellom «**hva er tekstene for dagen**», **så skal salmene spille på det** (Kantor, BM).

Begge kantorane formidlar altså at det som avgjer kva salmar som blir brukte, er først og fremst om dei går overeins med dei tekstane som er valt for gudstenesta. Salmane skal altså i første rekke passe til tematikken som høyrer til tekstlesingane for søndagen. Det forklarar også kvifor kantorane ikkje er åleine i ei slik utveljing, og at det i varierende grad er eit samarbeid mellom prest og kantor. Kven som er prest for den aktuelle gudstenesta kan også ha noko å seie:

Det avhenger av hvilken prest det er. For det meste nå, de sender et forslag til meg og så jeg ser gjennom alle salmer. Og vanligvis jeg har ikke negativ ting å si, så jeg bare tar den som de foreslår (Kantor, NN).

6.2.2 Om tilpassing

Det er altså slik at salmane primært skal passe til tematikken for som høyrer til tekstane for søndagen. Det gir uttrykk for at meningsinnhald i salmane blir tillagt større verdi enn målforma og formene på orda i seg sjølv. Heilt enkelt er det likevel ikkje. Også her er det nyansar i form

av korleis ein tar omsyn til kyrkjelyden, og kva som blir sett på som mest passande i ulike samanhengar:

Jeg kom en i hug nå. Deilig er jorden. Folk vil ikke synge den på nynorsk. Fagert er jordi, de vil ikke synge den, selv om de kanskje har lært den som barn for femti år siden. Jeg husker en gang koret hadde konsert i X kirke [ei av kyrkjene i soknet] for fire, fem, seks år siden, **og de sluttet med fagert er jordi. De fikk masse tilbakemelding at det går ikke. Det må synges på bokmål.** Men ellers vi er i grensen på Bergen som de bruker bokmål der, og jeg er ikke norsk, men mine venner sier at de hører mange unge tenåringer eller sånt, de bare snakker bergensk eller en slags bokmål. **Så det tar mange, mange år, men jeg tror bokmål tar over** (Kantor, NN)

Dette var svaret frå kantoren i nynorsksoknet, til spørsmål om kva som avgjer val av målform på salmane med omsyn til kyrkjelyden. Kantoren i bokmålsoknet fekk same spørsmålet:

Jeg føler at det ikke har så mye å si, bortsett fra at kanskje **noen av de litt arkaiske nynorsktekstene er litt vanskelig tilgjengelig. Noen julesalmer, har ikke noen gode eksempler akkurat nå, hvor vi synger nok ting som er veldig få som egentlig skjønner hva vi synger. Så er det noen ting som klinger litt finere på nynorsk, noe litt mer sånn poetisk kraft i nynorsk** innimellom (Kantor, BM)

I nynorsksoknet får dei altså tilbakemeldingar på at nynorskversjonen av salmen er framand, og dei ønsker seg i visse tilfelle heller den same salmen på bokmål. Då er det heller ikkje rart at dei får dette i gudstenestene, der ein kan overskride målform slik ein vil. Det kan sjå ut til at det same gjeld i bokmålsoknet, der kantoren peikar på at nokre av nynorsktekstane er lite tilgjengelege. Samtidig er det nokre salmar som høyrst betre ut på nynorsk, noko som kan minne om klassiske stereotypiar om at nynorsk eignar seg best i dikt og erketyriske nasjonalromantiske temaområder, eller i alle fall at det finst ulike assosiasjonar og konnotasjonar til dei ulike målformene.

Kantorane fekk også spørsmål om dei får tilbakemeldingar på kva kyrkjegjengarane har som preferansar. Som vi har sett ovanfor, hender det at dei har spesifikke ønsker og gir beskjed om dette. Det er likevel lite sannsynleg at alle medlemmar av kyrkjelyden gir klar beskjed om kva dei ønsker seg, og kantor i nynorsksoknet har inntrykk av at dei er fleksible:

Nei, jeg tror de er veldig åpne for nye ting. De er ikke så ufleksible, og de er helt åpen for nye ting (Kantor, NN).

Kantoren i bokmålsoknet rettar fokus mot stemninga i rommet:

Det er ingen spørreundersøkelser og avkryssingsskjemaer og intervjuer med de og sånt. Det er bare **en følelse av hva de faktisk synger på, og det går mye på å tolke stemninger og en følelse i rommet**, såne vage ting. Så det krever jo egentlig at man er litt våken [...] Og så er jo det kirkens umulige prosjekt, at det skal være en kirke for absolutt alle. **Det skal ikke være en klubb for folk som liker det samme som meg. Det skal være en kirke for alle** (Kantor, BM).

Det vil seie at kva opplevingar kantorane har av korleis salmar blir tatt i mot, eller sunge med på, i tidlegare gudstenester, kan spele inn på kva salmar som skal brukast i dei seinare gudstenestene. Også subjektive opplevingar av kva *melodiar* som er fine, speler inn:

Mm, stort sett sitter vi og har et møte, og så blar vi oss gjennom. Ja, den melodien der er kanskje ikke så fin (Kantor, BM).

Samla sett kan vi peike på ein fellesnemnar for begge sokna av det som gjeld val av salmar og målform: Korleis dei vel salmane går vel så mykje på respons som mangel på respons frå kyrkjelyden. Som kantor i NN nemnde, byter dei fort ut ei nynorsksalme med ei bokmålsalme dersom dei får tydelege tilbakemeldingar på slike preferansar. Det viser at dei er opptatte av å kome kyrkjelyden i møte språkleg også med salmebruken, men at det å kome kyrkjelyden til møte språkleg ikkje berre handlar om inkludere ei dialekt eller ein standard som ligg tettare den lokale dialekta, eller det ein er vand med av språkbruk på den lokale staden. Tilhengarane av kyrkjelyden kan altså ønske seg noko anna, og då vil sokna gjerne innfri. I delkapittel 5.5 viste eg frå observasjon av gudstenestene at begge sokna brukar salmar på både bokmål og nynorsk. Utdraga frå intervjuet gir oss større innsikt i kvifor det er slik. Vurderinga er knytt til ei subjektiv vurdering av kva som er passande, spesifikke tilbakemeldingar (eller ikkje) frå tilhengarane av kyrkjelyden, assosiasjonar og konnotasjonar knytt til målformene, og korleis salmane går overeins med tematikken for resten av tekstane under gudstenesta.

6.3 Kyrkjelydsleiarane

Kyrkjelydsleiarane har som ansvar å leie møta for soknerådet, og kan sitte på kunnskap om det som gjeld språklege rammeverk. I løpet av intervjuet med begge kyrkjelydsleiarane kom det fram at det varierer i kva grad dei diskuterer språklege forhold på desse møta. Det som kjem fram i intervjuet er at det, ifølge kyrkjelydsleiarane sjølve, er at språklege val i stor grad er opp til soknepresten – som har øvste ansvar for kyrkjesoknet. Eg har ikkje inntrykk av at dei er veldig involvert i det som har med språklege forhold å gjere, sjølv om dette er ei forenkla framstilling frå mi side. Det høyrer også med til historia at ingen av kyrkjelydsleiarane eg har prata med, har hatt dette frivillige vervet lenge, og at koronapandemien har hatt konsekvensar for korleis møteverksemda går for seg i den perioden eg har undersøkt feltet. Personlege preferansar har kyrkjelydsleiarane likevel, og det viktigaste i denne samanhengen er at dei fungerer som ein representant for kyrkjelyden dei er medlemmar av.

6.3.1 Om ansvarsfordeling og kva kyrkjelyden likar, forstår, ikkje likar eller ikkje forstår

Begge kyrkjelydsleiarane er einige i at prestane står ganske fritt språkleg. Det går overeins med det sokneprestane har sagt, sjølv om dei då i møte med liturgien ikkje står like fritt og er veldig klar over dette.

Da er det vel litt i forhold til hvem målgruppen er, er det vanlig gudstjeneste så vet vi at de som liker og gå til vanlig gudstjeneste, de liker å holde fast på nettopp den vanlige liturgien fordi det blir en del av det som er kjent og kjært, på en måte (Kyrkjelydsleiar, NN).

Dette er del av ei drøfting rundt kva kyrkjelyden likar og forstår. Ho seier også seinare i intervjuet at nynorsken har sin plass i liturgien. Ho seier med andre ord ikkje noko direkte mynta på standard kontra dialekt, men det at liturgien bør vere slik den «er kjent», kan indikere at det kunne kome reaksjonar dersom liturgien vart framført på utprega dialekt, og at standard er det føretrekte her. Ho trekk også fram, i spørsmålet om kva som er inkluderande språkbruk, at det er: «Litt sånn direkte, vanlig språk. Ikke noe tilgjort» (Nelly, kyrkjelydsleiar, NN). Dette kan også koplast opp mot kravet om autentisitet.

Kyrkjelydsleiararen i bokmålsoknet har også sine tankar om kva som er mest høveleg språkbruk. Ho nemner blant anna at dersom språket blir veldig «høykirkelig», så vil mange fort kunne føle: «dette angår ikke meg». Ho poengterer også:

Jeg tror ikke folk reagerer i det hele tatt på dialekt (Kyrkjelydsleiar, BM).

Jeg regner med at du skal være innenfor et visst budskap, det er jo rammer selvfølgelig, men dette vet prestene. Og når vi ikke opplever at det har vært noe overskridende, så... Da vil det være deres ansvar, egentlig. [...] Presten har selvfølgelig en viktig definisjonsoppgave (Kyrkjelydsleiar, BM).

Det at folk ikkje reagerer på at det blir brukt dialekt i gudstenesta, er ei sak, men vi er uvitande om, og kan spekulere i, om dei ville reagert dersom det blir brukt dialekt *også i liturgien* – då vi frå tidlegare funn i prosjektet har indikatorar på at det vil variere kor det er mest høveleg å bruke dialekt og ikkje – i alle fall frå prestane sine egne ståstader. Det første sitatet viser likevel at det ikkje er ein automatikk i at dialekt skapar avstand eller nærleik. Det andre sitatet viser stor tillit til prestane, som også går overeins med det BM1 (sokneprest i BM sokn) skisserer.

6.4 Om inkluderande språkbruk

Eit spørsmål som alle informantane fekk, var kva dei oppfatta som inkluderande språkbruk.. Her presenterte eg eit ark med formuleringa om inkluderande språkbruk frå Almannelige bestemmelser for Ordning av hovedgudstjeneste (2019) (jf. delkapittel 2.2.1), og spurde alle informantane korleis dei tolka dette. Eg vil her trekke fram svara frå kyrkjelydsleiarane og sokneprestane.

Jeg tolker det på en sånn måte at det skal utformes i et språk som de fleste folk kan forstå [...] selv om jeg har en viss anelse om at det som også kan menes er at du har et kjønnsinkluderende språk. At ingen skal bli ekskludert, eller føle seg ekskludert i det som sies, som er en kjempeutfordring. **Den største utfordringa i så måte er jo egentlig ofte det patriarkalske språket som vi har, for det er ikke spesielt inkluderende. Jeg tror det er inkluderende for de fleste, men det vil alltid for eksempel være noen som ikke har hatt en god far, og da bruke bildet av gud som en god far, det passer ikke for alle.** Så jeg tror at en skal tenke litt gjennom hvordan en formulerer det, og at det brukes et forståelig språk og ikke masse teologiske fremmedord (NN1).

[...] Det der er ei formulering som er blitt formulert sånn òg fordi ein har hatt veldig store diskusjonar rundt forbøn og bønnespråk. Så når ein seier inkluderande språk, så vil nok det ha litt ulik politisk farge i kyrkjelandsskapet. Det betyr at ein skal ikkje eigentleg støta noken, men da går lika mykje på at ein e bevisst ka gudsbilde ein formidle i bønnespråket særleg, fordi ein har, ja, koss ska eg sei da då, ein har jobba ganske mykje med ulike forma for

overgrepsproblematikk i kyrkjå. Men i ditta ligge jo faktisk og en annerkjennelse av at språk e makt. Og at en skal ver seg bevisst den makto, og jobba veldig bevisst med da, og særleg når ein jobbe med bønne (BM1).

Sokneprestane uttrykker med dette medvit og ønske om å ikkje støyte nokon frå seg på grunn av spesifikke ord dei brukar. Frå ein folkelingvistisk ståstad er det ikkje unormalt at språk er det same som ord. Det er heller ikkje unormalt at det er viktigare for prestane å ta omsyn til det problematiske med bildet av Gud som far dersom ein har hatt ein dårleg far, enn om dei seier *dåke* eller *dykk*. Det betyr ikkje at dei som forskar på språk ikkje skal bry seg om grammatikk, men heller at vi må ta til oss det informantane seier og gjere analyser utover dette. Kyrkjelydsleiarane peikar på at inkluderande språkbruk heng saman med korleis ein pratar:

Jeg synes det blir litt sånn direkte egentlig, med vanlig språk. Ikke noe tilgjort (Kyrkjelydsleiar, NN).

Det vil jo si at det må være et språk som folk forstår. Og som de kan oppleve at de er inkludert i, sånn at det blir relevant for de. **Det bør jo da selvfølgelig være et språk som ikke skaper avstand, det vil si at det må ikke være sånn for «slængpreget»** eller sånn lettvtint (Kyrkjelydsleiar, BM).

Ut frå desse blir altså eit inkluderande språk knytt opp mot eit naturleg, ikkje tilgjort språk, som i neste rekke stiller krav til prestane sine måtar å prate på. Kyrkjelydsleiararen i bokmålsoknet seier eksplisitt at det ikkje må vere «for slængpreget», sidan det etter hennar meining kan skape avstand. For mange vanlege folk vil nok slang og dialekt slekte på kvarandre. Ein kan då stille spørsmålet: Gir for mykje dialektbruk også element av avstand?

Blant kyrkjelydsleiarane er inkludering altså meir knytt til at 1) det skal ikkje vere tilgjort – noko eg forstår som «unaturleg» og 2) det skal ikkje vere for hipt heller. Om ein då har i mente at kyrkjelydsleiararen i bokmålsoknet også knyt det høgkyrkjelege til noko som skapar avstand, vil også det som er for prega av «slæng» vere ugunstig. Det kan tenkast at det er utfordrande for prestane å skulle finne denne balansegangen til ein kvar tid.

Det siste eg vil trekke fram er at sokneprestane er veldig einige om to ting. Det første er at det liturgiske språket er nærast eit eige språk, i alle fall i høg grad fråskilt preikespråket. Det andre er at dei begge to gjer det dei kan for å unngå den berømte «prestestemma»:

Jeg opplever at folk liker best at en preken holdes som om jeg snakker med vedkommende, altså at det er, for da, og det er sånt jeg føler sjøl også – da er det lettere å følge med enn om det blir veldig opplest. **Og ikke minst hvis det brukes veldig sånn typisk prestestemme. [...] Den kjennes veldig påtatt ut (NN1).**

Og det handla nok òg om at på den tida så var presta kongelege embetsmenn som gjerne var... kanskje ikkje ein gong berre i bokmålsuttale, men kanskje til og med danske embetsmenn som var utdanna i Danmark og var... Altså då kunne ein snakke om eit distansert preikespråk, for ein var faktisk.. **ein hadde med seg ein slags embetsmannsterminologi og ideologi inn i det ein gjorde (BM1).**

Prestestemma høyrer etter alt å døme fortida til, for desse to sokneprestane.

7.0 Drøfting

I dette kapittelet samanfattar eg funna frå dei observerte gudstenestene og funna frå dei kvalitative intervju, og set dei i samanheng med det teoretiske rammeverket for prosjektet. Eg ser det som mest formålstenleg å legge opp drøftinga etter forskingsspørsmåla for oppgåva medan eg freistar å svare på problemstillinga undervegs. Til slutt i kapittelet forklarar eg kva som er kome ut av oppgåva. Der vil eg poengtere korleis datamaterialet i denne studien har danna grunnlag for konkrete hypotesar som kan testast i seinare studiar i same domene.

7.1 Skil språkbruk ved liturgi seg frå språkbruk ved preikene?

Ikkje uventa viser materialet mitt frå både dei observerte gudstenestene og intervju, at det er meir bruk av dialekt i preika enn i dei andre delane av gudstenesta, då spesifikt det som har med liturgi og lesing av tekst å gjere. Sjølv om språkbruken i liturgien skil seg frå preikene, er det ikkje utan nyansar. Til døma (1) og (2) i 5.2.3, kommenterte eg at BM1 brukte den same tekstpassasjen under liturgien og seinare i preika. Der presten til vanleg har nynorskformer i liturgi, brukar han altså dialektformer i preika. Det er ikkje utenkeleg at dette kjem av at dette er nettopp i preika, og ikkje i den meir formelle delen av gudstenesta som inneber lesing av tekst (jf. Svennevig, 2015, s. 265). Som vi har sett, viser store delar av mitt materiale at det i høg grad er i preika at dialekta har sin naturlege plass, medan standard har sin meir naturlege plass i liturgi og lesing av tekst. Døma frå NN3 (jf. tabell 8) viser oss at det også er innslag av standardformer i preika og at standard blir brukt meir eller mindre gjennom heile gudstenesta. Vi har også sett at dialekt blir brukt i bolkar som bygger på allereie sterkt normert tekst. Det såg vi ved NN2 (jf. tabell 7) og BM1 (jf. tabell 9). Det betyr at datamaterialet frå mine observasjonar viser at det ikkje nødvendigvis er slik at dialekt alltid blir brukt i preika; heller

ikkje at standard alltid blir brukt i liturgi. Her er det fleire faktorar som hadde vore interessant å undersøke nærare i ein annan studie, til dømes ved å gå i djupna av presteutdanninga for eldre kontra yngre prestar, då det ut frå mitt materiale kan sjå ut til at det generelt er slik at den eldste presten held seg meir til ein normert talemåte. Det er ikkje utenkeleg at det har med å gjere at han er eldre og tok utdanninga på ei anna tid, då også dei språksosiale høva i samfunnet var annleis.

At det finst høg grad av variasjon i når det blir brukt standard og dialekt, bringar meg vidare til Sandøy sin tabell (jf. delkapittel 3.1.3). Der framstiller Sandøy (2011, s. 123) dialekt som svært vanleg for dei liturgiske bolkanane i gudstenesta og eg nemnde at mine eigne funn utfordrar ein slik hypotese. Har vi anekdoten frå NN1 sin prestekollega frå Jæren i mente, er det grunn til å tenke at Sandøy kan ha rett i det han skriv. Likevel talar store delar av mitt eige materiale for at Sandøy er noko bastant, og mitt eige datamateriale kan ikkje underbygge Sandøy sin påstand om at dialekt er allment vanleg i liturgien: Liturgien, som det også kjem fram frå intervjuet med sokneprestane, er dei delane der prestane gjer alt dei kan for å halde seg til standardnormalen. I tillegg har datamaterialet for dette prosjektet gitt oss fleire nyansar. Det vil vere prestar som nyttar seg av dialekt i preika, i tillegg til liturgien. Så er det også prestar som etter beste evne forsøker å *ikkje* bruke dialekt i liturgien. Det er også prestar som brukar både dialekt og standard, utan eit veldig fast mønster. I delkapittel 5.2.3 har vi til dømes sett fleire språklege strategiar i praksis i gudstenester for det same soknet. Basert på mine eigne funn vil eg derfor argumentere for at det finst fleire språklege åtferder og at dette er avhengig den einskilde presten. Basert på mitt eige materiale, kan ein vanskeleg argumentere for at standard er på veg ut av kyrkjedomenet, snarare tvert imot har den sin naturlege plass, slik som dialektene.

7.2 Kan formene på orda ha symbolsk verdi?

Datamaterialet frå dei observerte gudstenestene har vist oss at det er stor valfridom av standardvarietet, noko som funna frå intervjuet underbygger – sjølv om dei har retningslinjer som dei gjer sitt beste for å følge. I spørsmålet om formene på orda kan ha symbolsk verdi, vil eg rette fokus mot bruken av salmar. Eg nemnde i 5.5. at Blix-salmen «Opp, gledest alle, gledest no» og den nordnorske julesalmen «Velsigna du dag over fjordan» vart brukt i ei julegudsteneste i bokmålsoknet. Om vi har kantoren i bokmålsoknet sitt sitat i mente («Så er det noen ting som klinger litt finere på nynorsk, noe litt mer sånn poetisk kraft i nynorsk innimellom»), kan det minne om ein klassisk stereotypi om at nynorsk passar best til dikt, eller det som har med erketyriske nasjonalromantiske aspekt å gjere. Sett i lys av at noko av det

Blix-salmane stod for var eit folkeleg og ope mål som kunne føre den kristne læra rett inn i hjarta på folk (Almenningen, 1984, s. 250), kan det tenkast nynorsksalmen gir ei stemning som ikkje bokmålsformene gjer på same måten for den spesifikke julegudstenesta. Samtidig er nokre av nynorsktekstane «litt vanskelig tilgjengelig», og kan fort bli erstatta med bokmål. Frå kantoren i nynorsksoknet fekk vi vite at kyrkjelyden ikkje ville syngje «Fagert er jordi», den nynorske versjonen av «Deilig er jorden». Det betyr at det ikkje berre høyrer fortida til at val av målform kan vekke oppsikt (jf. Bull, 2002); det skjer også i dag.

Det som skil bokmål og nynorsk, er nettopp grammatikk og bøyingsendingar, noko som talar sterkt for at endingane *har* symbolsk verdi, sjølv om informantane sjølve omtalar språkbruk på ordnivå – som ein ofte gjer frå ein folkelingvistisk ståstad. Det vi kan hente frå dette, er at dei ulike målformene blir tileigna ulike verdivalørar, basert på subjektive assosiasjonar og konnotasjonar til dei ulike målformene. Eg tolkar det som at bokmål og nynorsk har ulike valørar som legg store delar av grunnlaget av salmane, både subjektivt frå dei som jobbar i kyrkja, men også med omsyn til tilbakemeldingar frå og preferansar hos tilhengarane av kyrkjelyden. Datamaterialet frå oppgåva legg med andre ord til rette for at formene på orda har noko å seie for korleis den språklege praksisen høyrer ut.

7.3 Finst det sosiale eller tekstlingvistiske mekanismar som spelar inn på prestane sine språklege val?

Intervjua vart i høg grad brukt til å få innsikt i sokneprestane sin motivasjon bak språklege val. Det som er heilt tydeleg, er at det er ei rekke faktorar som spelar inn på korleis prestane pratar. Presten er både fri og ufri. Fridomen kjem fram fordi dei står med mykje av det språklege ansvaret, og vi ser på både informantane, og studiekollegaar som dei sjølve refererer til, at det i høg grad varierer korleis prestane tar stilling til dei språklege aspekta ved rolla – noko som heng saman med at prestane kan ha ulike identitets- og rolleoppfatningar til grunn. Preika blir løfta fram som eit område som presten på sett og vis kan fargelegge sjølv. Samtidig er dei ufrie sidan det liturgiske er vedtatt for dei (jf. Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet). Dette har vi sett frå mine informantar at kan vere både utfordrande, men også behageleg i form av at ikkje *alle* språklege val er opp til soknepresten sjølv. I intervjua såg vi at prestane kjenner seg friare til å utforme preika sjølve, sjølv om dei har teksten for søndagen som utgangspunkt. I tillegg fekk vi i intervjua med NN1 og BM1 innblikk i det gunstige ved å vere fri *frå* å velje, kontra å vere fri *til* å velje. Denne fridomen kan tenkast å ligge delvis i retningslinjene, i form av at kyrkja sine

språklege retningslinjer legg til rette for nettopp det at presten kan vere både fri og ufri i sin språklege praksis.

Svennevig (2015, s. 246) skriv om formelle og formelle stiltrekk, at det er typisk for ein uformell stil å inkludere dialektal variasjon, med rom for individuell variasjon, medan det for den formelle stilen i større grad inkluderer standardformer og konvensjonelle fraser. Datamaterialet eg har lagt fram underbygger på fleire måtar dette, då vi har sett at det formelle (L) oftast blir framført nærare standardnormalen til målforma, og det meir uformelle får større plass preika som må seiast å vere mindre formell. Svennevig (2015, s. 152) poengterer også at ulike sjangerkonvensjonar har nokre veletablerte kommunikative praksisar. Her vil eg innvende at gudstenesta som sjanger er i endring, til dømes ved at materialet ikkje legg til rette for å prate om ei eintydig norm eller ei klassisk prestestemme i dag, og at det er mange språklege strategiar i praksis. Eit viktig element her, er det at prestane gjer jobben sin på ulike måtar, og dette spelar inn på den språklege åtferda. Til dømes varierer det frå prest til prest korleis ein skriv ut preikene sine. Det betyr at ein prest som skriv ut preika på dialekt, vil prate deretter, medan ein prest som skriv ut preika på standard målform, vil prate deretter. Det er også slik at nokre prestar, ikkje skriv ut preika i tekst i det heile tatt. Kva ein les frå er direkte knytt til korleis språket vil høyrest ut, i gudstenesta som bygger på munnleg framføring av tekst.

Rolleforståing, identitet og gruppeidentitet

I intervjuet kom det fram at NN1 vil møte kyrkjelyden på same språkleg måte på kyrkjekaffien som i gudstenesta. Som nemnt er synet på identitet som både stabil og ustabil på same tid (Mæhlum, 2008, s. 100), nært knytt til ei forståing av at menneske trer inn i ulike rollar i ulike situasjonar – og at identitetsoppfatninga kan variere i takt med rolleforståinga for dei ulike situasjonane. Datamaterialet i denne undersøkinga gir støtte til at prestane nettopp gjer dette, då dei observerte gudstenestene har vist oss at språkbruken varierer i takt med kven som er til stades i kyrkja. Det peikar mot at korleis prestane oppfattar sine eigne roller, heng saman med korleis dei oppfattar si eiga rolle overfor dei som er til stades under gudstenesta i dei gitte situasjonane. NN1 sitt ønske om å prate på same måten i gudstenesta og på kyrkjekaffien kan sjåast som eit godt døme på at presten i høgste grad skal ta stilling til ein sosial gruppeidentitet (jf. Mæhlum, 2008, s. 108; Svennevig (2015, s. 114) av spesiell karakter, som gjeld både i og delvis utanfor gudstenestesamanheng. Forståinga av identitet legg til rette for tanken om at presterolla er noko ein kan tre inn og ut av, noko som også kjem til syne i intervjuet frå prestane. Noko forenkla kan det forklarast som at presterolla har sin eigen identitet, eller at personen som

er prest kan ha ei form for ulike identitetar i desse to rollene (som enkeltindivid og som prest). Det seier seg sjølv at det kan vere krevjande. I tillegg vekslar prestane mellom meir og mindre pedagogiske roller. Sjølv om dette prosjektet ikkje har gått i djupna av enkeltindividua sin språkbruk og korleis dette heng saman med eigen forståing av identitet, og forholdet mellom språk og identitet på ein slik måte, er identitetsomgrepet høgst relevant fordi materialet frå intervjua viser at rolleforståinga heng nøye saman med korleis prestane akkommoderer. Det mest sentrale er likevel den sosiale gruppeidentiteten i kyrkjerommet. Ut frå intervjua (6.6.1) verkar denne identiteten svært dynamisk.

Tilpassing

Rolle- og identitetsoppfatning heng nøye saman med korleis prestane akkommoderer. I Brita Høyland (2021) si doktorgradsavhandling kom det fram at lærarane har ulike syn på korleis dei tilpassar seg elevane, og som nemnt i 3.3.2 meinte ein av lærarinformantane at ho forenkler læringa for elevane ved å velje enklare ord. Høyland (2021, s. 31) ser sjølv tilpassinga som akkommodasjon mot ei språkleg norm lærarane oppfattar at passar til nivået elevane er på. Med dette som utgangspunkt kan ein peike på fleire likskapar mellom lærar og klasserom og prest og kyrkjelyd. Datamaterialet frå gudstenestene eg har observert, viste oss at det blir brukt meir dialekt i møte med barn og unge. I intervjua har dette ikkje kome fram eksplisitt som ein bevisst språkleg strategi. Det intervjua derimot har gitt oss innsikt i, er at prestane vil tilpasse seg kven som er i kyrkjerommet og at prestane forsøker så godt dei kan å bruke eit enklare språk som inneber meir forklaring i møte med barn kontra vaksne (som «tåler et litt mer teologisk språk»).

Dette kan sjåast som eit uttrykk for at dialekt blir sett på som eit enklare og meir pedagogisk språk, i og med at det er standardformene som viker når ein pratar til ei yngre målgruppe. Det underbygger også påstanden om at formene på orda *har* noko å seie, sjølv om prestane sjølv i større grad legg vekt på val av ord kontra bøyingsendingar. Det er også verdt å nemne det som skil klasserommet og kyrkjerommet frå kvarandre. Klasserommet bygger mykje på gjensidig dialog, som gir lærarane ei høgare grad av kunnskap og innsikt om kva nivå elevane faktisk er på. Ei slik forståing er ikkje mogleg på same måten i kyrkjerommet, sidan det er monologisk praksis. Det legg vidare til rette for at det i større grad (i kyrkjerommet enn i klasserommet) blir subjektive opplevingar om kva barn og unge (og vaksne) faktisk forstår eller ikkje forstår.

Vi har sett fleire døme på at prestane er opptatte av å kome kyrkjelyden i møte språkleg. Til dømes i tabell 6 (jf. 5.2.2) vel presten a-ending i infinitiv når han normerer (som er eit

kjennemerke for dialekta på staden) sjølv om det er mogleg med e-infinitiv i målforma – ein variant som er identisk med den han har i si eiga dialekt. Det er såleis ei tydeleg tilpassing til kyrkjelyden og den tradisjonelle dialekta. Dette inneber også at det for denne presten (bokmålsbrukar i nynorsksokn) blir *standard* og ikkje dialekt som legg til rette for å tilpasse seg den lokale dialekta. Eg tolkar det også som at presten prioriterer den sosiale gruppeidentiteten for kyrkjelyden. Datamaterialet (jf. 6.1.4) viser oss også at kyrkjelyden kan variere i form av at det vil vere ulike personar som utgjer den, og konteksten, til ein kvar tid, og at dette spelar inn på korleis prestane tilpassar seg. På same måte som at prestane tilpassar seg ei yngre målgruppe, tilpassar dei seg også ei eldre målgruppe. Vi har fått indikasjonar på at presten i høgare grad vil tilnærme seg den lokale dialekta dersom det er eldre menneske til stades i kyrkjelyden. Samla sett syner datamaterialet at skjer ulike former for akkommodasjon, og ut frå mine funn er det grunn til å tenke at bruken av standard og dialekt vil vere ulike måtar å divergere eller konvergere – med individuelle tilnærmingar frå dei særskilde prestane.

Kravet om autentisitet

Prestane som utfører yrket, er i høg grad ei yrkesgruppe som på mange måtar må gi avkall på det autentiske ved sitt eige språk, og informantane mine har vist at dei alltid vil gjere sitt beste for å prioritere kyrkjelyden: det er det dei er til for i presterolla, seier dei sjølve. Likevel finst det eit ønske om å halde fast på ein bit av det autentiske ved seg sjølv og sitt eige språk. Noko som viser dette godt er døme (7)d. (jf. delkapittel 5.2.3), der B1 tok inngangen til truvedkjenninga på nynorsk og ikkje bokmål. Og som de kanskje hugsar frå eit av sitata i delkapittel 6.1.2, seier ho sjølv: «då må eg berre be om tilgivelse» – vel og merke etterfølgt av ein latter. Om ein ser dette i samanheng med den relasjonelle autentisiteten (jf. Sollid, 2008 (sjå delkapittel 3.3.2)), kan det verke som at BM1 her – om enn noko ubevisst – valte den verbale uttrykkinga som er nærast opp mot det som er autentisk for ho kontra kyrkjelyden.

I delkapittel 6.1.2 kom det fram at begge sokneprestane har ei draging mot nynorsken. Sett i samanheng med 'det nynorske folkespråket' (jf. Halse, 2015, sjå delkapittel 3.1.2) kan ein lure på om det ikkje ligg noko i dette, sjølv om det ikkje er heilt enkelt å sette fingeren på. Det *kan* tale for at nynorsken rett og slett blir sett på som eit godt eigna språk i kyrkjeleg samanheng – i alle fall for desse to presteinformantane. Heilt enkelt er det likevel ikkje. Eg vil minne om NN1 sitt sitat frå delkapittel 6.1.3, der han seier det ikkje ville falle han inn å lage ein dialekt ut av det liturgiske, og særleg ikkje på nynorsk. Det er altså utenkeleg å skulle lage dialekt ut av nynorsken i det liturgiske språket *sjølv om* denne presten uttrykker sterkt at han likar nynorsk,

og egentleg føretrekker det. Noko som potensielt kan verke inn på dette, er at NN1 representerer landets majoritet- og prestisjespråk. I møte med meg og min språklege bakgrunn, kan det tenkast at han kjenner seg plikta til å støtte minoritetsspråket både kjenslemessig og prinsipielt. BM1, som identifiserer seg sterkt med nynorsken, kjenner seg truleg ikkje plikta til det same, og det kan sitte lengre inne for ho å vere solidarisk med målforma for soknet.

Prestane ønsker altså å vere autentiske overfor kyrkjelyden, men dei ønsker likevel å halde fast på ein bit ved det autentiske ved seg sjølv og sitt eige språk. Det manar fram spørsmålet: Kven er det ein skal vere autentisk for? Sjølv om kyrkjelyden står i fremste rekke, er det vanskeleg å stå i rolla som prest utan å kunne kjenne seg autentisk òg overfor seg sjølv. Kanskje det å kunne veksle mellom standard og dialekt i ei og same gudsteneste, for mine informantar vel og merke, er ein måte å kunne gjere begge deler på same tid? Funna frå intervjuet viste oss at NN1 (bokmålsbrukar i nynorsksokn) har blitt vand med å bruke nynorsk og ser på det som naturleg for han etter å ha gjort det ei stund. BM1 (nynorskbrukar i bokmålsokn) legg også til rette for at det kanskje blir meir naturleg å bruke bokmål med tida, då ho ikkje har vore prest i soknet like lenge som NN1 har i sitt. Med utgangspunkt i at ulike språklege register oppstår gjennom frekvent kontakt med dei ulike gruppene (jf. Ferguson, 1994, s. 20), er det relevant kor lenge ein har vore prest på den aktuelle staden. BM1 har hatt mindre tid til å etablere sin språklege åtferd enn NN1, og det er greitt å hugse på at den same presten har ulike språklege strategiar basert på kva sokn ein har jobba i, og jobbar i. Det er også sentralt at ein ikkje kan sjå gudstenesta som ein statisk kontekst. Til dømes vil ei vanleg gudsteneste vere annleis enn ei julegudsteneste, men også gudstenesta i seg sjølv inneheld fleire ulike bolkar som krev ulik språkleg åtferd. Ulike register blir brukt i den same konteksten, og preike og liturgi er av ulik karakter og legg til rette for varierende språkbruk. Korleis språkbruken høyrer ut, er svært individuelt basert på prestane.

Vekslinga mellom standard og dialekt i same gudsteneste, og den språklege åtferda blant prestane generelt, krevjer med andre ord øving. Sjølv om prestane vil ha sine preferansar på kva som er naturleg språkbruk, kan det tenkast at det autentiske ikkje berre kjem fram via anten dialekt eller standard. Kanskje er prestane autentiske nettopp ved å meistre ei slik veksling. Det er ein kompetanse som ikkje så mange har i Noreg i dag, og det kan hende ein bør sjå dette som berikande, slik vi ser fleirspråklege som språkleg rike.

7.4 Har standard og dialekt ulike bruksområde i gudstenestene?

Det bringar med vidare til spørsmålet om standard og dialekt kan ha ulike bruksområde. Datamaterialet viser tydeleg at standard har god plass i gudstenestene, og at standard og dialekt har ulike bruksområde med kvar sine funksjonar. Det er viktig å hugse på at kva denne funksjonen er, kan varierer i takt med dei einskilde prestane sine språklege bakgrunnar. Om ein brukar NN1 som døme, som opphavleg er bokmålsbrukar og har sei sentralaustnorsk dialekt, så er det nettopp nynorsk som er standard for han i nynorsksoknet. Han brukar nynorsken for å tilnærme seg kyrkjelyden, og dialekta for å prate i tråd med sitt naturlege talemål. Medan anekdoten frå Jæren tilseier at nokre prestar vil prate dialekt gjennom heile gudstenesta, så viser mitt materiale derimot at standard får rikeleg med plass. Prestane uttalar seg om kva som blir sett på som mest passande i dei ulike delane av gudstenesta og deira respektive formål, men også kva som er gevinsten ved bruk av ulike varietetar. Datamaterialet frå dei observerte gudstenestene underbygger desse påstandane, då vi har sett at det finst eit mønster i når ein brukar dialekt og standard: Mest standard i liturgi og mest dialekt i preika. Materialet frå gudstenestene gir derimot fleire nyansar til det sokneprestane sjølv uttalar seg om, i form av at kvar prest har sine ulike måtar å gjere det på. I tillegg veit vi at det også oppstår dialekt i liturgi og standard i preike. Diskusjonen om gevinst ved bruk av ulike varietetar blir også eit smeltepunkt for det sosiolingvistiske og det kyrkjelege. For sjølv om vi i sosiolingvistikken er vande med å prate om standard kontra dialekt, så har den teologiske retninga ei anna form for djupne i det som angår det same. Det illustrerer også korleis desse to retningane kan utfylle kvarandre.

Nærleik og distanse

Nesse (2015, s. 95) fortalte frå sine presteinformantar korleis standard blei ein slags yrkesuniform medan dialekt blei eit uttrykk for det autentiske. Denne kompleksiteten har vi sett også frå mitt eige datamateriale. I kapittel 5 såg vi at prestane brukar standard og dialekt i varierende grad, og spesielt NN3 sin språkbruk kan vitne om at ein standardvarietet nettopp kan understreke ei slik rolle. Ein kan lure på om ikkje denne yrkesuniforma er under utvikling, kor dialekta og autentisiteten utgjer ein vel så viktig del av drakta. Det er ikkje utenkeleg at dette har med å gjere med eksterne faktorar å gjere. Presteutdanninga, språksosiale forhold i samfunnet i dag og alder kan spele inn på dette. Det er nemneverdig sjølv om eg ikkje har inkludert dette som analytiske faktorar for denne undersøkinga. Som nemnt i 3.2.1 tar Thomasen (2008, s. 530) til orde for at det i møte med det heilage bør vere element av avstand, som standardnormene kan underbygge. Datamaterialet for denne undersøkinga gir både støtte

og motstand til ei slik tilnærming. Det blir støtta blant anna ved at standard og dialekt må seiast å ha kvar sine bruksområde, med ulike gevinstar. Til dømes blir standard i større grad brukt i dei liturgiske delane som inneber innhald av ein sterkare heilag karakter (samanlikna med preika), samtidig som det sjølvstøtt er ein grunn til at NN1 brukar standard i liturgien – nettopp for å oppretthalde ein slags avstand til innhaldet. Samtidig bidrar standardnormene til å underbygge element av nærleik ved å kunne bruke målforma til å tilpasse seg kyrkjelyden og kome dei i møte språkleg. For det er inga sjølvfølge at presten på den aktuelle staden delar dialekt med kyrkjelyden.

BM1 seier følgjande: «at òg menigheten kan få lov til å kjenna på at ein ikkje krype for nær, viss ein har ein tendens te da». Sitatet talar for at det ikkje alltid er nærleik ein vil ha, og standard kan vere gunstig for å markere både ønska og nødvendig distanse. Vidare kunne ein ha diskutert det å skulle oppretthalde nærleik til Ordet (meningsinnhald i gudstenesta) og kyrkjelyden samtidig. Ser ein dette opp mot kravet om autentisitet, som er nært knytt til det som har med nærleik å gjere, verkar prestane å vere litt splitta i det å vere både nær og distansert på same tid. Ein skal vere nær og autentisk, men heller ikkje for tett på, og dermed også distansert. Kanskje er vi her inne på kjernen av det som har med standard og dialekt i kyrkja å gjere: Kva prestane legg i dette subjektivt, vil ha mykje å seie for den språklege praksisen. Og dette tveigga sverdet kjem til syne også språkleg, ved at prestane nettopp vekslar mellom dialekt og standard – og i ulik grad.

På den eine sida ser vi altså at nærleik, naturleg språk og autentisitet retta mot kyrkjelyden er viktig for prestane. På den andre sida ser vi også at det ikkje er gitt at det alltid er nærleik og autentisitet ein vil ha. Dette skil denne studien frå sosiolingvistiske studiar av kvardagsspråk der nærleiken får mykje fokus. Eg vil også minne om sitatet frå BM1 i delkapittel 6.1.3:

Så eg tenke vel sjølv at en ska ver veldig bevisst på kortid en i rolla som prest e på vegne av menigheten og så e da faktisk er poeng at språket då e litt sånn normert kanskje. Fordi fleire kan vere med, ja, da blir kanskje ikkje så personleg, men ka e da største poenget?

Dette impliserer at normert tale kan gjere at fleire kan vere med (jf. Thomasen, 2008). Medan det blir mindre personleg for presten, så er poenget at kyrkjelyden skal vere med. På vegne av kyrkjelyden, og ikkje presten sjølv, er det altså potensielt eit poeng at det er litt normert. Vi har likevel sett nyansar i mitt materiale som gjer at ein ikkje kan reindyrke eit slikt perspektiv. Eg

nemnde også tidlegare i oppgåva at det kan sjå ut til at den såkalla prestestemma er på veg ut. Dette baserer eg på at gudstenestene eg har observert, har vist oss mange innslag av dialekt, og at intervjuar gir uttrykk for at prestane ønsker å unngå den typiske prestestemma. Den gamle prestestemma er i høg grad knytt til standardspråket (og formene), men også prosodiske element som lengde, tonelag og trykk. Det prosodiske aspektet er noko av det som har gitt prestestemma i dag konnotasjonar som litt prippent eller unaturleg, men ein bør hugse på at dette også var knytt til det å nå ut til dei på bakerste rad. I dag brukar prestane mikrofonar, og kan sleppe unna ei slik erketyrisk prestestemme. Men på bakgrunn av konnotasjonane som framleis heng igjen til ei slik prestestemme, er det naturleg at mange tenker at standardspråket er på veg ut, og at det er dialekta som skal vere det nye språket i gudstenestene. Så enkelt er det likevel ikkje, og vi ser i mitt materiale at standard framleis er til stades – og det med ein intensjonell (og mindre intensjonell) funksjon. Ein kan såleis diskutere om ikkje standard er i ferd med å få ein ny funksjon, lausrive frå den erketyriske prestestemma.

Eit viktig funn frå datamaterialet er at ingen legg om til den lokale dialekta på staden. Om ein legg om til dialekt, så er det presten si eiga dialekt, ikkje den lokale. Slik sett ser det ut til at det er nettopp standardnormene som bidrar til det å vri seg over mot kyrkjelyden språkleg, då dei har ei målform basert på kva som ligg nærast den lokale dialekta. Det er altså ikkje alltid slik at nærleik koplast til dialekt og standard koplast til distanse, sjølv om dialekt er det som best uttrykker det personlege ved presten, og standardnormene er det som best uttrykker formidlarrolla. Slik vil presten til dømes ikkje 'stå i vegen' for innhaldet som presten formidlar i til dømes liturgi. Med NN1 som utgangspunkt, kan det verke som at standard for han, blir ein måte å skape nærleik til kyrkjelyden i tillegg til meiningsinnhaldet i gudstenesta på. Samla sett viser datamaterialet eit interessant mønster: Prestane er i ei rolle og del av ein sterk gruppeidentitet, men dei også behov for å halde på det individuelle i denne rolla. Såleis får ulike varietetar ulike bruksområde. I dialekta kan ein vere litt meir i kontakt med seg sjølv, og også vere autentisk overfor kyrkjelyden. Med standard kan ein markere avstand, men også i visse tilfelle markere nærleik. Det ser ut til å vere verdifullt for prestane å kunne veksle mellom varietetane, om ein ser datamaterialet frå gudstenestene i lys av intervjuar.

Internaliserte og vedtatte normer

I delkapittel 3.3.3 nemnde eg at ulike typar nettverk heng saman med språkleg åtferd, fordi det i ulike nettverk dannar seg ulike normer for språkleg praksis. Dei internaliserte normene, som Brunstad (2000, s. 117) kallar for dei tause språknormene, viser til haldningar, intuisjonar og

forventningar om kva som er korrekt, mogleg og meningsfull språkbruk. Dei vedtatte normene (eksplisitt formulert) omhandlar om offisielt kodifiserte normer, til dømes i kraft av vedtak. På bakgrunn av blant anna «Alminnelige bestemmelser for Ordning av hovedgudstjeneste» (2019) og «Ordning for hovedgudstjeneste» (2019), veit vi at prestane allereie har vedtatte språknormer å ta omsyn til. I observasjonsmaterialet fekk vi sjå korleis dette såg ut i praksis (jf. kapittel 5). Standardformene er i høg grad mest representerte i dei delane av gudstenesta som tar for seg lesing av sterkt normert tekst (L), noko som ikkje er rart når vedtatte normer heng nøye saman med skriftspråk (Vannebo, 1980, s. 7). Dialektformene er for det meste representerte i preika, men ein må ikkje gløyme at dei også inntreffer i andre delar av gudstenesta. Det er fleire døme av dette frå dei observerte gudstenestene (jf. døme (7)d og tabell 9 frå BM1). På same måten skjer det motsette, altså at standardformene blir realiserte også i preika hos til dømes BM2 (jf. tabell 10).

Det uniplekse nettverket (Milroy & Margrain, 1980, s. 51) legg til rette for at det er mange som har språklege forventningar til presten samtidig. Dette kjem til uttrykk til dømes frå kyrkjelydsleiarane, som blant anna peikar på at språket må ikkje vere «for slængpreget» (jf. kyrkjelydsleiaren i BM sokn), og helst «vanlig språk, ikke noe tilgjort» (jf. kyrkjelydsleiaren i NN sokn). Både slang og vanleg språk høyrer saman med dialekt, og ein kan spekulere i kor vidt dette kan tolkast som eit ønske om dialekt under gudstenestene. Det er heller ikkje urimeleg å gå ut frå at det er utfordrande for prestane å skulle treffe balansegangen mellom det vanlege og det høgkyrkjelege til ei kvar tid. Kva som er rett eller gale, likande eller ikkje, blir utfordrande når mottakarane av avsendarspråket er ei samansett gruppe individ, med kvar sine preferansar. Dei vedtatte normene legg føringar for prestane, og det same gjer dei internaliserte normene for kva som er gode eller dårlege normer, noko som er svært komplekst då både prest og kyrkjelyd kan ha ulike inntrykk av den same problemstillinga.

7.5 Kva som er kome fram av undersøkinga og vidare forskning

Då eg begynte dette prosjektet, hadde eg ein tanke om at det ville vere meir dialekt i preika enn i liturgi og anna tekstlesing. Dette stemmer for dei to sokna eg har undersøkt. I kva grad det blir brukt standard eller dialekt i gudstenesta, og kvar det skjer, verkar å vere svært avhengig av dei einskilde prestane. Vi har sett at dei som jobbar med språkleg praksis i gudstenestene, er svært opptatte av å kome kyrkjelyden i møte språkleg, både i form av salmar, preiker og tekstlesingar, og vi har sett at tilhengjarar av kyrkjelyden har individuelle preferansar – likeins prestane. Prestane sine identitets- og rolleforståingar og den sosiale gruppeidentiteten er også sentralt for

korleis dei ulike resultata av språklege strategiar høyrer ut i praksis, saman med språklege forventningar, preferansar og retningslinjer. Prosjektet underbygger gudstenesta som ein kompleks språkleg arena, som legg til rette for vidare forskning på same domene. Datamaterialet illustrerer at mykje av ansvaret kviler på dei individuelle prestane, og når vi då har sett at det er så individuelt berre for desse to sokna, er det høgst tenkeleg at det finst mange fleire tilnærmingar til språkleg praksis i norske gudstenester i dag, enn det som har kome fram av mitt materiale.

Med dette som utgangspunkt, meiner eg at datamaterialet har generert fram to tydlege hypoteser:

1) Standardvarietetane (skriftnær tale av målformene) er ikkje på veg ut av gudstenestene i sin heilheit, og har sin naturlege plass i likskap med dialekt. Datamaterialet som danna grunnlaget for denne undersøkinga, har vist oss at standard har ein funksjon, slik som også dialekt har ein funksjon. Kva funksjon standardvarieteteten får, kan vere sterkt prega av dei individuelle prestane sine språklege bakgrunnar.

2) Det er stort mangfald av språklege strategiar i norske gudstenester, og det er grunn til å tenke at den språklege praksisen vil variere etter geografi.

Forskinga på språk og kyrkje kan utviklast vidare ved å gjere liknande undersøkingar som denne også i andre område. Med utgangspunkt i at Austlandet generelt er ein annleis region når det gjeld til dømes dialektnivellering i dag, hadde det vore gunstig å samle materiale også der for ei større kartlegging av språkbruk i norske gudstenester. For å få vidare kunnskap om språkbruk i kyrkja og utvikle forskinga på språk og kyrkje, bør ein gjere større kvantitative studiar med taleopptak for eit heilskapleg bilde av språkbruken. Når det er sagt, meiner eg også at kvalitative metodar, og kvantitative og kvalitative metodar saman, kan gi mykje innsikt og relevant kunnskap om ein språkleg kontekst vi veit lite om. Fleire kvalitative intervju med prestar i ulike aldrar, og med ulik geografisk tilhøyrse, kan gjere det sosiolingvistiske fagfeltet rikare. I tillegg kan spørjeundersøkingar blant kyrkjelydane gi oss verdifull innsikt om språkhaldningar. Dessutan kan forskinga på språk og religionsutøving generelt vere svært interessant å utforske, med tanke på fleirspråklegheit og eit rikt spekter av religiøse samfunn i dag. Moglegheitene er mange!

8.0 Litteraturliste

- Akselberg, G. (2008). Sosiolingvistisk metode. I Akselberg, G., Mæhlum, B., Røyneland, U. & Sandøy, H. (Red.) *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk* (utg.2). (s. 73-103). Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Almashy, A. (2016). Mixed methods in linguistics research: a critical methodological review. *International Journal of Information Research and Review*. 07(3), 2602-2603.
- Almenningen, Olaf. (1984). Målstrev og målvokster 1905–1913. *Organisering, ideologi og arbeidsoppgåver*. Oslo: Samlaget.
- Balsnes, A.H., Christensen, S., Christoffersen, J. T., & Mosdøl, H.O. (2015). Strategier for involvering i gudstjenesten. I *Gudstjeneste à la carte: liturgireformen i Den norske kirke*. Oslo: Verbum akademisk.
- Baumann-Larsen, M. (1973). The function of dialects in the religious life of the Bornholm inhabitants. I *Zur Theorie der Religion/Sociological Theories of Religion*, 236-242. Springer.
- Brubaker, R. & Cooper, F. (2000). Beyond "Identity". *Theory and Society*, 29, 1-47. <https://www.jstor.org/stable/3108478>
- Brunstad, E. (2000). Alltid fleire normer: Refleksjonar kring språknormomgrepet og talemålsgranskinga. *Målbryting*, (4) 115-128. <https://doi.org/10.7557/malbr.2000.4>
- Bull, T. (2002, u.d.). Elias Blix og framveksten av det nynorske kyrkjespråket. Henta frå https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_2002/Spraaknytt_2002_1/Elias_Blix_og_framveksten_av/
- Den norske kyrkja (2019). *Alminnelige bestemmelser for Ordning for hovedgudstjeneste*. Henta frå: https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/gudstjeneste--liturgi/gudst2011_2019_alm_bestemmelser_hgudst_bokm.pdf
- Den norske kyrkja (2019). *Ordning for hovedgudstjeneste*. Henta frå: https://kirken.no/globalassets/fellesrad/lier/bilder/menighetene/frogner/diverse/2019/km_05_1_9_justering_ordning_hovedgudstjeneste_og_alm_bestemmelser_vedtak.pdf
- Den norske kirke (2021, u.å. Liturgi. Henta frå: <https://kirken.no/nb-NO/kristen-tro/gudstjeneste/liturgi/>
- Dyvik, H. (1993). Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk. *Standardspråk og dialekt. Seminarer i Oslo 1991 og 1992*. Bergen: Bergen Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 159-174.

- Erdal, E.S. (2013). *Med språket som verktøy. Ein kvalitativ sosiolingvistisk studie om språket brukt i dramatikk*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistikk og nordiske studier, Universitetet i Oslo.
- Ferguson, C. A. (1994). Dialect, Register and Genre: Working Assumptions About Conventionalization. I D. Biber & E. Finegan (Red.), *Sociolinguistic Perspectives on Register* (s. 15-30). New York: Oxford University Press.
- Giles, H., & Ogay, T (2007). Communication Accomodation Theory. I *Explaining communication: Comtemporary theories and exemplars* (s. 293-310). Mahwah, NJ: Lawrence Earlbaum.
- Gjefsen, R. (u.å.). *Naturleg nok*. Upublisert manuskript. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen.
- Grønmo, S. (2011). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget
- Hårstad, S. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by – en sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim* (Doktorgradsavhandling, NTNU). Henta frå <https://core.ac.uk/download/pdf/52101783.pdf>
- Haugen, R. (1998). Variasjon og endring i sogndalsdialekten: ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Sogndal. Målbryting (1).
- Hashemi, M.R. (2012). “Reflections on Mixing Methods in Applied Linguistics Research”, *Applied Linguistics*, 33(2), 206-212.
- Hårstad, S. & Opsahl, T. (2013). *Språk i byen – Utviklingslinjer i urbane språkmiljøer i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hårstad, S., Lohndal T. & Mæhlum B. (2017). *Innganger til språkvitenskap – teori, metode og faghistorie*. Oslo: Cappelen Damm.
- Isdal, Å. (2009). «Bokmål er en maske jeg tar på meg i situasjoner som krever en viss avstand. Dialekta er meg.» – om skriftlige praksisformer på nettstedet Facebook (Mastergradsoppgåve). NTNU, Trondheim.
- Johnstone, B. (2000). *Qualitative Methods in Sociolinguistics*. New York: Oxford University Press.
- Kirkeordning for Den norske kirke. (2021). Kirkeordning for Den norske kirke (FOR-2019-03 30-2307). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-03-30-2307>

- Kjelaas, I. (2020). Etnografi i norskdidaktiske masterprosjekt. I Neteland, R & Aas, L.I (Red.), *Master i norsk. Metodeboka 2.* (s. 26-48). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kulbrandstad, L. A. (2015) Språkholdninger. *NOA Norsk som andrespråk*, 30(1-2), 247-281. Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/2379883>
- Jahr, E. H. (2007): Bruk av omgrepa ‘standardtalemål’, ‘normalisering’ og ‘knot’ for å skildre språktilhøva i Noreg i dag. I Akselberg, G. & Myking, J. (Red.). *Å sjå samfunnet gjennom språket: heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen* (s. 93-98). Oslo:Novus.
- Labov, W. (1966). *The social stratification of English in New York City*. Washington, DC: Center for Applied Linguistics.
- Labov, W. (1979). *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Philadelphia Press.
- Le Page, R. B. og Tabouret-Keller, A. (1985). *Acts of Identity: Creole-based Approaches to Language and Ethnicity*, Cambridge, Cambridge University Press.
- Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte – innføring i sosiolingvistik* (2. utg.). (s.105-126). Oslo: Cappelen akademiske forlag.
- Mæhlum, B. (2009) Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 27(1), s. 7-26. Henta frå http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf
- Milroy, L. (1980). *Language and social networks*. Oxford: Basil Blackwell.
- Milroy, L. & Margrain, S. (1980). Vernacular Language Loyalty and Social Network. *Language in Society*, 9, 43-79. Henta frå <http://web.stanford.edu/~eckert/Courses/ParisPapers/MilroyMargrain1986.pdf>
- Mållova. (1981). Lov om målbruk i offentlig teneste (LOV-1980-04-11-5). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5>
- Nesse, A. (2015): Bruk av dialekt og standardtalemål i offentligheten i Norge etter 1800. I *Talemål etter 1800. Norsk i jamføring med andre nordiske språk*. Oslo:Novus.
- Prop. 108 L (2019-2020). (2019-2020). Lov om språk (språkløva). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/>
- Reknes, H. (u.å.). *Å være organisk som seg selv – en kvalitativ sosiolingvistisk studie av det moderne scenespråket*. Upublisert manuskript. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, Universitetet i Bergen.

- Røynealand, U. (2005) *Dialektnivellering, ungdom og identitet, Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset.* (Doktorgradsavhandling, UiO). Henta frå https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015060208019
- Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet – fra vitenskapsteori til feltarbeid.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Sandøy, H. (2009). Standardtalemål? Ja, men ...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet. *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 27(1), s.27-49. Henta frå: http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf
- Sandøy, H. (2011). Language culture in Norway: A tradition of questioning standard language norms. I T. Kristiansen and N. Coupland (Red.) *Standard Languages and Language Standards in a Changing Europe.* (s. 119-126). Oslo:Novus.
- Skjekkeland, M. (2010). *Dialektlandet.* Kristiansand. Portal forlag.
- Sollid, H. (2008). Autentisitet på nordnorsk. *Målbryting*, 9, s. 69-91.
- Sundby, N. K. (1978). *Om normer.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Svennevig, J. (2009). *Språklig samhandling: Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse.* (2. utg.). Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Tabouret-Keller, A. (1997). Language and Identity. I F. Coulmas (Red.), *The Handbook of Sociolinguistics* (s. 315-326). Oxford: Basil Blackwell.
- Thomassen, M. (2008). Gudstjenesten som speiling av det individuelle eller kollektive subjekt? *Kirke og kultur*, 6.
- Thomassen, M. & S. Lomheim (2013). *Når dere ber: Om liturgisk språk og utforming av bønner til gudstjenesten.* Oslo: Verbum.
- Trudgill, P. (1974). *The social differentiation of English in Norwich.* Cambridge: Cambridge University Press.
- Trudgill, P. (1972). Sex, covert prestige and linguistic change in the urban British English of Norwich. *Language in Society* 1. Cambridge University Press.
- Vannebo, K. I. (1980). Om språkvitenskapens norm-begrep. *Tijdschrift voor skandinavistiek*, 1, s. 3-23.

Vinje, F. E. (1998). Talemålsnormering i NRK. I R.V. Fjeld & B. Wangensteen (Red.), *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*, (s. 143-157). Oslo: Nordisk forening for leksikografi.

Vedlegg 1: Materiale frå observerte gudstenester

5.4 Ord og frasar med litt meir kontekst

- (1) g. 'ikke' (P, NN1)
h. 'kan en kvinne glemme' (P, NN1)
i. 'gaver' (P, NN1)
j. 'bare være' (P, NN1)
- (2) g. 'ikkje høyre på mi røyst' (L, NN1)
h. 'til ein annan kar' (L, NN1)
i. 'dine gåver' (L, NN1)
j. 'vera di kyrkje' (L, NN1)
- (7) g. 'jei sier dei' (L, BM1)
h. 'jei tror på gud fader' (L, BM1)
i. 'vi priser dei' (L, BM1)
- (8) g. 'vera til hjelp' (P, BM1)
h. 'dåkke' (TF, BM1)
i. 'kvar og ein av oss' (P, BM1)
j. 'ekje alltid enkelt' (P, BM1)
- (9) g. 'la oss venne oss til gud i bønn' (L, BM2)
h. 'for alle syke og nedbrutte, ber vi til de:i' (L, BM2)
i. 'herren løfte sitt åsyn på de:i og gi de:i fred' (L, BM2)
j. 'et rent hjerte' (L, BM2)
k. 'som herren har plantet' (L, BM2)
l. 'han har sendt meg (me:i) for å' (L, BM2)

- m. 'i stillhet vil vi nå legge frem for deg (de:i), det hver og en av oss har på hjertet' (L, BM2)
- (10) g. 'vi sitte ikkje i fengsel' (TF, BM2)
h. 'vi skal vakne til kvar dag' (P, BM2)
i. 'jesus var ikkje berre' (P, BM2)
j. 'den vaksne mannen' (P, BM2)
k. 'en profeti som hadde så mang en trøst' (TF, BM2)
l. 'nåde e kanskje eit av dei vakraste orda eg veit' (P, BM2)
m. og så synge vi dei 4 versa av tenn lys (TF, nådehelsing? (BM2)
n. 'den kristne tro' (P, BM2)
o. 'det vakje berre hennar første barn' (P, BM2)
p. 'då gjenstår det berre å sei gå i fred og tjen herren med glede' (L, BM2)

Vedlegg 2: Informasjonsskriv

Vil du delta i forskingsprosjektet «Språkleg praksis i norske kyrkjer»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å undersøke språkleg praksis i norske kyrkjer i dag. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva det vil innebere for deg å delta.

Føremål

Kyrkja som kommunikasjonskontekst har fleire likheiter med beslekta domene som til dømes teater og kringkasting. Ein kan trekke parallellar til språkbruk prega av rolle og framføring, samstundes som det er fleire aspekt som skil desse beslekta domena frå kvarandre. Blant desse er det at kyrkja i seg sjølv står for eit religiøst innhald av særige karakter. Kommunikasjonen i gudstenesta er svært knytt til eit eksistensielt felt hos dei som oppsøker den, og språkbruk i kyrkja diskuterast blant både teologar og delvis lingvistar. Likevel veit vi lite om faktisk språkleg praksis i kyrkja i dag. I motsetnad til teologisk orienterte studiar, vil denne undersøkinga ta mål av seg til å vere eit tilskot til forskinga på språk i offentlege domene.

Prosjektet er ei masteravhandling utført ved UiB.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Ansvarleg for prosjektet er Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar ved Universitetet i Bergen.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Utvalet er trekt ut basert på stillingstittelen og arbeidsoppgåver til vedkomande i dei ulike kyrkjesokna. Det er eit ønske for meg å intervjuje både prest, kantor og kyrkjelydsleiar i dei ulike sokna eg undersøker. Det er i all hovudsak to ulike sokn, det vil seie primært 6 personar. Eg spør deg om å delta på dette prosjektet etter å ha prata med soknepresten for ditt sokn og fått informasjon om kven som er i noverande stillingar som prest, kantor og kyrkjelydsleiar.

Kva vil det innebere for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du stiller til eitt kvalitativt intervju, som vil ta deg alt mellom 1 til 2 timar. Spørsmåla du vil bli stilt går på språkleg tilpassing og tankar om språklege rammeverk for din arbeidsstad, Den norske kyrkja. Dette med unntak av kyrkjelydsleiarane, som driv frivillig arbeid tilknytt same institusjon. Opplysningar som samlast inn er din stillingstittel og informasjon om geografisk tilknytning. Namnet ditt vil bli registrert til samtykke og for at eg skal kunne skilje dei ulike personane frå kvarandre. Ditt namn er heilt anonymt i sjølve oppgåva. Intervjua blir tatt opp ved bruk av lydopptakar. Fysiske lydopptak blir ikkje publisert i oppgåva, og er kun for å kunne attfortelje delar av innhaldet skriftleg i oppgåva.

Det er frivillig å delta

Det er heilt frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke ditt samtykke tilbake utan å oppgi årsak. Alle dine personopplysingar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg frå prosjektet.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarar og brukar dine opplysingar

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt deg om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Ved behandlingsansvarleg institusjon UiB er det eg som student og min rettleiar som vil ha tilgang til datamaterialet. Opplysingane som publiserast er din stillingstittel og kva institusjon du jobbar for (Den norske kyrkja). Noko informasjon om di geografiske tilknytning kan ikkje utelatast heilt. Du som deltakar vil dermed kunne bli kjent att av personar som veit kven som innehar dei ulike stillingane i ditt sokn. Til dømes om ein veit kven som er kyrkjelydsleiar for Bergen domkirke menighet.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane vil anonymiserast når prosjektet er godkjent, noko som etter planen er rundt 14. juni 2021. Data vil bli oppbevart utan personopplysingar.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysingane
- å få retta personopplysingar om deg
- å få slettet personopplysingar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysingar.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar ved UiB har NSD – Norsk senter for forskingsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kor kan eg finne ut av meir?

Om du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- *UiB, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar*, ved Ingrid Gulbrandsen Årdal på tlf. 97481168 eller e-post ingrid.ardal@uib.no. Du kan også kontakte rettleiar for prosjektet, Agnete Nesse, ved e-post Agnete.Nesse@uib.no.
- Vårt personvernombud: personvernombud@uib.no

Om du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Venleg helsing

Agnete Nesse
(Forskar/rettleiar)

Ingrid Gulbransen Årdal
(Student)

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Språkleg praksis i norske kyrkjer*, og har fått moglegheit til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at opplysingar om meg publiserast slik at eg kan gjenkjennast av personar som skulle ha nærare kjennskap til mitt arbeid

Eg samtykker til at mine opplysingar behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 3: Intervjuguide I

Intervjuguide – sokneprestane

- Kva er ditt forhold til eigen språkbruk som prest?
- Møter du på utfordringar knytt til språkbruk når du førebur og held gudstenester?
 - Oppfølging
- Når det gjeld språk i gudstenestene, er det ting du er enkelt å forholde seg til?
 - Viss ja: Kva då?
- Kva språklege retningslinjer har du å stille deg til som prest i gudstenestene?
- I kva grad er du fri til å utforme gudstenestene sjølv?
- Kva fokuserer du på når du utformer ei preike?
- Korleis tolkar du formuleringa om inkluderande språkbruk i «Ordning for hovedgudsteneste»? (Har dokument med formuleringa)
- Kva er di rolle som prest?
 - Både i følge arbeidsgivar, men også ifølge deg sjølv
 - Har språket noko å seie for deg i denne rolla? Korleis?
- Korleis avgjer du/kva er det som avgjer korleis du skal prate i gitte situasjonar?
- Tenker du mykje på eiga dialekt?
- Til NN: Korleis er det å vere bokmålsbrukar i nynorsksokn?
- Til BM: Korleis er det å vere nynorskbrukar i bokmålsokn?
- Tenker du over forskjellen på dialekt og standardtalemål/opplasing av målforma?
- Korleis vurderer du kva menigheten likar og/eller forstår, av språkbruk?

Vedlegg 4: Intervjuguide II

Intervjuguide – kantorane

- Kva for rolle speler språklege omsyn når ein kantor skal utøve den liturgiske delen av arbeidet sitt?
- Korleis går du fram når du skal avgjere kva liturgi/salmar/musikk som skal med og ikkje?
- Kva vurderer du når du tar stilling til kva salmar de brukar i gudstenestene?
- Korleis jobbar de rundt dette?
- Korleis vurderer du kva menigheten likar og/eller forstår, av språkbruk?
- Kor mykje har målform å seie?
- Til NN: Ligg det noko tanke bak når de brukar liturgi på bokmål?
 - Kva er det som gjer at de vel fleire salmar på bokmål heller enn nynorsk?
- Til BM: Hender det at de brukar liturgi på nynorsk i staden for bokmål?
 - Kvifor?

Vedlegg 4: Intervjuguide III

Intervjuguide – kyrkjelydsleiarane

- Kva er ditt forhold til eller tankar om språkbruk i kyrkja?
- I kva tilfelle diskuterer de saker (i menighetsrådet) som omhandlar språkbruk i kyrkja?
 - Kva er det då som diskuterast?
- Har prestane spesifikke retningslinjer å forholde seg til?
- Kor frie tøyler har ein prest kontra ein medliturg?
- Byr dykkar språklege rammeverk på utfordringar?
 - Kva då?
- I kva grad har de rom for lokal variasjon? (eit mykje brukt uttrykk i «Ordning for hovudgudstjeneste»)
 - Eventuelt: Kva er «lokal variasjon»?
 - Kva er «inkluderande språkbruk»?
- Korleis tolkar du formuleringa om inkluderande språkbruk i «Alminnelige bestemmelser for ordning for hovudgudsteneste»? (Har dokument med formuleringa)
- Har de lokale tilpassingar i språkleg utforming av hovudgudstenestene?
- Har de ei «lokal grunnordning»?
 - Kva ligg i denne?
- Korleis blir de einige om kva språklege retningslinjer som skal gjelde for dykkar kyrkje?
- Korleis vurderer de kva menigheten likar og/eller forstår, av språkbruk?
- Har du elles noko på hjartet vedrørande språkbruk i kyrkja?
 - Fungerer det? Er det ønske om annleis praksis?

Samandrag

Sjølv om kyrkjerommet er ein sentral kanal når det gjeld offentleg språkbruk, manglar vi konkret empiri om språkbruk i kyrkja. Denne oppgåva undersøker bruken av standard og dialekt to ulike sokn i Bjørgvin bispedøme i Vestland fylke, der sokna har høvesvis nynorsk og bokmål som målform. Problemstillinga tar for seg i kva grad det blir brukt standard og dialekt som ulike varietetar i gudstenestene, og korleis ein kan forstå dette ut frå eit sociolingvistisk og tekstlingvistisk perspektiv. Problemstillinga er konkretisert med følgjande forskingsspørsmål: Skil språkbruk i liturgi seg frå språkbruk i preikene? Kan formene på orda ha symbolsk verdi? Finst det sosiale eller tekstlingvistiske mekanismar som spelar inn på prestane sine språklege val? Har standard og dialekt ulike bruksområde i gudstenestene?

I dei ti gudstenestene som har blitt studert, er ulike språklege strategiar i bruk. For å utforske desse, har gudstenestene blitt loggførte etter kva variantar av eit sett språklege variablar som blir realiserte i løpet av dei. Materialet frå dei observerte gudstenestene blir og sett i samanheng med kvalitative intervju av sokneprest, kantor og kyrkjelydsleiar i begge sokn. Intervjua gir innsikt i og refleksjonar rundt den språklege praksisen for soknet og vala som blir tatt av dei einskilde prestane. Det teoretiske rammeverket som er nytta, inkluderer sociolingvistiske teoriar om klassiske identitet, rolleforståing, normer og nettverk. I tillegg er målrørsla og kyrkjespråket saman med teologiske innfallsvinklar sentrale.

Studien viser at språkleg praksis kan variere i høg grad mellom ulike sokn og individuelle prestar, og at varietetane standard og dialekt blir gitt ulike bruksområde med særskilde gevinstar når det kjem til dimensjonen nærleik og distanse. Funna utfordrar også etablerte hypotesar om at standard er på veg ut av gudstenestene for godt, og freistar å gi nye perspektiv på det som gjeld den mykje omdiskuterte standard/dialekt-dimensjonen. Resultata frå denne utforskande studien underbygger gudstenesta som ein kompleks språkleg arena, og opnar moglegheiter for vidare forskning.

Abstract

Although the church is a central medium of the public language use, there is a lack of concrete empirical evidence with regards to the specific language usage in this arena. The objective of this thesis has been to examine the use of standard and dialect in two parishes of the diocese of Bjørgvin in Vestland county, with Nynorsk and Bokmål as respective written standards. The issue at hand was to which extent standard and dialect are practiced as different varieties in church services, and how this is supported from a socio- and textlinguistic point of view. Further concretized, this generates the following research question: Does the use of language in liturgy and in preach vary? Is there a symbolic meaning to the word forms identified? Are there any social- or textlinguistic mechanisms that drive the linguistic choices of the priests? Do standard and dialect have distinct spheres of application in church services?

Among the ten church services of scope, application of various linguistic strategies was identified. For further examination, services were logged with regards to the use of variants from a bank of linguistic variables. In both parishes, this material was furthermore put into the context of qualitative interviews with the parish priest, cantor and congregation leader of respective churches. These interviews provide insight and reflections concerning the linguistic practice of the parishes, as well as the decisions made by individual priests. The theoretical framework applied includes sociolinguistic theories with regards to classical identity, role understanding, norms and network. Additional central aspects include the norwegian language movement and the language of the church, alongside theological approach angles.

This study shows that linguistic practice may vary greatly between various parishes and between individual priests, and that the varieties of standard and dialect are given distinct areas of use which is accompanied by an additional yield particularly upon dimensions such as proximity and distance. These findings challenge established hypothesis stating that the use of standard in church services is at progressive elimination, and provide new perspectives concerning the much-discussed standard/dialect dimension. Finally, results from this exploratory study substantiate church services as a complex linguistic arena, thus exemplifying the possibility for further investigations.